



Høgskulen
på Vestlandet



Årsrapport

2025



Kapittel 1

Styrets fråsegn

Høgskulen på Vestlandet er ein av dei største høgare utdanningsinstitusjonane i landet, med i underkant av 16 900 studentar og i overkant av 1 800 tilsette. Kvart år uteksamenerer vi om lag 3000 kandidatar som er med på å løyse viktige samfunnsoppgåver.

Vi bidreg til at kunnskap legg grunnlaget for demokrati, velferd, omstilling og berekraft, at samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse og at kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske forskjellar. Vi legg stor vekt på tett samspel med samfunns- og arbeidsliv og vil vere ein brubyggjar og føretrekt samarbeidspartnar.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Høgskulen på Vestlandet er ein attraktiv utdanningsinstitusjon med studentar frå heile landet. I 2025 hadde vi solid vekst i talet på søkjarar og høgskulen sin andel av førstevalssøkarar i Samordna opptak har aldri vore høgare. Dette er eit resultat av godt systematisk arbeid over tid. Ulike studentundersøkingar viser at studentane er meir nøgde med høgskulen og at utdanningane blir opplevd som relevante og at kandidatane også

står sterkt i arbeidsmarknaden. Høgskulen har likevel rekrutteringsutfordringar knytt til einskilde utdanningar og campus og det blir arbeid vidare med å løyse desse.

Styret ser tydelege resultat av målretta kvalitetsutvikling av forskinga på fleire ulike område. Kompetanseheving hjå tilsette, mellom anna innan ekstern finansiering og forskingsetikk, og deltaking i nasjonale evalueringar av forskingsverksemda er hovudbidrag til kvalitetsutviklinga i 2025. Styret har i 2025 vedtatt Policy for forskning for perioden 2025-2030. Den skal gje tydeleg retning og profil på forskinga vår og definere strategiske prioriteringar innan forskning og forskingsbasert innovasjon.

Det er vekst i andelen tilsette med førstestillingskompetanse, tildelingar frå EU sine rammeprogram og talet på disputasar. Dette viser at den systematiske kvalitetsutviklinga har hatt effekt. Talet på publiseringspoeng per fagleg årsverk i 2024 er 0,63. Dette er lågare enn både måлтаlet vårt for 2025 (1 poeng) og snittet i sektoren (1,16 poeng), men det er positivt at det er vekst ved to av tre fakultet. Den medvitne satsinga på forskning held fram og fleire tiltak er sett i verk for å auke publiseringsaktiviteten.

Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

Ei evaluering av Handlingsplan for berekraftig utvikling i HVL 2023 – 2026 hausten 2025 viser at arbeidet med berekraft har blitt styrka i perioden. Sjølv om vi ikkje er i rute i forhold til vårt eige mål om å redusere klimagass-utsleppa våre med 40% frå 2019 til 2027, ser vi positiv utvikling på fleire område. Ved utgangen av 2024 var reduksjonen på 17%.

Det har over fleire år vore arbeidd systematisk med å sikre ein berekraftig studieportefølje og i 2025 blei det vedteke prinsipp som vil bli nytta i den strategiske prioriteringa i dimensjoneringa. Fokuset er på samfunns- og arbeidslivets kompetansebehov, potensiale for studentrekruttering og studiepoengproduksjon i høve til finansierte studieplassar. Høgskulen har over fleire år utvikla innovasjonssatsinga og bygd kultur for innovasjon og entreprenørskap på tvers av fagmiljø, ved alle våre campus. Vi har mellom anna gode rett-leiingstenester, eit rikt arrangementsprogram knytt til studentinnovasjon, og eige program for ideutvikling. Auka bidrags- og oppdragsinntekter knytt til studentinnovasjon er med på å sikre vidare utvikling.

Høgskulen har evna til å tilpasse seg dei strammare økonomiske rammene og utfasinga av studieplassar vi fekk i samband med pandemien framover. Rekneskapsresultatet for 2025 viser at tiltaka har hatt effekt.

God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Med fem levande campus og 2090 kandidatar som fullførte bachelorgrad, 1125 som fullførte mastergrad, 30 som tok doktorgrad og eit breitt tilbod knytt til etter- og vidareutdanningar bidreg høgskulen i stor grad til sektormålet knytt til god tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet.

Vi har høge mål for eit tett og godt samarbeid med samfunns- og næringsliv ved alle våre studiestader. I mange av utdanningane våre er praksisperiodar sentralt, og det gode samarbeidet med praksisfeltet er ein viktig suksessfaktor både for høgskulen og studentane. Mange av våre studentar skriv i tillegg sine bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med samfunns- og næringsliv. Kandidatundersøkinga

2025 viser at 46 prosent av kandidatane får jobbtilbod frå ei verksemd dei har hatt praksis hos eller samarbeid med under studiet.

Om styret

Styret har hatt sju ordinære møte, og behandla 111 saker i 2025. To av møta var digitale. I tillegg har styret hatt to styreseminar og bidrege aktivt i revisjonsutvalet knytt til internrevisjonen.

Styret har arbeidd målretta med rekruttering av nye leiarar, og er særst nøgd med å ha tilsett Gunnar Yttri i sin andre periode som rektor i 2025 og tilsett to prorektorar og to dekanar i nye åremål.

Viktige prioriteringar for 2026

2026 blir eit spennande og innhaldsrikt år for Høgskulen på Vestlandet, med mange viktige saker og milepålar. Styret håpar og trur at Høgskulen på Vestlandet blir til Universitetet på Vestlandet i løpet av året og i Hauge-sund vil eit flott nybygg stå klart til studiestart.

Vi vil i 2026 vidareutvikle system, struktur og kultur for medverknad og styring. Vår eigen strategi vil bli revidert parallelt med utarbeidinga av ny utviklingsavtale og det systematiske arbeidet med studieporteføljen vil halde fram. Det vil bli gjennomført ei periodisk evaluering av studieporteføljen knytt til framtidig kompetansebehov og styret vil arbeide vidare med rekruttering og dimensjonering. I 2025 starta NOKUT periodisk tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved høgskulen, og oppfølginga av dette vil finne stad i 2026. Styret vil også fortsette det systematiske arbeidet med å forbetre kvaliteten i forskinga gjennom oppfølging av Policy for forskning.

Totalforsvarsåret 2026 aukar medvitet på usikkerheita i verda rundt oss, og arbeidet med sikkerheit og beredskap vil halde fram. Styret vil ha fokus på vår rolle i den nasjonale kunnskapsberedskapen. Utvikling av areal og infrastruktur på alle våre campus vil vere eit prioritert område, og god økonomistyring vil framleis vere i fokus.

Styret vil takke alle tilsette, studentar og samarbeidspartnarar for innsatsen og engasjementet deira gjennom året. Saman vil vi fortsetje å bygge ein sterk og berekraftig institusjon for framtida.

Dato: 4. mars 2026


Arvid Hallén, styreleiar


Wenche Kjøås


Sverre Meling
(Vara for Kristine Kopperud Timberlid)


Bjørn Håvard Bjørklund



Erik Kyrkjebø


Tom Are Trippestad


Sissel Rosland


Hege Myklebust


Solveig Råheim Grønsdal


Andrea Grutle


Sander Skogøy Håland



HVL-leiinga, frå venstre: Organisasjonsdirektør Tage Båtsvik, prorektor for nyskaping og regional utvikling Øyvind Midtbø Berge, direktør for økonomi og arealforvaltning Helge Skugstad, dekan FHS Else Cathrine Lütcherath Rustad, rektor Gunnar Yttri, dekan FTMS Jens Kristian Fosse, prorektor for utdanning Anne-Grethe Naustdal, dekan FLKI Vegard Fusche Moe og prorektor for forskning Christine Øye.

Kapittel 2

Introduksjon til verksemda og hovudtal

Tabell 1: Nøkkeltal 2025

Kjelde: DBH

Nøkkeltal 2025	
Tal årsverk	1 831
Tal registrerte studentar	16 854
Sum driftsinntekter	2 777 022 000
Tildeling frå KD	2 532 011 000

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er underlagt Kunnskapsdepartementet (KD) og er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Høgskulen blir leia av styret, og rektor er dagleg leiar for den faglege og administrative verksemda.

Rektors leiargruppe, HVL-leiinga, består av prorektor for utdanning, prorektor for forskning, prorektor for nyskaping og regional utvikling, dekanane for dei tre fakulteta, organisasjonsdirektør og direktør for økonomi og arealforvaltning. Den tidlegare prorektorrolla for regional utvikling blei noko justert frå 1.8.2025. Ny stillingstittel er prorektor for nyskaping og regional utvikling, og ansvarsområdet omhandlar og kunstig intelligens og digitalisering. Denne justeringa blir og spegla i nye prodekanrollar i fakulteta.


Høgskulen bidreg til at kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft, at samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse og at kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske forskjellar (jf. dei tre overordna måla for kunnskapssektoren, omtalt i KD sitt tildelingsbrev til høgskulen i 2025).

Høgskulen sin verksemdsstrategi gjeld for perioden 2023-2030 og utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet for perioden 2023-2026.

Utviklingsavtalen er tett integrert i strategien. Eit viktig premiss i strategien er eit samfunnsoppdrag som både er definert ut frå føremålet i UH-lova og utfordringar og mål som går fram av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, og vår eigenart. Ein sentral ambisjon i strategien er å bygge og utvikle eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil. Søknaden om å bli universitet vart sendt i 2024, og vedtak i NOKUT er venta mot slutten av 2026.

Høgskulen tilbyr utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå. Den faglege verksemda var i 2025 organisert i tre fakultet; Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) og Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS).

Høgskulen tilbyr fire eigne doktorgradsprogram; Studiar av danning og didaktiske praksisar, Data-teknologi, Helse, funksjon og deltaking og Ansvarleg innovasjon og regional utvikling. I samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge, NTNU og UiT Norges Arktiske Universitet tilbyr Høgskulen på Vestlandet i tillegg eit doktorgradsprogram i Nautiske operasjonar. Høgskulen har sidan 2023 hatt eit formelt samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge, Universitetet i Innlandet og Nord Universitet (VINST-alliansen). Det er etablert samarbeid og kontaktpunkt på fleire sentrale område. Gjennom VINST-alliansen får vi høve til å styrke merksemda på kva som trengst for å utvikle fleircampusinstitusjonane til det beste for studentar, tilsette og regionane, både når det gjeld rammevilkår for sektoren, utdanning og forskning.



Figur 1: Organisasjonskart¹. Kjelde: hvl.no.

¹Informasjonsteknologi og -tenester erstatta Organisasjonsutvikling og digitalisering frå 01.01.26 (Organisasjonsdirektør si linje).

Tabell 2: Studentar, årsverk og campus per fakultet hausten 2025 og kandidatar 2025. Kjelder: DBH og SAP

Fakultet	Studentar	Årsverk ²	Kandidatar ³	Campus
Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS)	5 533	396	1 324	Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal og Stord
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)	5 465	510	959	Bergen, Sogndal og Stord
Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS)	5 856	494	1 098	Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal og Stord

Tabell 3: Studentar og årsverk hausten 2025 og kandidatar 2025 per campus. Kjelder: DBH, SAP og FS

Campus	Studentar	Årsverk ²	Kandidatar
Bergen	11 082	1 099	2 158
Førde	721	90	213
Haugesund	1 776	169	320
Sogndal	2 330	324	462
Stord	945	149	235
Totalt	16 854	1 831	3 387

Førde

Sogndal

Bergen

Stord

Haugesund

Figur 2: Campus

²Tabellen viser årsverk knytt til formell arbeidsstad, men både vitenskaplege og administrativt tilsette jobbar heilt eller delvis på tvers av campus

³Fullført vitnemålgivande studieprogram



Kapittel 3

Årets aktiviteter og resultat

Resultatrapportering på sektormåla og verksemdstrategien

I verksemdsstrategien til HVL har vi ambisjonar og mål som er knytt til sektormåla.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Strategisk ambisjon 1:

Utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet

Mål 1: Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidens kompetansebehov

Høgskulen har eit breitt utdanningstilbod. Meir enn to tredjedelar av studentmassen er innafor helse- og sosialfag, ingeniørutdanningar og fleire lærarutdanningar, som er sentrale profesjonsutdanningar for å dekke framtidens kompetansebehov. Høgskulen har i underkant av 16 900 studenter og kandidatundersøkinga viser at to

av tre kandidatar får jobb før fullført utdanning, og innan seks månader etter fullført utdanning er 93 % i jobb. 87 % svarar at utdanninga var svært relevant eller relevant for jobben dei har i dag.

Dette viser god måloppnåing knytt til vårt eige mål om at dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidens kompetansebehov og det gir eit solid bidrag til sektormåla.

Fakulteta arbeider med å tilpasse aktivitet og satsingar til nye økonomiske rammer, samstundes som dei fem overordna prinsippa for prioritering i utviklinga av studieporteføljen i inneverande strategiperiode ligg fast. Styret får årleg saker knytt til strategisk utvikling av studieporteføljen. I 2025 har det i tillegg vore eigne saker knytt til strategisk dimensjonering av studieporteføljen. HVL arbeider kontinuerleg med å vurdere risiko og konsekvensar knytt til den samla aktiviteten og kva studietilbod som skal bli tilbydd.

Ulike tiltak blir prøvd ut både samla for heile HVL, i dei tre fakulteta og for dei einskilte utdanningane, med mål om auka relevans, kvalitet og fleksibilitet i det samla studietilbodet. Å måle effekt og resultat av kvart einskild tiltak er krevjande då ikkje alt er målbart, og ingen veit kva status hadde vore utan dei ulike tiltaka.

Høgskulen har positiv utvikling på dei fleste område, og har i 2025 både auka søkartal, kandidatproduksjon og gjennomstrøyming på normert tid både på bachelor og toårig master. Studentundersøkingar syner at studentane også er meir nøgde enn før på dei fleste indeksar. Vi ser framleis at rekrutteringsutfordringar vi har hatt over tid på enkelte studietilbod er krevjande å snu, og vil påverke kandidatproduksjonen her over tid.

Mål 2: Forskinga vår held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet

Det systematiske arbeidet for å styrkje forskingskvaliteten, sikre større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet og utvikle eit breiare omfang av tverrfagleg forskningssamarbeid held fram. Våre ambisjonar og målsettingar innan forskingsverksemda og internasjonalt kunnskapssamarbeid har i 2025 vorte tydeleggjort med styringsdokumenta Policy for forskning og Internasjonal plattform og handlingsplan for internasjonalt kunnskapssamarbeid, begge gjeldande for perioden 2025 til 2030.

Effekt av det systematiske arbeidet ser vi mellom anna ved stadig vekst i talet stillingar med første- og toppkompetanse, vekst i tildelte bidragsmidlar frå EU, auke i talet på disputasar og positiv utvikling innan forskingsbasert innovasjon. Det er særskilt to område der høgskulen treng merksemd og ytterlegare tiltak for å sikre framgang, dette er innan vitenskapleg publisering og gjennomstrøyming på ph.d.-utdanningane. Her er det sett i verk tiltak både på institusjons- og fakultetsnivå i 2025, men effekten av desse er ikkje tydeleg enno. Områda vil ha særskilt merksemd i 2026.

Høgskulen har positiv utvikling knytt til auka ekstern finansiering av forskning med høg internasjonal konkurranse og kulturbygging av forskning gjennom forskingsleiingsprogrammet. Forskinga vår bygger opp under vår profil som eit samfunns- og arbeidslivsretta universitet og forskninga vår bidreg til å forstå og løyse globale samfunnsutfordringar. Dette gjer at høgskulen er nøgd med måloppnåinga knytt til at forskninga vår held høg

internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet, sjølv om resultat på enkelte område ikkje er så gode som ønska. Dette gir også eit godt bidrag til sektormåla.

Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

Strategisk ambisjon 2: Ei sterk innovasjonskraft

Mål 3: Ansvarleg innovasjon pregar samhandlinga vår med samfunns- og arbeidslivet

Auka innovasjonskapasitet hos tilsette og studentar

HVL har over fleire år utvikla studentinnovasjonsatsinga HVL Skape. Gjennom satsinga bygger vi kultur for innovasjon og entreprenørskap på tvers av fagmiljø, ved alle våre campus. Vi har mellom anna gode rettleiingstenester, eit rikt arrangementsprogram knytt til studentinnovasjon, og eige program for ideutvikling øyremerka studentar og tilsette, med både insentivmidlar og oppfølging frå Vestlandets innovasjonsselskap (VIS) og Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon.

Nytt i 2025 er etableringa av Makerspace på Campus Bergen, som legg til rette for auka innovasjonskapasitet hos tilsette og studentar, i tillegg til at det styrkar høve for samarbeid om innovasjon med eksterne aktørar i regionen. Denne satsinga styrkar HVL sin profil som ein profesjons- og arbeidslivsretta høgare utdanningsinstitusjon, og må sjåast i samheng med TILT-samarbeidet frå 2025. Programmet TILT Student (Teaching for Inclusion and Learning with Technology) er eit resultat av eit tett samarbeid mellom HVL, Universitetet i Bergen og Norges Handelshøyskole, med Vestlandets innovasjonsselskap (VIS) som bindeledd.

Gjennom samarbeid med privat næringsliv (finansiering), andre utdanningsinstitusjonar og vårt teknologioverføringskontor VIS – Vestlandets Innovasjonsselskap, er vi no i ferd med å bygge opp ein heilskapleg innovasjonsinfrastruktur i regionen. Dette kjem studentar ved fleire utdanningsinstitusjonar til gode, og er også positivt for arbeidslivet vi utdannar til.

I TILT-samarbeidet ligg det òg utdanningskomponentar, mellom anna etablering av ein entreprenørskapskule,

ei nyvinning som bygger opp under HVL sitt ph.d.-program for ansvarleg innovasjon og regional utvikling.

I 2025 la vi grunnlaget for å sende HVL-studentar til innovasjonscamp ved CERN. I samarbeid med privat næringsliv har vi no sikra finansiering for det tverrfaglege innovasjonscamp-samarbeidet med CERN fram til og med 2028. Vi legg og inn studiepoenggivande komponentar i dette samarbeidet, og har i tida framover ytterlegare internasjonaliseringsambisjonar for samarbeid gjennom kopling mot den europeiske universitetsalliansen ARTEMIS.

Gjennom Artemis-alliansen har HVL i 2025 kartlagt inkubatorar, akseleratorar og risikoinvestorar på Vestlandet som del av eit felles økosystem for innovasjon. Desse aktørane får ei rolle i eit felles inkubasjonsprogram for studentar og forskarar som blir tilbydd første gong i 2026. Det er og sett i gang arbeid med å etablere ei plattform for innovasjonstenester.

Det vart gjennomført fleire innovasjonsarrangement i 2025. Eit døme er Fjellpitch, ein konkurranse der deltakarane får pitche sin beste gründeridé. Fjellpitch blir arrangert av Kunnskapsparken Vestland, HVL Skape og Sogn Næring som ein del av Fjellsportfestivalen i Sogndal.

Eit anna arrangement som fremmer innovasjon er Global Game Jam, ei internasjonal spelutviklingshending der den globale arrangøren kjem med eit tema i forkant av hendinga, og så er oppgåva til deltakarane å lage eit spel innanfor dette temaet i løpet av 48 timar. For andre gong var HVL vertsinstitusjon og det vart arrangert i læringslabben på campus Førde.

I 2025 har HVL styrkt innovasjonsprofilen gjennom internasjonalt samarbeid og nye kompetansetiltak, mellom anna Horisont Europa-prosjektet SENSE (2022–2025), koordinert av HVL, som utviklar eit nytt europeisk vegkart for STEAM-utdanning frå skule til arbeidsliv i samarbeid med 17 partnarar frå 14 land, og med etablering av 13 STEAM Labs i Europa. Vidare har HVL fått tilslag på to Erasmus+ lærarakademi, AI-Teach og ACT-AI Academy, som skal styrkje KI-kompetansen i lærarutdanning og skule. HVL har òg utvikla leiarprogrammet «Di reise», som samlar leiarar på tvers av sektorar og styrkjer regional utvikling.

Auke i talet på nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d.

Høgskulen har tatt opp to nærings ph.d.-kandidatar og sju offentleg sektor ph.d.-kandidatar i ph.d.-programma i perioden 2020–2024. Ein av desse disputerte i 2025. I tillegg innvilga Forskringsrådet i 2025 to søknadar om nærings ph.d. og ein søknad om offentleg-sektor ph.d. med høgskulen som gradgjevande institusjon. Det er planlagt oppstart i forskarutdanninga for desse tre i 2026. Det blir jobba for å auke talet ytterlegare då våre program er godt eigna for nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d.

Auka forskingsbasert innovasjon og samarbeid eksternt

Både privat næringsliv, offentleg sektor og utdanningsinstitusjonar på Vestlandet ser stort regionalt, nasjonalt og internasjonalt potensial i ei koordinert helseatsing i regionen. Med våre helseutdanningar, og vårt nære samarbeid med kommunar og helseføretak på Vestlandet blir HVL ein sentral aktør i ei slik satsing.

Våren 2025 gjennomførte VIS eit delegasjonsbesøk til HVL sin campus i Førde, i samarbeid med robotikkmiljøet ved HVL og tilsette frå Institutt for helse og funksjon ved HVL. Tema for arrangementet var kommersialisering av forskning og korleis VIS kan yte støtte til tilsette som har utvikla forskingsresultat med kommersielt potensial. VIS hadde eit liknande besøk ved campus Haugesund i september, der ein i tillegg til innovasjonsseminar og møte med forskarar hadde omvising på brannlabben og det maritime stimuleringsanlegget tett på campus.

HVL har eit tett samarbeid med andre aktørar som vitensenter, klynger, kommunar, inkubatorar og helseføretak. Desse samarbeida omfattar praksis, forskning, utdanning, innovasjon og konferansar innan aktuelle tema. Til dømes Innovasjons- og forskningskonferansen under Maritim Uke og Helseinnovasjonskonferansen.

Høgskulen har dei siste åra hatt fokus på å bygge opp ein tenleg organisasjon som kan sikre at ansvarleg innovasjon pregar samhandlinga vår med samfunns- og arbeidslivet. Ei rekke ulike tiltak er sett i verk, og særleg dei siste par åra ser vi ei positiv utvikling på området. Dette gjeld til dømes studentinnovasjon, tenlege samarbeid som bidreg til ein heilskapleg innovasjonsinfrastruktur i regionen og etablering av nye tilbod på området. Denne positive utviklinga på fleire område påverkar også høgskulen sitt bidrag til sektormåla.

Som omtalt i kapittel 2 er ansvaret for nyskaping frå 2025 lagt til prorektor for nyskaping og regional utvikling og spegla i aktuelle prodekanrollar i dei tre fakulteta. Dette mellom anna for å sikre auka merksemd på innovasjon og sektoren sitt såkalla tredje samfunnsoppdrag.

Mål 4: Organisasjonen vår er kjenteikna av at vi søker forbetring

Auka evne til å mobilisere kompetanse og kapasitet på tvers internt

Samfunnsutviklinga krev stadig meir samansett kompetanse for å handtere dei store oppgåvene. Vår evne til å møte dette behovet er reflektert i endringa i rolleforventningane til leiarar i HVL. Vi forventar at leiarar på alle nivå tek hovudansvar for definerte oppgåver og eit medansvar for heilskapen. Slik rolleforventning er vidareført i samband med rekruttering av leiarar også på lægre nivå. Det betyr at leiarar på alle nivå må bidra med kompetanse til oppgåver utanfor og på tvers av eige ansvarsfelt. Som døme kan vi peike på at prorektor for nyskaping og regional utvikling har overordna ansvar for nyskaping og digitalisering, men fleire medarbeidarar innan desse områda er tilsett i andre leiarlinjer. Det same gjeld prorektor for utdanning som no har overordna ansvar for etter- og vidareutdanning (EVU), samtidig som dei fleste som jobbar dedikert med EVU er tilsett i fakulteta.

Digital helse er ei viktig tverrfagleg satsing ved høgskulen som samlar kompetanse frå helse- og sosialfag, ingeniør- og datavitskap, samt økonomi og samfunnsvitskap. Arbeidet med å utvikle ny kunnskap og innovative løysingar for å styrke helsetenestene gjennom digitalisering, velferdsteknologi og e-helse, i samarbeid med eksterne aktørar, har halde fram i 2025. Eit doktorgradsprosjekt innan digital helse med dedikerte ph.d.-stipendiatar frå dei tre relevante ph.d.-områda ansvarleg innovasjon og regional utvikling, datateknologi, og helse funksjon og deltaking er etablert. Sjå omtale under utviklingsavtalen.

To andre døme på samarbeid på tvers i organisasjonen er «Matte drop-in» og Kurs i akademisk skriving på engelsk. «Matte drop in» er eit lågterskeltilbod for alle HVL-studentar på tvers av fakultet og utdanningar. Formålet med møteplassen er å hjelpe studentane med matematikken, men tiltaket har også ein sosial dimensjon. Kurs i akademisk skriving på engelsk for forskarar og ph.d.-kandidatar gir deltakarane moglegheita til å

praktisere akademisk engelsk og utvikle kompetanse i å arbeide med eigne og andre sine tekstar.

Rekruttere, behalde og utvikle relevant kompetanse

Tabell 4: Årsverk per stillingskategori 2022–2025. Kjelde: DBH.

Stillingskategori	2022	2023	2024	2025
Årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar	1 365	1 380	1 311	1 269
Årsverk i teknisk-administrative stillingar og støttestillingar	566	586	568	562
Totalt	1931	1966	1879	1831

Høgskulen har hatt ein solid nedgang i det samla talet årsverk dei siste åra. Nedgangen heng saman med strammare økonomiske rammer som følgje av utfasing av mellombelse studieplassar tildelt i revidert nasjonalbudsjett 2020 og redusert studiepoengproduksjon som følgje av rekrutteringssvikt tidlegare år. Det har vore fokus på å auke delen tilsette med første- og toppkompetanse (sjå omtale under mål 1 i utviklingsavtalen), og prosent førstekompetente av faglege årsverk eks stipendiatar har auka med 10% frå 2022 til 2025.

HVL har dei seinare åra satsa systematisk på leiarutvikling. Det er gjennomført eitt kull innan forskingsleiing, og eit nytt kull er starta. I 2025 har vi utvikla Program for utdanningsleiing, programmet blir starta våren 2026. HVL-leiinga gjennomfører i 2025 – 2026 eit leiarutviklingsprogram.

Utvikle og ta i bruk digitale løysingar på fleire tenesteområde

Utvikling av digitale tenester skjer med eit stadig større mangfald av tilnærmingar. Frå store sektorløysingar som tek i vare sentrale tryggleiks- og samordningsoppgåver, til lokale og sjølvutvikla applikasjonar i delar av ei avdeling. Til det første høyrer Identitets- og tilgangsstyring (IAM) som handlar om å gi og avslutte tilgang til IT-system, tenester og ressursar for studentar og tilsette. Analyseplattforma skal sikre betre avgjerdsinformasjon ved å kombinere data frå personalsystem, økonomisystem, Nasjonalt vitenarkiv og Felles studentsystem. Til det andre høyrer forenkla brukargrensesnitt mot store system som økonomisystem eller arkiv, samt

utvikling av tenester som nyttar kunstig intelligens i dialogsystem mot studentar og tilsette. Det er gjort eit omfattande arbeid med å etablere rammer for utvikling og bruk av KI – eit arbeid som må styrkast framover.



Overgang til Nasjonalt vitenarkiv - Høgskulen på Vestlandet

Det kontinuerlege forbetningsarbeidet som kjenne-teiknar høgskulen skjer både som følgje av eksterne krav og interne initiativ. Ei rekke tiltak er sett i verk og har hatt god effekt både med omsyn til kompetanseheving og digitalisering. Dette gjer at høgskulen vurderer at måloppnåinga er bra, men med stadige endringar i samfunnet rundt oss, er dette eit arbeid som må halde fram med full styrke også i åra framover. Dette både for å nå eigne mål og på den måten bidra til sektormåla.

God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Strategisk ambisjon 3: Ein ambisiøs samfunnsaktør

Mål 5: Vi er eit samskapande universitet med levande campusar som tek eitydeleg regional rolle

Studentar og tilsette er den viktigaste føresetnaden for levande campus. I alle regionane har høgskulen eit omfattande samarbeid med ulike aktørar, og det faglege samarbeidet i dei ulike regionane er særskild viktig for campusutviklinga.

Samarbeidet med Sogneregionen har ført til oppstart av bachelor i barnehagelærarutdanning i Sogndal etter eit år med null-opptak. Utdanninga er organisert med ein undervisningsfri dag i veka, der kommunane garanterer betalt jobb for studentane.

I tillegg gjennomfører Høgskulen på Vestlandet årleg hundretals arrangement for både internasjonale og nasjonale eksterne gjester, tilsette og studentar. Desse arrangementa bidreg til levande og aktive campusar, og mange av dei skjer i tett samarbeid med ulike regionale aktørar.

Ocean Young i regi av HVL, og i samarbeid med næringsklynga GCE Ocean Technology og Universitetet i Bergen, kan tene som eit døme. Her samlast 400 studentar frå fleire utdanningsinstitusjonar i møte med marint- og maritimt arbeidsliv. Gjennom arrangementet får arbeidslivet synleggjort sitt virke og karrieremoglegheiter for studentane. Prisar for studentoppgåver, finansiert av næringslivet, vert delt ut, og vi legg opp til gode minglearenaer kor studentar og arbeidsliv møtast. Arbeidslivet prioriterer denne arenaen (bedriftsdeltaking så langt kapasiteten rekk), og dei rapporterer Ocean Young som ein viktig arena for å knytte til seg kompetansen verksemda og næringane treng.

Eit liknande, men noko breiare døme, er EXPO. I midten av juni stiller avgangsstudentane ved FTMS ut sine bacheloroppgåver under arrangementet EXPO. Dette er eit ope arrangement for offentlegheita og går føre seg på campus Bergen, Haugesund og i Førde. Både skular og næringsliv blir invitert. I år var dette arrangementet ein del av feiringa av 150 års jubileet for ingeniørutdanninga i Bergen. I Førde vart EXPO ein integrert del av Elevate i 2025. Elevate er ein karrierefestival for næringslivet i Sunnfjord.

HVL gjennomfører vertskommunemøter kvart år i fire av dei fem kommunane der HVL har campus. Dette for å ivareta vår regionale utviklingsrolle og vidareutvikle studiestadane. I tillegg til representantar frå kommunane og høgskulen er studentsamskipnaden, Studenttinget og studentcampusrådet representert. Målet med desse møta er å styrkje og gjere studiestadane meir attraktive for både noverande og framtidige studentar, i tillegg til å fungere som ein samhandlingsarena for saker av felles interesse. Ein viktig effekt av slike arenaer er at kommunane får høve til å gje tilbakemelding på kompetansebehova i eigen region, noko som er viktig for arbeidet med å utvikle både den fleksible og den ordinære studieporteføljen.

Høgskulen sitt omfattande samarbeid med ulike aktørar i regionen tilseier at måloppnåinga knytt til å vere eit samskapande universitet med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle er god. Med i underkant av

16 900 studentar og i overkant av 1 800 tilsette som representerer solide utdannings-, forskings- og fagmiljø, bidreg høgskulen i stor grad til eige mål og sektormåla.

Mål 6: Mål: Vi deler kunnskap og deltek aktivt i samfunnsdebatten

Tilsette deltek i dei viktigaste debattane som går i offentlegheita knytt til vårt oppdrag og profil

HVL har eit sterkt fagmiljø av tilsette og studentar som bidreg aktivt i samfunnsdebatten og i formidling av forskning. Vi arbeider mykje med å få fram forskinga og forskarane gjennom ulike kanalar og bidra kjem gjennom Forskning.no, Store norske leksikon, Viten-TV, redaksjonelle medium, faste spalter, kronikkar og lesarinnlegg, og gjennom arrangement der HVL er arrangør eller fagleg bidragsytar. Tilsette ved HVL deltek òg årleg under Arendalsuka, med både eigne arrangement og samarbeid med andre aktørar i academia og samfunns- liv. Slik synleggjer høgskulen forskingsaktivitet, profesjonsretta kunnskap og samfunnsbidrag på nasjonale arenaer. HVL-leiinga har delteke aktivt i den nasjonale debatten knytt til sektoren, som systemmeldinga, karakterkrav ved opptak og statsbudsjettet.

Høgskulen legg til rette for at tilsette skal ha gode rammer for å delta i det offentlege ordskiftet. Dette er ein viktig del av samfunnsoppdraget og bidreg til at forskingsbasert kunnskap blir tilgjengeleg for samfunnet. Vi held eigne kurs for vitenskapleg tilsette og stipendiatar knytt til formidling i ulike kanalar. I 2025 heldt vi ti slike kurs.

Forskning knytt til store samfunnsaktuelle tema har kome på dagsorden både lokalt og nasjonalt. I 2025 har vi særleg lagt vekt på ny kunnskap innan helse, omsorg og regional utvikling. Vi ønsker å vise at forskning har innverknad på og blir tatt i bruk i samfunns- og arbeidslivet.

HVL Innsikt er ei ny satsing på populærvitenskapleg formidling av HVL si forskning som starta opp i 2025. Målet er å synleggjere og spreie resultat frå forskning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid ved HVL og bidra med forskingsbasert kunnskap i det offentlege ordskiftet.

Mange tilsette bidreg aktivt og dei mest profilerte forskarane i 2025 har ekspertise knytt til USA, nasjonal beredskap og problemstillingar knytt til einsemd.

Aktuelle saker utover forskingsformidling har mellom anna vore knytt til verdiskaping og omstilling på Vestlandet, satsing på forskingsbaserte profesjonsutdanningar, betra vilkår for desentralisert forskning og utdanning og fleircampusinstitusjonar.

Tilsette og studentar viser høgt forskningsetisk medvit og vitenskapleg integritet

Høgskulen har over fleire år jobba systematisk med forskningsetikk blant tilsette og studentar, med fokus på systematisk opplæring og styrking av strukturar og støttefunksjonar. Ei rekke kurs er gjennomført både i høve forskningsetikk, personvern og datahåndtering. Sjø ytterlegare omtale under mål 1 i utviklingsavtalen.

Auka aktivitet for å fremje norsk som fullverdig vitenskapleg språk.

Gjennom mange år har norsk fagspråk tapt terreng for engelsk i forskning og høgare utdanning, og presset er størst mot nynorsk. Utfordringane er møtt med ein tydelegare og meir aktiv statleg politikk. Høgskulen reviderte sine språkpolitiske retningslinjer hausten 2025. Til grunn for revisjonsarbeidet ligg målsetjinga om å styrke norsk som eit fullverdig vitenskapleg språk og arbeide for ein god balanse mellom norsk og engelsk, både i utdanning, forskning og formidling.

Fleire av høgskulen sine forskarar er sentrale i arbeidet ved det nyetablerte Fagspråksenteret – senter for norsk fagspråk der Universitetet i Bergen er vertskap. Fagspråksenteret skal fremje samarbeid mellom ulike forskingsmiljø knytt til norsk språk, både med omsyn til geografi, sektorar og forskingsfelt. Gjennom institusjonelt samarbeid skal senteret samordne ein nasjonal innsats for norsk fagspråk.

Systematisk formidling av kunnskap frå våre fagområde og aktiv deltaking i samfunnsdebatten knytt til ulike problemstillingar gir bra måloppnåing og eit godt bidrag til sektormåla.

Høgskulen deler kvart år ut ein språkpris for å stimulere og gi anerkjenning til fagmiljø eller enkeltpersonar som har gjort ein systematisk innsats for å arbeide med formidling og norsk fagspråk. Prisvinnar i 2025, høgskulelektor Hannah Belsvik Hansen, har med sin solide fagkunnskap og ei inspirerende evne, bidratt til å styrke og utvikle kvaliteten i barnehagelærarutdanninga. Ho har særleg kompetanse på lek og læring, begynnaropplæring og språk, med nynorsk i sentrum. Studentar og



Årets vinnar av Språkprisen, Hannah Belsvik Hansen.

Resultatrapportering på utviklingsavtalen

Samla sett er HVL si måloppnåing på utviklingsavtalen solid i perioden, sjølv om det er identifisert fleire område som krev ytterlegare forbetring og oppfølging. Forskingskvalitet, utdanningsrelevans og regional rolle er alle område der vi har gjort tydelege framsteg, men vi må ta tak i utfordringane som er beskrive på ein systematisk måte for å sikre at vi fortsett å møte behova i samfunnet og arbeidslivet. Gjennom framleis målretta innsats og kontinuerleg evaluering, har vi tru på at vi vil styrke vår posisjon som ein leiande utdannings- og forskingsinstitusjon i åra framover.

Avtaleperioden for gjeldande utviklingsavtale er frå 2023 og ut 2026, men ofte er data frå 2022 teke med i rapporteringa av resultat. Årsaka er at vi arbeidde med å utforme måla og styringsparameterane i 2022, og data frå det året var eit viktig kunnskapsgrunnlag for arbeidet og også utgangspunktet for seinare vurderingar av utvikling.

Mål 1: – Forskinga ved HVL held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet

Høgskulen har i avtaleperioden arbeidd målretta for å sikre at forskninga ved HVL held høg internasjonal kvalitet og at den er med på å forme samfunns- og arbeidslivet. Positiv utvikling på styringsparameterane gjer at høgskulen vurderer måloppnåinga til å vere god i avtaleperioden, men med klåre utfordringar som krev tett oppfølging i komande år, t.d. gjennomstrøyming i ph.d.-programma, kvantitet og kvalitet på vitenskapleg publisering og vidareutvikling av kulturbygging for forskning i organisasjonen.

Auka kvalitet i forskninga

Samla sett er det positiv utvikling på denne styringsparameteren i perioden. Ei rekke tiltak er sett i verk. Positiv utvikling både med omsyn til andel tilsette med første- og toppkompetanse av faglege årsverk eks stipendiatar og talet på disputasar, samt jamn tilstrøyming av ph.d.-kandidatar viser at desse har hatt effekt. Talet på publiseringspoeng per fagleg årsverk er for lågt samla sett, men det er positivt at to av fakulteta har hatt vekst i perioden. Det er framleis for få ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år, så her er det sett i verk ytterlegare tiltak.

Høgskulen har arbeidd målretta med kvalitetsutvikling av forskninga på ei rekkje ulike område som i sum bidreg til å bygge forskingskultur og sikre at forskingsverksemda held høg internasjonal kvalitet. Utvikling av styringsdokument med tydelege strategiske målsetjingar, kompetanseheving hjå tilsette mellom anna innan ekstern finansiering og forskningsetikk og deltaking i nasjonale evalueringar av forskingsverksemda er hovudbidrag til kvalitetsutviklinga i 2025.

HVL har målsetning om å auke deltakinga i EU sitt forsking- og innovasjonsprogram, Horisont Europa, og har arbeidd målretta med dette i perioden 2022–2025. Eit viktig ledd i arbeidet er kompetanseheving hjå tilsette. Det er utarbeidd kurs for tilsette som vurderer å søke midlar frå Horisont Europa, og deira leiarar. Oppstarten på kursa var våren 2025. Nye kurs vert tilbydd i 2026. Effekten av kurset er allereie tydeleg, då 22 av deltakarane har vore involvert i søknadar til Horisont Europa i løpet av 2025 og bidrog såleis til rekordhøgt tal på innsendte søknadar til programmet (sjå avsnitt om ekstern finansiering).


Arbeidet med forskningsetikk og personvern i perioden 2023–2025 har vore følgt opp gjennom systematisk opplæring og styrking av struktur og støttefunksjonar. I 2023 vart det rapportert om opplæring i forskningsetikk, personvern og datahandtering (inkludert digital opplæring via Sikresiden.no). Forskningsetiske komitéar vart etablert ved alle fakultet i 2024. Det vart også etablert eit nettverk av faste kontaktar for personvern og informasjonssikkerheit ved alle fakultet, med mål om operativ oppfølging. I 2025 har kontaktpersonnettverket hatt regelmessige møte, og det er varsla ytterlegare opplæring i system for registrering av behandlingar av personopplysningar. Samstundes peikar HK-dir. på behov for å ferdigstille protokoll for behandlingar og å styrke oversikt og samordning. Det blir framleis avdekt

avvik i forskings- og studentprosjekt, noko som understrekar behov for førebyggjande tiltak og meir synleg avvikshandtering. Fakulteta har iverksett ulike tiltak ut frå behov.

Policy for forskning for perioden 2025-2030 blei utvikla og vedtatt i 2025. Målsettinga med policyen er å gje tydeleg retning og profil på forskinga vår mot Universitetet på Vestlandet og definere strategiske prioriteringar innan forskning og forskingsbasert innovasjon for å nå måla i verksemdstrategien. Policyen vil danne grunnlaget for forskingsprioriteringane i åra som kjem. I samband med oppfølginga av policyen vart det i desember lyst ut interne midlar til to prioriterte satsingar; utvikling av eit framifrå forskingsmiljø og oppretting av eit radikalt tverrfagleg forskingssamarbeid.

HVL har etablert kompetanseutvikling i forskingsleiing. Første kull avslutta våren 25. Andre kull starta opp hausten 25 og avsluttar våren 26. Programmet legg til rette for trygge og gode rammer for læring og utvikling i rolla som forskingsleiar og i forskingskulturen på tvers av fakultet og campus. Å styrke forskingsleiinga ved HVL vil vonleg gje eit kollektivt løft for forskingsverksemda. Kompetanseutvikling gir positive resultat i organisasjonen, mellom anna ser vi samanheng mellom høg deltaking i workshopar for forskarar i tidleg karriere og opprykk til professor, ved at ein har registrert fleire aktive kompetanseløp og ein auke i søknadar om ekstern finansiering.

Annakvart år vert Forskings- og utviklingsprisen (FoU-prisen) utdelt til ei forskargruppe ved HVL. FoU-prisen skal stimulere til å vidareutvikle kvaliteten på forskinga, auke ekstern finansiering og internasjonal anerkjenning. I 2025 gjekk prisen til forskargruppa «HVL Robotics – research and innovation in robotics». HVL Robotics utfører samfunnsnyttig forskning av høg kvalitet der dei fokuserer på samspel mellom robotar og menneske i industriproduksjon, utvikling av robotiserte løysingar for landbruk, samt teknologi for helse og rehabilitering. Gruppa har også bygd opp ein avansert forskingslab for robotikk ved Campus Førde. Forskargruppa si rolle som miljøbyggerar både ved HVL og i regionen og engasjement for studentinvolvering i forskning er tett kopla til HVL sine strategiske mål om å forske saman med arbeidslivet, at studantar får ta del i forskning og at dyktige forskingsleiarar og forskartalent får utvikle seg og drive forskingsfeltet framover.



Forskings- og utviklingsprisen 2025 gjekk til forskargruppa «HVL Robotics – research and innovation in robotics». Student Jo Martin Slåtten og førsteamanuensis Gizem Ates Venås i HVL sin Robotics forskingslab ved Campus Førde.

Eit viktig ledd i kvalitetsutviklinga av forskinga vår er deltaking i den nasjonale evalueringsordninga til Forskingsrådet. Forskingsrådet si nasjonale evaluering av medisin og helsefag (EVALMEDHELSE) peikar på fleire positive utviklingstrekk innanfor høgskulen sin forskingsaktivitet på dette feltet, mellom anna kopling mellom utdanning og forskning og positiv utvikling i publiseringsaktivitet. Rapporten peiker òg på fleire utfordringar, særskilt knytt til låg ekstern forskingsfinansiering, behov for å styrke internasjonaliseringa av forskning, manglande ph.d.-kompetanse og mange erfarne forskarar som nærmar seg pensjonsalder. Høgskulen har også vore med i dei nasjonale evalueringane av naturvitskap (EVALNAT), matematikk, IKT og teknologi (EVALMIT). Resultat frå EVALMIT syner at forskinga held eit godt nivå, og viktige tiltak har vore mellom anna utviklinga av ph.d.-program, tilsettingar i førstestilling/toppstilling, rekruttering av forskarar som hevdar seg internasjonalt og at ein er gode på internasjonal sampublisering. Fakulteta er nøgde med evalueringane og at dei støttar opp om arbeidet som er gjort i vurderingane både av fakultet og forskargrupper. Tilrådingane frå evalueringane er nyttige for utviklinga av forskingsverksemda ved HVL og har vorte tatt omsyn til i utforminga av Policy for forskning.

Første- og toppkompetanse

Tabell 5: Årsverk første- og toppstillingar 2022-2025. Kjelde: DBH.

Stillingstittel	2022	2023	2024	2025
Professor	149	163	161	170
Dosent	17	18	20	24
Førsteamanuensis	345	364	356	349
Førstelektor	109	119	112	119
Postdoktor	31	30	24	27
Forskar	3	5	4	9
Totalt	654	699	677	698
% første-kompetanse av faglege årsverk eks stipendiatar	59%	63%	65%	69%

Høgskulen har, som tidlegare år, hatt merksemd på å auke talet tilsette med første- og toppkompetanse. Ved rekruttering har hovudregelen vore at faste stillingar skal ha førstestillingsnivå eller høgare. Det har blitt gjennomført interne kompetansehevande tiltak som karriereseminar og ulike kompetansehevingsstipend. Tiltaka har hatt effekt. Positiv utvikling i andel vitenskapleg tilsette med første- og toppkompetanse held fram og vi ligg no over måлтаlet vi sette for 2025 i gevinstrealiseringsplanen for struktureforma. Talet på tilsette med toppkompetanse har auka i avtaleperioden.

Tabell 6: Opprykk 2022-2025. Kjelde: HVL, tilsetjingsutval.

Opprykk til:	2022	2023	2024	2025
Professor	11	12	16	16*
Dosent	2		14	9
Førsteamanuensis	14	7	9	12
Førstelektor	19	12	10	23
Totalt	46	31	39	60

*inkludert 3 som har fått overgang frå dosent til professor

I avtaleperioden har det også vore ei auke i talet på tilsette som har fått opprykk. I 2025 var det særskilt mange som fekk opprykk til førstelektor. Auken heng mellom anna saman med den nye UH-lova og tilhøyrande forskrift. Mange tilsette har valt å nytte seg av overgangsregelen som gjorde det mogleg å søke om opprykk etter tidlegare forskrift (jf. forskrifta § 13-2).

Doktorgradsutdanning

Høgskulen har i alt fem doktorgradsprogram, av desse er fire eigne ph.d.-program og eitt program er ei fellesgrad i samarbeid med tre andre UH-institusjonar. Det er jamn tilstrøyming av ph.d.-kandidatar på programma, og ved utgangen av 2025 var det registrert 224 kandidatar i høgskulen sine ph.d.-program.

Tabell 7: Ph.d.-kandidatar registrert som aktive i ph.d. programma pr 31.12. i aktuelt år. Kjelde: HVL, interne administrative data.

Ph.d.-program	2022	2023	2024	2025*
Studiar av danning og didaktiske praksisar	74	80	88	87
Datateknologi	41	50	46	40
Nautiske operasjonar (fellesgrad)**	7	7	4	6
Helse, funksjon og deltaking	47	52	63	55
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling	35	38	35	36
Til saman	204	227	236	224

*Fleire stipendiatar tilsett i 2025 har søkt/skal søkje opptak til ph.d.-studia. Desse vil ha ein reell oppstart av ph.d.-perioden sin i 2025, og opptak vil bli etter-registrert, difor kan talet på kandidatar bli høgare. Tilsvarande er tala for 2024 oppdatert.

**Tabellen viser til ph.d.-kandidatar som har HVL som «vertsinstitusjon».

Om lag 65 % av kandidatane er finansiert av høgskulen, 20 % av Forskingsrådet og 15 % av andre finansieringskjelder. I perioden 2020-2024 har høgskulen tatt opp to nærings ph.d.-kandidatar og sju offentleg sektor ph.d.-kandidatar i ph.d.-programma. Ein av desse disputerte i 2025. Forskingsrådet innvilga i 2025 to søknadar om nærings ph.d. og ein søknad om offentleg-sektor ph.d. med høgskulen som gradgjevande institusjon. Desse kandidatane vil ta til i forskarutdanninga i 2026.



23 doktorar blei feira under årets doktorpromosjon. På bildet har dei selskap av HVL-leiinga (i kapper), hovudtalar Camilla Stoltenberg og Bergen-ordførar Marit Warncke.

I 2025 var det 30 disputasar ved høgskulen. Samanlikna med 12 disputasar i 2023, viser Høgskulen ei positiv utvikling i avlagte doktorgrader i perioden frå 2023-2025.

Tabell 8: Avlagte doktorgrader ved HVL i perioden 2022-2025.
Kjelde: DBH.

Ph.d.-program	2022	2023	2024	2025
Studiar av danning og didaktiske praksisar	7	3	5	8
Datateknologi	4	5	8	10
Nautiske operasjonar	1	1	1	-
Helse, funksjon og deltaking	1	2	7	9
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling	2	1	5	3
Til saman	15	12	26	30

Sjølv om høgskulen har hatt ei positiv utvikling i talet på avlagte doktorgrader, har det vore ein nedgang i gjennomføring på ph.d.-nivå i avtaleperioden.

Tabell 9: Andel ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år. Kjelde: DBH.

	2022	2023	2024	2025	Gj. snitt statlege institusjonar 2025
Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år	69 %	54 %	32 %	46 %	65 %

Det er ikkje gjort analysar som peikar på enkeltårsaker til dette, og det er mest truleg samansette årsaker til at gjennomføringa er lågare enn gjennomsnittet for sektoren. Svingingane vi ser i gjennomføring representerer små tal og det er vanskeleg å identifisere generelle trekk. Høgskulen har ei positiv utvikling i gjennomføring på ph.d.-nivå i 2025 samanlikna med 2024.

Høgskulen har i 2025 hatt ekstra merksemd på gjennomstrøyming i ph.d.-programma generelt og særskilt for programmet Studiar av danning og didaktiske praksisar. Det har blitt arbeidd aktivt med ein tiltaksplan for å stimulere til auka gjennomstrøyming i ph.d.-utdanninga. Tiltaksplanen omfattar mellom anna å styrke mottak og oppstartsprosessen. Det vert vidare lagt vekt på å utvikle god rettleiingskultur og å knyte rettleiarane nærare opp til programmet. Det er igangsett eit evalueringsarbeid som ser på komitéinnstillingar for å undersøke om det er fellestrekk i høve til avhandlingar som er underkjennde eller som må gjennom ei «mindre omarbeiding» før

endeleg innstilling ligg føre. Resultata frå desse analysane vil bli brukt for å optimalisere opplæringsdelen i programmet. Ein har også innført ei ordning der forskingsmiljøa sjølve kan arrangere «sluttseminar» for ph.d.-kandidatane. Effekten av tiltaka vil bli følgd opp gjennom utvikling i gjennomføring og talet på avlagde doktorgrader i 2025 og 2026. Knytt til ph.d.-programmet Helse, funksjon og deltaking har ordninga med månadlege rettleiarforum fått gode tilbakemeldingar og blir opplevd som ein viktig arena for erfaringsdeling, kompetanseutvikling og betre informasjonsflyt mellom rettleiarar, fakultetet og ph.d.-utval.

På institusjonsnivå er det i 2025 arbeidd med å følgje opp prosjektet frå 2024 om styrking av stipendiatane sine lærings- og arbeidsvilkår. I første omgang vert dette følgd opp med tiltak knytt til betre system for oppfølging av psykososiale utfordringar, meir personleg oppfølging ved mottak av internasjonale stipendiatar og betre ordningar for støtte til karriereplanlegging.

Vitskapleg publisering

Tala for 2025 er ikkje klare før i april.

Tabell 10: Publisering 2021-2024.
Kjelder: Cristin og DBH.

	2021	2022	2023	2024
Publiseringspoeng per faglege årsverk.	0,73	0,74	0,63	0,63
Forfattardelar på nivå 2.	14,2 %	16,9 %	13,5 %	12,2 %
Publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap.	52 %	51 %	49 %	46 %
Publikasjonar med open tilgang.	60 %	62 %	69 %	63 %

Sjølv om det er nedgang i publiseringspoeng totalt og talet på publiseringspoeng per faglege årsverk ligg stabilt på 0,63 poeng som i 2023, er HVL eit stykke unna målet om 1 poeng per faglege årsverk. Men tala syner at det er variasjonar mellom fakulteta. Både Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett og Fakultet for helse- og sosialvitskap har ein auke i poeng frå 2023 til 2024, på høvesvis 8% og 7%, medan Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap har ein nedgang på 29%.⁴

Det er fleire forklaringar på nedgangen hjå Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap. Noko er knytt

⁴Fleire tal og analyser ligg her: [Publiseringsstatistikk fra HVL - Høgskulen på Vestlandet](#)

til at enkeltforskarar med svært høge publiseringstal ikkje lenger er tilsett ved fakultetet. Ved fakultetet har ein også ynskt å flytte fokuset frå kvantitet til kvalitet i publiseringsarbeidet. Fakultetet har dessutan vore igjenom ein fusjonsprosess og ei omorganisering som har vore krevjande, og det saman med ein pressa økonomi der stillingar ikkje vert erstatta kan ha bidratt til at publiseringsaktivitet har blitt nedprioritert.

Sjølv om ein ser variasjonar mellom fakultet og fagmiljø, er den noverande publiseringsaktiviteten lågare enn ønska. Publiseringstala for 2024 har vore drøfta og det er gjort analysar av publiseringane for å sjå kor det kan vere mogleg å setje inn tiltak. I heile organisasjonen har det vore fokus på korleis ein kan bygge forskingskultur og korleis ein kan få fleire til å publisere på nivå 2. Det er gjennomført ei rekkje kurs i forskningsetikk og ulike tema knytt til publisering.

Ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap har fakultetet i kommunikasjon med dei tilsette vektlagt viktigheita av at alle fagtilsette med tildelt FoU-tid er publiseringsaktive, og at kvalitet blir sett framfor kvantitet i publiseringsarbeidet. Det å legge til rette for auka publisering blant fagtilsette som tidlegare i liten grad har vore publiseringsaktive, samt å vektlegge at ein større andel av publiseringa skjer i høgt rangerte tidskrift, er tidkrevjande endringsprosessar, som nok har bidrege til ein mellombels nedgang i publiseringa. Nyleg har fakultetet òg sett i gang ein brei prosess blant dei tilsette, for å få innspel til korleis vilkåra for forskning og publisering ved fakultetet kan styrkjast.

Ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har ein lagt opp til forankring i arbeidsplanar og medarbeidar-samtalar, med krav om individuelle FoU-planar, prioritering av samanhengande FoU-periodar og systematisk leiaroppfølging. Fagmiljøa knytast tettare til forskingsgrupper for å støtte skriveprosessar og samforfattarskap. Det er også lagt opp til justering av forskargruppe- og forskingsprogramstrukturen, tydelegare rolle- og ansvarsdeling samt meir målretta bruk av leiarårsverk for å gi betre koordinering av forskingsarbeidet og meir robuste fagmiljø.

Fakultet for helse- og sosialvitskap ser framleis etterverknader av pandemien, mellom anna knytt til omlegging av undervisning og praksisoppfølging, samt noko reduksjon i årsverk i førstestillingar som følge av aldersavgang. Trass i dette viser interne tal at publiseringsaktiviteten no er på veg opp att. Fakultetet arbeider

systematisk gjennom forskargrupper og ph.d.-løp for å styrkje publisering og forskingskvalitet. Det er innført differensiert FoU-tid basert på dokumenterte forskingsresultat, samt fleire insentivordningar (fullføringsstipend, publiseringsstipend og forskingsintensiveringsstipend) for å stimulere til auka publisering. Effekten av desse tiltaka er venta å bli tydelegare dei neste åra. Fakultet for helse- og sosialvitskap legg vekt på forskingskvalitet, open vitskap og relevans, samstundes som nasjonale publiseringsnivå inngår i strategiske prioriteringar. Arbeidet med å styrkje internasjonalt samarbeid og medforfattarskap, særleg gjennom ph.d.-prosjekt og eksterne søknadar, er ein sentral del av den langsiktige satsinga på forskingskapasitet og publisering.

Større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet

Utviklinga på denne styringsparameteren er positiv i avtaleperioden. Auka aktivitet knytt til innovasjon, kommersialisering og eksternfinansiert aktivitet, både i form av auka tal søknadar og tildeling frå EUs rammeprogram, viser at iverksette tiltak har hatt effekt. Særleg gledeleg er veksten i tildelingar frå EUs rammeprogram. Samla sett bidreg denne utviklinga til større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet.

Ekstern finansiering, søknadar og prosjekt

Eksternfinansierte forskingsprosjekt speglar kvalitet i forskinga og høgskulen sin evne til gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet. I 2025 var bidragsinntektene 24,5 mill. kr. frå EU sitt rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa, og 74,5 mill. kr frå Forskringsrådet (tabell 11 og 13). Dette gir inntekststal på 21 140 kr per faglege årsverk for Horisont Europa og 64 350 kr for Forskringsrådet (tabell 11 og 13).

Tabell 11: Tildeling frå Forskringsrådet og Regionale forskingsfond (alle tal i tusen kr). Kjelder: Årsrekneskap HVL og DBH. *RFF ikkje medrekna.

	2022	2023	2024	2025
Tildeling frå Forskringsrådet og RFF	76 940	87 554	90 915	74 508*
Tildeling frå Forskringsrådet og RFF per faglege årsverk	61,08	68,85	75,98	64,35*

Løyvingane frå Forskringsrådet auka i perioden 2022-2024, men har ein markant nedgang i 2025. Fleire prosjekt finansiert av Forskringsrådet er avslutta i 2025 og kan dels forklare nedgangen (tabell 12). I perioden

2023-2025 har høgskulen samla sett hatt noko auke i talet på innsendte søknadar og tildelte prosjekt frå Forskingsrådet (tabell 12). Rett nok var det nedgang i talet innsendte prosjekt i 2024, men utteljinga i form av tildelte prosjekt var likevel positiv samanlikna med 2023. Tala for 2025 syner ei positiv utvikling i omfang av innsendte søknadar (tabell 12) og høgskulen ventar enno svar på åtte søknadar som vart sendt til NFR i 2025.

Tabell 12: Innsendte søknadar og tildelte prosjekt frå Forskingsrådet, inkludert verdien på tildelte prosjekt, tal aktive prosjekt og samla verdi på desse.

Kjelde: Forskingsrådet

	2023	2024	2025
Tal innsendte søknadar	45	37	54
Tal tildelte prosjekt i rapporteringsåret	9	13	12*
Verdi på tildelte prosjekt (mill. kr)	Ca. 32	Ca. 56	Ca. 43
Tal aktive prosjekt (der HVL er prosjekteigar)	36	50	41
Total verdi aktive prosjekt (der HVL er prosjekteigar) (mill. kr)	Ca. 412	Ca. 500	Ca. 473

*Ventar på svar om tildeling på åtte søknadar.

I 2025 sendte HVL totalt 54 søknadar til Forskingsrådet, dette er ein auke på 17 søknadar frå 2024. Av søknadane var tre kompetanse- og samarbeidsprosjekt og 20 forskarprosjekt. I 2025 var det 41 aktive prosjekt finansiert av Forskingsrådet der høgskulen er prosjekteigar med ein samla verdi på ca. 473 mill. kr. Høgskulen har hittil fått innvilga 12 prosjekt i 2025 med ein samla verdi på 43 mill. kr.

Høgskulen har målsetjing om å bli vertskap for eit nasjonalt leiande senter. I november 2025 sendte HVL to koordinatorsøknadar til Senter for framifrå forskning – SFF VI – Trinn 1 utlysinga hjå Forskingsrådet. HVL er også partner i to søknadar koordinert av Universitetet i Bergen og Universitetet i Oslo.

HVL har hatt ei positiv utvikling dei siste fire åra når det gjeld innhenting av midlar frå EU (tabell 13 og 14). Tildelingar frå EU per faglege årsverk har auka monaleg.

Tabell 13: Bidragsmidlar frå EU. Kjelder DBH og Årsrekneskap HVL

	2022	2023	2024	2025
Tildeling frå EUs rammeprogram (i 1000 kr)	0	11 146	16 053	24 474
Midlar frå EU (totalt) per faglege årsverk (i 1000 kr)	11,16	14,94	19,87	28,23
Midlar frå Horisont Europa per faglege årsverk (i 1000 kr)	7,12	8,77	13,42	21,14
Midlar frå ERASMUS+ per faglege årsverk (i 1000 kr)	4,04	6,18	6,44	7,09

Høgskulen er nøgd med suksessraten for innsendte søknadar, i 2024 var den 25%. Suksessraten stadfestar at det er høg kvalitet på søknadane. HVL har i perioden 2023-2025 gjort fleire grep som har bidrege til den positive utviklinga, mellom anna arbeid med kompetanseheving både hjå forskarar og forskingsrådgjevarar, auka merksemd på søknadsmoglegheiter i EU-programma, og rekruttert forskarar og rådgjevarar med relevant erfaring og kompetanse. Dette arbeidet har gjeve effekt i form av positiv vekst i perioden (tabell 13 og 14).

Tabell 14: Oversikt over søknadar og tildelte prosjekt (i parentes) frå Horisont Europa 2022-2025 fordelt etter søknadstypar.

Kjelde: HVL, interne administrative data.

Pilarar	2022	2023	2024	2025
Pilar 1 Framifrå forskning inkl. MSCA	10 (1)	9 (1)	110 (2)	20*
Pilar 2 Globale utfordringar og konkurransedyktig næringsliv	8 (2)	5 (0)	8 (2)	13* (3)
Pilar 3 Innovativt Europa	1 (1)	2 (1)	1(0)	1*
WIDERA og andre	6 (2)	5 (1)	5 (2)	6* (2)
Totalt	25 (6)	21 (3)	24 (6)	40 (5)**
Suksessrate	24%	14.3%	25%	-

*Ventar på svar om tildeling **Førebels

I 2025 fortsette den positive trenden då HVL deltok i 40 søknadar til Horisont Europa, dette er ein auke på 16 søknadar samanlikna med 2024. Av dei innsendte søknadane er 17 som koordinator. Så langt har HVL fått tilslag på to koordinatorprosjekt, eitt partnerprosjekt innan pilar to og eitt innan WIDERA og andre (informasjon om desse kan ikkje delast enno) og ein partnersøknad (ReableDem-IP) frå JPND (program for nevrodegenerative sjukdomar) (tabell 14).

ReableDem-IP er eit EU-fellesprosjekt der konsortiet består av partnarar frå seks land og har som målsetjing å forbetre demensomsorga i Europa. HVL ventar framleis svar på 16 av dei innsendte søknadane i 2025.

Av søknadar til Horisont Europa sendt i 2024 har HVL fått tilslag på fire av desse i 2025. To prosjekt er støtta av Marie Skłodowska Curie Actions (MSCA). Prosjektet Music Law skal forske på rettslege utfordringar knytt til musikk og bruk av kunstig intelligens.

MSCA doktorutdanningsnettverket, Raptorplus, der HVL er partner, er leia av eit forskingsinstitutt ved universitetssjukehuset i Dresden, Tyskland. Målsettinga er å tilby ein plattform for interkulturell, tverrfagleg og tverrsektoriell opplæring og utdanning av ph.d.-kandidatar innan medisinsk fysikk.

Prosjektet STREET-15 skal undersøke korleis ein kan integrere skulegater i langsiktig byplanlegging i London, Napoli og Bergen, og aktivt involvere born og unge i utforminga. HVL sitt partnerskap er gjennom DUT (Driving Urban Transitions to a sustainable future), og blir finansierte av nasjonale og regionale finansieringsorgan, samt Horisont Europa. Prosjektet Bump2Baby & Me+ er samfinansiert av EU og nasjonale finansieringskjelder. Målsettinga for forskingsprosjektet er å betre helse- og omsorgskvalitet, effektivitet, rettferd og berekraft for kvinner med høg risiko for å utvikle svangerskapsdiabetes under graviditeten og det fyrste året etter fødsel.

Internasjonalt kunnskapssamarbeid

HVL har over fleire år vore medlem av og delteke aktivt i fleire nettverk både på administrativt nivå og leiarnivå, mellom anna som aktiv deltakar i Scholars at Risk-nettverket. I perioden 2023-25 har høgskulen hatt to forskarar under denne ordninga, og det har i 2025 vorte arbeidd med å hente ein ny kandidat. Akademisk fridom er forankra i verksemdstrategien vår, og det er derfor naturleg å delta i dette nettverket.

Regjeringa lanserte nye råd og retningslinjer for ansvarleg internasjonalt samarbeid i 2023, og høgskulen har i perioden arbeidd med å ta desse inn i eigne prosessar. Det er utarbeidd oversikt over alle utvekslingsavtalar og internasjonale partnarar i eksternfinansierte forskings- og utdanningsprosjekt opp mot academic freedom index, og det har vorte utvikla eigne nettsider om temaet som skal støtte tilsette i deira arbeid.

Det har over tid blitt arbeidd med å utvikle det strategiske elementet i det internasjonale arbeidet. Internasjonal plattform og handlingsplan for internasjonalt kunnskapssamarbeid 2025-2030 vart vedteken i mars 2025. Handlingsplanen er strukturert etter HVL sin verksemdsstrategi, med mål om at det skal gjere gjennomføring lettare. Struktureringa gjer at den passar inn i allerede etablerte system for verksemdsstyring. I tillegg til handlingsplanen er det eit dokument – ein internasjonal plattform – som formulerer kontekst og mål for det internasjonale kunnskapssamarbeidet ved HVL.

Det internasjonale arbeidet vårt skal støtte opp om HVL sin profil og bidra til utvikling både hos oss og i regionen, det skal vere ansvarleg og ta inn over seg det nye risikobiletet i kunnskapssektoren. Ved ei meir strategisk innretting på det internasjonale kunnskapssamarbeidet skal HVL møte utfordringane og gripe mogelegheitene. Dette skal vi gjere gjennom tre hovudgrep; bygge opp faglege satsingar, utvikle djupe partnerskap, og bygge internasjonale partnerskap for og med regionen vår. Prosessar er i gang for å operasjonalisere handlingsplanen, både gjennom utlysing av strategiske midlar til forskingsmiljø, utvikling av definisjon og metodikk for å utvikle djupe partnerskap, og eit sterkt fokus på Artemis-alliansen, både som eit djupt partnerskap men og som ei viktig kopling mellom det internasjonale samarbeidet og regional utvikling.

Våren 2025 gjennomførte den felles internrevisjonen (UiA, UiS, NORD og HVL) ein revisjon «Ansvarleg internasjonalt kunnskapssamarbeid» (AIS) der ein såg på om verksemdene hadde implementert HK-dir sine retningslinjer og verktøy innanfor denne tematikken. Internrevisjonen sin hovudkonklusjon er at det er behov for å styrke HVL sitt systematiske arbeid med AIS og oppfølging av eksportkontroll. Det er i tillegg behov for å bygge kultur for ansvarleg internasjonalisering blant både leiarar og tilsette. Det har vorte etablert ei intern tverrgåande arbeidsgruppe for ansvarleg internasjonalisering som skal vurdere korleis ein kan følgje opp tilrådingane i revisjonen.

Forskningsbasert innovasjon og kommersialisering

I 2025 fekk HVL tilslag på ein søknad til Forskningsrådet om rammeløyving til såkalla tidlegfase teknologioverføringsmidlar. Tildelinga var på totalt 7,093 mill. kr for åra 2025-2026, og skal bidra til at fleire offentleg finansierte forskingsresultat ved HVL kan takast i bruk gjennom kommersialisering. Endringa som Forskningsrådet har

gjort i rammevilkåra for denne ordninga har gjeve ein positiv effekt for HVL, då utvidinga av aktivitetsindikatorar medfører betre uttelling for all forskingsbasert innovasjon. I 2025 har midlane i hovudsak blitt brukt på samarbeid med Vestlandets Innovasjonsselskap (VIS), der HVL er medeigar, mellom anna knytt til evaluering av forretningsidear og prosjektarbeid, og til sikring av immaterielle rettar, til dømes patentar. Høgskulen har gjennomført ei rekke arrangement i 2025 knytt til forskingsbasert innovasjon, kommersialisering og immaterielle rettar. Overgangen frå å nytte tre til ein kommersialiseringsaktør, VIS, har vore positiv for HVL. Ein ser effekten av dette ved at organisering av kommersialisering av forskning har vorte betre og meir effektiv, samstundes som engasjerte fagmiljø får tett oppfølging av VIS.



Ti stipendiatar konkurrerte om å bli den beste formidlaren under Forsker Grand Prix. Heilt til topps gjekk Rebekka Frøystad frå UiB. Stipendiat Kiri Lovise Njåten (nummer to bak frå venstre) representerte HVL og gjorde ein formidabel innsats. Konkurransen fann stad i Mimes brønn på HVL campus Bergen. Foto: Eivind Senneset.

HVL fortsette den positive trenden og registrerte til saman 22 forretningsidear frå tilsette i 2025, same talet som året før. HVL har og fått tilslag på eit verifiseringsprosjekt frå Forskingsrådet knytt til ny solfangarteknologi. Det er sendt inn ein patentsøknad i 2025, og ytterlegare eit patent frå tidlegare år har blitt innvilga. Saman med Universitetet i Bergen, Helse Bergen, Havforskningsinstituttet og Farvatn AS har HVL bidrege med midlar til oppretting av Akademisk Spinout Fond AS hausten 2025. Fondet rettar seg mot oppstartsselskap som spring ut frå dei nemnte FoU-organisasjonane, og skal bidra til at forskarar som ønsker å bli gründerar kan behalde ein større del av eigarskapet i oppstartsselskapet sitt i den sårbare fyrste fasen, blant anna gjennom å søke matchingkapital frå til dømes Innovasjon Norge.

2025 var eit godt år for HVL sitt interne program for innovasjonsprosjekt i tidleg fase, Program for ide-

utvikling, der høgskulen lyste ut midlar for fjerde gong. Talet på søknadar fortset å auke samanlikna med tidlegare år, og det kom inn til saman 30 søknadar – 19 frå tilsette og 11 frå studentar. I alt fire tilsett- og tre studentprosjekt vart innstilt for finansiering, med tematikk som robotikk, diagnostiseringsverktøy, skredvarslingssystem, termisk energilagring, forbetra trening for personar med funksjonsnedsetjing, ei innovativ og sikrere arbeidsbukse og innovasjon innan plastpakking. Programmet vart etablert i 2022 med formål om å bygge kultur og auke interessa for innovasjon og har hatt særskild positiv utvikling sidan oppstart. Programmet er populært og har stor interesse i høgskulen sine fagmiljø, både blant tilsette og studentar. Fleire innovasjonsprosjekt har vorte finansiert og vidareutvikla seinare.

Meir tverrfagleg forskningssamarbeid

Utviklinga knytt til meir tverrfagleg forskningssamarbeid er positiv i avtaleperioden, men høgskulen har større potensiale på området. Det blir derfor arbeidd med ulike tiltak, både på institusjons- og fakultetsnivå som skal bidra til vidare utvikling.

I møte med stadig meir komplekse samfunnsutfordringar må forskinga i aukande grad ha ei tverrfagleg tilnærming. Høgskulen har ein profesjons- og arbeidslivsretta profil der tverrfagleg forskning er eit sentralt element. Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning (LTP) 2022-2032 og Helsepersonellkommisjonen sin rapport understrekar behovet for utvikling av berekraftige helsestenester, der ny teknologi og digitale verktøy vil vere ein viktig del av løysinga for helse- og omsorgstenestene. HVL har i perioden 2022-2025 etablert eit tverrfagleg strategisk universitetsprosjekt Digital Helse. Prosjektet omfattar innovasjonsprosjekt og ph.d.-stillingar med tverrfaglege rettleiingsteam, og legg til rette for tettare samarbeid mellom teknologi-, helse- og samfunnsfaglege miljø ved høgskulen. Digital Helse har i 2024 og 2025 fasilitert projektsøknadar på tvers av fakultet og med regionale samarbeidspartnarar (frå mellom anna helseføretak og UH-sektoren). Prosjektet er òg eit viktig verkemiddel for utvikling av spydspissmiljø med internasjonal forankring, mellom anna gjennom tettare kopling til Artemis-alliansen. I 2025 vart det sendt inn to EU-søknadar og ein NordForsk-søknad knytt til Digital helse, og satsinga har fått tilslag både på forskings- og utdanningsprosjekt (midlar frå Forskingsrådet og Erasmus+). Prosjektet har initiert fleire bachelor- og masterprosjekt mellom fakultet. Satsinga er tett kopla til utvikling av infrastruktur og arenaer på tvers av campus,

og er forankra i HVL sitt helsecampusinitiativ for styrkt samarbeid mellom HVL, helseføretak og næringsliv.

Artemis-alliansen etablerte i 2025 eit rammeverk for tre felles, tverrfaglege og virtuelle forskingssenter innanfor pilarane a) teknologi og transport, b) helse og miljø, og c) migrasjon og menneskerettar. Mandatet til forskingssentera er å fremje forskningssamarbeid, sampublisering og prosjektsøknadar. Rammeverket vart godkjent i desember 2025. Samarbeidet blir støtta av årlege, felles arbeidsstover for yngre forskarar (den fyrste vart halde i oktober 2025), eit vegkart for forskning (arbeidet er starta), såkornsmidlar til felles prosjekt og midlar til forskarmobilitet. I løpet av 2025 har 25 ulike fagmiljø ved HVL fått midlar til å besøkje, eller starte prosjektsamarbeid med, samarbeidspartnarar i Artemis-alliansen.

HVL er også partnar i eitt av dei seks nye nasjonale forskingssentera for kunstig intelligens, MishMash - Center for AI & Creativity som er leia av Universitetet i Oslo og i eit nasjonalt forskingssenter for norsk fagspråk leia av Universitetet i Bergen.

Fakulteta har gjort ulike organisatoriske tiltak for å legge betre til rette for tverrfagleg forskningssamarbeid. Felles er fokus på oppfølging av forskargrupper og tilrettelegging av møteplassar for dialog, erfaringsdeling og forskingsformidling på tvers av fagområde. Digitale samlingar, forskarforum, auka samarbeid på tvers av forskargrupper om ph.d.- kandidatar og forskarkonferansar på fakulteta er døme på dette. Mellom anna har Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap etablert arrangementet Research Friday som ein møteplass og arena for erfaringsdeling knytt til forskning. Føremålet er å bygge forskingskultur og stimulere til samarbeid på tvers av fagområde, campus og institutt. Ved Fakultet for helse- og sosialvitskap er tverrfagleg samarbeid vektlagt som kriterium i interne tildelingsordningar og i fleire utlysingar for ekstern finansiering, noko som har bidrege til fleire tverrfaglege prosjektinitiativ og søknadar. Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har arbeidd med å justere og revitalisere forskingsprogramstrukturen ved fakultetet, for mellom anna å legge betre til rette for samarbeid på tvers og auka ekstern finansiering. Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett og Fakultet for helse- og sosialvitskap har også etablert samarbeid knytt til samfunnsoppdraget «Ingen barn og unge utanfor!» som vart lansert i LTP 2022-2032. Målsettinga er å utvikle langsiktige tverrfaglege prosjekt innan fakulteta sine kjerneområde, utdanning og helse, og styrkje grunnlaget for ekstern finansiering, særskilt frå Forskingsrådet.

Mål 2: Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane ved HVL skal dekkje framtidens kompetansebehov

Høgskulen har i avtaleperioden arbeidd vidare med å sikre at utdanningane våre er profesjons- og arbeidslivsretta og i tråd med samfunnets behov. Det siste året har det også vore aukande merksemd på behovet for prioritering og eit meir langsiktig perspektiv i høve kompetansebehovet. Positiv utvikling på styringsparameterane gjer at høgskulen vurderer måloppnåinga til å vere god i avtaleperioden, men med klåre utfordringar knytt til gjennomføring på enkelte studieprogram. Dette vil bli følgt opp med ytterlegare tiltak. Vi ser også utfordringar med synkende interesse for å reise på studentutveksling. I ei tid der globalt samarbeid er viktigare enn nokon gong er dette ei uheldig utvikling som vi vil arbeide for å snu.

Meir relevans i studietilbodet

Utviklinga knytt til meir relevans i studietilbodet er positiv i avtaleperioden. Arbeidslivsrelevans i utdanningane og kompetansebehovet i arbeidslivet er noko HVL vektlegg både som kvalitetsområde, i utvikling av studieporteføljen og i rektor sine oppdragsbrev. Det er iverksett ei rekke tiltak både med omsyn til dimensjonering, rekruttering og tilpassing av emne og studieportefølje. Søknadsvekst, at kandidatane våre er attraktive på arbeidsmarknaden og gode resultat i kandidatundersøkinga knytt til at utdanninga er relevant for jobben dei har, viser at tiltaka har hatt effekt. Ytterlegare tiltak er sett i verk på nokre område.

Dimensjonering av utdanningstilbodet

HVL har i avtaleperioden arbeidd med å tilpasse aktivitet og satsingar i studieporteføljen til nye økonomiske rammer og endringar i søkargrunnlaget. Merksemd på auka rekruttering, gjennomstrøyming og studiepoengproduksjon, og endringar i organisering av undervisning har vore kjenneteikn for utviklingsarbeidet på alle fakulteta i heile perioden sidan 2022.

I 2025 er det gjort relativt få endringar i det samla studietilbodet, og mindre justeringar i opptaksramma for opptaket 2026. For at høgskulen skal imøtekomme krava frå KD i supplerande tildelingsbrev 2025 knytt til auka produksjon på sjukepleie, er det i budsjett 2026 tildelt ekstraordinære strategiske midlar til dette. Ny rammeplan for lærarutdanningane vil medføre eit omfattande revisjonsarbeid i åra framover.

Høgskulen har hatt ei strategisk satsing på å styrke rekrutteringa til ingeniørutdanningane ved å utvide ordninga med alternative opptaksveggar, Y-veg og tresemesterordning (TRES). Dette er eit positivt bidrag for å få fleire kvalifiserte søkjarar, men har også ei kostnadsside.

Det samla forslaget til studieportefølje og opptaksrammer for 26/27, vurdert i forhold til forventningar om studiepoengproduksjon og prioritering av ressursar opp mot etterspurnad og kompetansebehov, har ein risiko for at HVL ikkje når nasjonale resultatkrav for produksjon. Det er difor sentralt at høgskulen arbeider vidare med målretta rekruttering, i betydninga av å tilby utdanningar med høg kvalitet, som søkjarane veit er etterspurd i arbeidslivet.

I 2025 er det gjort eit særleg arbeid med dimensjonering av studieporteføljen og mogleg omfordeling av ressursar mellom fakulteta. Saka om strategiske prioriteringar i dimensjonering av studieporteføljen har vore hand-sama i styret gjennom året. Med bakgrunn i rammer, styringssignal og forventningar gjevne av Kunnskapsdepartementet (KD) blir kriterium som KD nyttar i dimensjoneringa lagt til grunn for HVL sine vurderingar kring dimensjonering av studieporteføljen⁵. Desse vurderingane skal risikovurderast opp mot høgskulen sitt samfunnsmandat og dei strategiske samanhengar utdanningane står i for å sikre eit godt avgjerdsgrunnlag (sjå meir omtale i kapittel 5).

Studentrekruttering og opptak

Tabell 15: Registrerte studentar, søkjarar og marknadsandel førstevalssøkjarar. Kjelder: DBH og HVL sin opptaksrapport.

	2022	2023	2024	2025
Registrerte studentar totalt	16 809	16 483	16 760	16 854
Registrerte eigenfinansierte studentar	15 015	14 624	15 056	15 438
Søkjarar med HVL som førsteval	7 279	7 031	7 911	9 139
Søkjarar i Samordna opptak totalt	134 954	135 980	142 416	142 004
Marknadsandel av førstevals-søkjarar	5,39%	5,17%	5,55%	6,44%

HVL har vekt i talet på registrerte studentar og høgskulen sin marknadsandel blant førstevalssøkarar i Samordna opptak i avtaleperioden. Marknadsdelen på 6,44 % i 2025 er den største sidan fusjonen. HVL er den institusjonen i landet med størst auke i marknadsandel. Auker skuldast stor vekst i søkjarar til nettbaserte tilbod, auke i søkjarar på grunnskulelærarutdanning og sjukepleie, og nye studietilbod. Årsakene til den positive utviklinga er samansette og heng tett saman med både merkevarebygging og omdøme.

Variasjonane er likevel store mellom dei ulike studieprogramma. Utdanningsområde/utdanningar med ein kombinasjon av svak rekruttering lokalt til HVL, og nedgåande trendar nasjonalt, utfordrar vår studieportefølje spesielt. Mange av studieplassane vert ikkje fylt opp, samstundes som andre utdanningar har lange ventelister.

Ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har fyllingsgraden auka litt frå i fjor, men ligg framleis på kring 70 % for tredje året på rad. Vi ser og at auka søking på grunnskulelærarutdanning 1-7 truleg har negativ påverknad på rekrutteringa til barnehagelærarutdanninga, som har slitt med søkartal dei siste åra.

Det er krevjande å konkludere med direkte samanhengar mellom tiltak i rekrutteringsarbeidet og talet på møtte studentar. Likevel er promoteringa av våre studietilbod i sosiale medium truleg heilt avgjerande for studentrekrutteringa. Når vi veit at alle institusjonar jaktar dei same ungdomane, har vi lukkast godt i dette arbeidet.

Rekrutteringsundersøkinga i 2025 syner at fagleg kvalitet på studietilboda vert stadig viktigare. Eit godt omdøme er framleis det sikraste «vinnarkortet» her, saman med synleggjering og god informasjon om dei studietilboda vi tilbyr både i fysiske møte, på nett og i sosiale medium. Vi kan til ei viss grad styrke omdømmet gjennom marknadsføring, men det er det daglege arbeidet som kvar einskild tilsett gjer som i sum er det mest avgjerande for kva oppfatning studentar og andre har av HVL.

Kandidatundersøkinga

Resultata frå Kandidatundersøkinga 2025⁶ syner at HVL har svært relevante studietilbod. 67 prosent av respondentane som har studert ved HVL, fekk jobbtilbod før dei var ferdige med siste eksamen. Ytterlegare 21 prosent fekk jobb innan det var gått tre månader. Praxis er

⁵Samfunns- og arbeidslivets kompetansebehov - Potensiale for studentrekruttering - Studiepoengproduksjon i høve til finansierte studieplassar.

⁶Kandidatundersøkinga 2025 vart gjennomført av ideas2evidence i perioden 6. mars til 20. april 2025 på oppdrag frå Saman, Universitetet i Bergen (UiB), Norges Handelshøyskole (NHH) og Høgskulen på Vestlandet (HVL). Undersøkinga rettar seg mot kandidatar som fullførte gradgjevande utdanning i 2023.

ein grunnstein i dei fleste utdanningane ved Høgskulen på Vestlandet, og undersøkinga viser at 46 prosent av kandidatane får jobbtilbod frå ei verksemd dei har hatt praksis hos eller har samarbeidd med under studiet.

Kandidatundersøkinga frå 2022 viste at 94% av kandidatane opplevde å vere i en «relevant jobb» for utdanninga. I undersøkinga i 2025 var spørsmålsstillinga endra, og kandidatane vart spurt om utdanninga dei hadde tatt var relevant for jobben dei hadde. Her rapporterer 52% at utdanninga var svært relevant for jobben dei har i dag, 35% svarer at den er relevant, og berre 2% svarer at utdanninga er svært lite relevant. Ekstra positivt er det at mange også blir verande i regionen etter studietida. Heile 75 prosent av HVL-kandidatane bur på Vestlandet når dei er ferdige med studiet.

Auka kvalitet i utdanningane

HVL har jobba med kontinuerleg forbetring og utvikling av kvalitetssystemet i avtaleperioden. Det er gjort naudsynte endringar og iverksett ei rekke tiltak på fleire område som har hatt positiv effekt på kvaliteten i utdanningane, til dømes vekst i mobilitet på Erasmus+ og utvikling på eksternfinansierte internasjonale samarbeidsprosjekt for auka kvalitet i utdanning. Utviklinga i perioden er likevel ikkje som ønska i høve gjennomstrøyming på enkelte bachelorutdanningar, talet på uteksaminerte kandidatar og studentutveksling.

Systematisk kvalitetsarbeid

HVL har jobba med kontinuerleg forbetring og utvikling av kvalitetssystemet etter at det sist vart godkjent av NOKUT i 2020, og starta mellom anna arbeidet med ein større revisjon i 2024, der revidert kvalitetssystem trådde i kraft i august 2025.

NOKUT gjennomfører nytt tilsyn av kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet i HVL 2025 – 2026. Første fase av tilsynet våren 2025 var å levere ei eigenvurdering med vurdering av styrker og utfordringar ved både systemet og kvalitetsarbeidet i høgskulen, samt tilhøyrande dokumentasjon. Sakkunnig komité var på institusjonsbesøk i september, og rapporten med konklusjonane frå tilsynet blir offentleg i mars 2026.

I eigenvurderinga er mellom anna fokus på fleksibilitet og rom for tilpassing av kvalitetssystemet i tråd med særmerke til fakulteta og kjenneteikna til dei ulike studieprogramma trekt fram som ein styrke. Vidare

har fokuset på dialogbaserte møteplassar på fleire nivå med både interne og eksterne aktørar sikra utvikling av kvalitetskultur. På same tid har vi i eigenvurderinga også peika på viktige tiltak for vidare forbetring, mellom anna knytt til meir systematisk opplæring og fokus på informasjon- og tilbakemeldingssløyfe til både studentar og tilsette.

Utdanningsfagleg kompetanse og merittering

HVL lyste ut meritteringsordning for første gang i 2021, og i 2022 var det fem som vart tildelt slik status. Den neste utlysinga i 2023 førte til merittert status for ni undervisarar, og i 2025 var talet auka til tretten.



Desse 13 har fått tildelt status som meritterte undervisarar ved HVL.

HVL styrker utviklinga av utdanningsfagleg kompetanse blant sine tilsette gjennom systematiske og målretta tiltak som skal bidra til høg kvalitet i undervisninga. Arbeidet omfattar mellom anna utvikling av undervisnings- og vurderingspraksis, pedagogisk rettleiing og styrking av ei kunnskapsbasert og kollektiv tilnærming til utdanningskvalitet i fagmiljøa. Studieprogrammet i universitetspedagogikk er reorganisert og vidareutvikla for å møte både nasjonale og lokale kriterium for utdanningsfagleg kompetanse ved HVL. Erfaringane med endringane og oppjusteringa av studieprogrammet er gjennomgåande gode.

Eit anna sentralt tiltak i dette arbeidet er etableringa av eit pedagogisk akademi, som no er under utvikling og som vil ha oppstart i 2026. Pedagogisk akademi bygger vidare på erfaringar frå ordninga for pedagogisk merittering, og skal gi ein strukturert arena for vidareutvikling av utdanningsfagleg kompetanse. Akademiet skal òg bidra til styrkt kollegial kunnskapsdeling og fagleg utvikling på tvers av fagmiljø.

Utdanningskvalitetsprisen gikk i 2025 til høskulelektor Berit Marie Njøs som i over 20 år har styrka kvaliteten i utdanninga ved HVL gjennom målretta og nyskapande arbeid. Ho har ein tydeleg pedagogisk visjon og eit stort engasjement for studentane.



Årets vinnar av Utdanningskvalitetsprisen, Berit Marie Njøs

Arbeid med læringsmiljø

Det overordna arbeidet med læringsmiljøet ved HVL er forankra i mandatet til læringsmiljøutvalet (LMU). LMU har som hovudoppgåve å bidra til eit godt og inkluderande læringsmiljø for studentane ved institusjonen. HVL har sidan 2020 hatt ein handlingsplan for inkluderande læringsmiljø som det viktigaste arbeidsverktøyet når det gjeld læringsmiljøarbeidet. I 2024 vart ny Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø og universell utforming for perioden 2024-2028 vedtatt. Utvalet skal følgje opp saker som gjeld læringsmiljø, og kome med råd og forslag til tiltak. LMU går årleg gjennom handlingsplanen, og utvalet vel eitt tematisk fokusområde per studieår.

Som ein del av oppfølginga av planen vart det vedtatt å ha eit ekstra fokus på det organisatoriske læringsmiljøet i studieåret 2024/25. Det vart mellom anna arbeid med å oppdatere og synleggjere gode system for handsaming av tilbakemeldingar frå studentar om læringsmiljøet, og vi samarbeidde med Studenttinget om betre synleggjering av «Sei i frå» systemet.⁷ Handlingsplanen sitt tema om fysisk læringsmiljø med fokus på universell utforming og tilrettelagde studentarbeidsplassar er på agendaen i studieåret 2025/2026.

HVL har sidan koronaperioden hatt ekstra fokus på å revitalisere og auke studentengasjementet. Rapport om Arbeidet med studentengasjement vart lagt fram våren 2025. Det har blitt diskutert korleis ein kan legge til rette for eit godt samarbeid for å styrke studentfrivilligheita

⁷ <https://www.hvl.no/sei-ifra/>

ytterlegare. Prorektor for utdanning, studentsamskipnaden og Studenttinget på Vestlandet følgjer opp rapporten, og det blir mellom anna arbeid vidare med tydeleg informasjon på nettsidene om studentorganisasjonane. Sidan 2022 har vi sett ei positiv auke både i talet på studentforeiningar og medlemstal. Studentdemokratiet har også opplevd meir engasjement, og i studentvalet 2025 var det mange kandidatar både til Studenttinget og som institutt-tillitsvalte, og valoppslutninga var den høgste både i avtaleperioden, og sidan Studenttinget på Vestlandet vart skipa.

Det er sett i verk tiltak for å fremje gode læringsmiljø og velferdstilbod også i nett- og samlingsbaserte utdanningar. Det er mellom anna utarbeidd eit eige digitalt emne i Canvas for nett- og samlingsbaserte utdanningar, der informasjon om ulike tilbod frå HVL, studentsamskipnaden og studentane er presentert, og emnet viser til digital tilgang til ulike tenester og tilbod for studentane.

HVL var vertskap for årskonferansen til det nasjonale kompetansenettverket for studentars læringsmiljø og velferd i desember. Fråfall og gjennomstrøyming var hovudtema for konferansen. Arrangementet vart gjennomført på campus Bergen. Til stades var både studentar og tilsette ved samskipnadar og utdanningsinstitusjonar.



HVL var vertskap for årskonferansen til det nasjonale kompetansenettverket for studentars læringsmiljø og velferd i desember.

Gjennomstrøyming

Tabell 16: Gjennomføring på normert tid 2022-2025. Kjelde: DBH.

	2022	2023	2024	2025
Bachelorutdanning	60,9%	57,8%	54,5%	54,8 %
2-årig masterutdanning	50,4%	50,3%	51,5%	68,1 %
5-årig integrert master	59,6 %	58,8 %	62,2 %	56,7 %

I avtaleperioden har det vore ei negativ utvikling i gjennomføring samla sett på bachelorutdanningar, med lågast gjennomføring i 2024. Også på femårig integrert master er utviklinga negativ, med lågast andel gjennomførte i 2025. Sjølv om HVL sine tal er høgare enn det nasjonale snittet, er dette tal vi ikkje er nøgde med. Gjennomstrøyminga på to-årige masterutdanningar har hatt ei positiv auke sidan 2022, der tala for 2025 er særskilt gledelege, med ein auke på heile 16 %. Det er mogleg at flytting i fristar for studentar som har utsatt innlevering av masteroppgåve er ein medverkande årsak til desse tala, men dette må undersøkast nærare før vi kan konkludere.

Det har vore prøvd ut fleire tiltak for å auke gjennomstrøyminga i perioden, mellom anna ei større satsing på innføring av studentassistentordning på fleire studieprogram. Felles for tiltaka er at det er vanskeleg å spore eller isolere effekten på gjennomstrøyming og fråfall, og vi har heller ikkje greidd å finne ein positiv samanheng på studieprogramma som har studentassistentordning og tala for gjennomstrøyming.

På bakgrunn av at rekruttering, gjennomstrøyming og fråfall er blant dei store risikotematikkane, vedtok styret at det skulle bli gjennomført ein internrevisjon knytt til fråfall av studentar 1. og 2. studieår på bachelor- og integrerte masterprogram i 2025. Rapporten har fleire anbefalingar som vi må ta stilling til i vidare oppfølging i det langsiktige arbeidet med å auke gjennomstrøyminga. Det blir mellom anna tilrådd å ha enda tydelegare målskildringar knytt til fråfall, då det kan bidra til auka medvit og meir systematisk oppfølging for tidleg identifisering og rettleiing av studentar som slit fagleg eller sosialt. Vi bør og formalisere erfaringsdeling mellom fakulteta for å førebygge uønskt fråfall.

Etter at karakterkrava i norsk og matematikk til grunnskulelærarutdanningane vart fjerna frå opptaket 2024, har Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett sett i

verk målretta kompenserande tiltak for å styrkje studentane sitt faglege grunnlag og støtte opp under gjennomstrøyming og utdanningskvalitet. Tiltaka vart finansiert med ekstra midlar frå KD for kull 2024, og er vidareførte for kull 2025 med egne midlar.

I matematikk er det etablert undervisning i grunnlegjande ferdigheiter og ei fagleg styrkt studentassistentordning tett knytt til nasjonal deleksamen. Erfaringane så langt viser at kull 2024 ikkje har gjort det dårlegare enn tidlegare kull på deleksamen i matematikk. I norsk er det utvikla språkkurs i samarbeid med Skrivesenteret, særleg retta mot studentar med anna morsmål enn norsk. Det er òg starta systematisk arbeid med tiltak innan nynorskopplæring, sidan eksamen i norsk side-mål er blant vurderingsdelane med høg strykprosent.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap har gjennomført målretta tiltak for å styrkje gjennomføringa og redusere fråfall i utdanningane, med særleg vekt på studentaktiv læring, studieprogresjon og systematisk studentoppfølging. Bruk av studentassistentar og erfarne studentar som faglege og sosiale ressursar har òg vore nytta for å styrkje meistring og motivasjon i studieløpa.

Eit konkret tiltak som dei siste studieåra (2024/2025) er prøvd ut, er “Matte-Drop-In”, som førebels har vore tilbydd ved tre av våre campus. Dette er eit lågterskeltilbod for dei studentane som tykkjer matematikkfaget er krevjande, på tvers av fakultet og utdanningar. Matte Drop-in skapar faglege og sosiale møteplassar der studentar kan samarbeide. Studentane er meir på campus og får ei større tilhøyrse til HVL, noko som på sikt kan vere med å gje lågare fråfall frå studieprogramma.



Studentassistent Hannes Winkelmans og høgskulelektor Kristine Selvikvåg Lundervold gler seg over at mange studentar tar turen innom matte-drop-in.

Kandidatar

Tabell 17: Fullført vitnemålsgjevande studieprogram 2022-2025. Kjelde: DBH.

Studium	2022	2023	2024	2025
5-årig masterprogram i grunnskolelærerutdanning 1-7 trinn	134	150	176	175
5-årig masterprogram i grunnskolelærerutdanning 5-10 trinn	171	196	218	178
Allmennlærerutdanning	1			
Annet	25	15	12	
Barnehagelærerutdanning	307	368	285	225
Barnevernpedagogutdanning	49	49	45	37
Bioingeniørutdanning	52	40	38	41
Ergoterapeututdanning	38	32	33	38
Faglærerutdanning	42	40	36	1
Fysioterapeututdanning	63	77	62	70
Grunnskolelærerutdanning 1-7 trinn ⁸	13	10	5	1
Grunnskolelærerutdanning 5-10 trinn ⁹	7	3	5	6
Helsefag	173	256	277	384
Historisk-filosofiske fag	19	17	13	27
Idrettsutdanning	66	92	91	51
Ingeniørutdanning	414	399	344	381
Maritim utdanning	56	78	65	54
Matematisk-naturvitenskapelige fag	135	116	145	139
Pedagogiske fag	51	47	76	113
Praktisk-pedagogisk utdanning	216	135	142	157
Radiografutdanning	36	23	19	21
Samfunnsvitenskap	74	109	83	101
Scenekunst		5		5
Sosionomutdanning/sosialt arbeid	115	127	112	93
Sykepleierutdanning	521	576	422	513
Tegnspråk	6	9	5	9
Teknologi	24	19	21	49
Vernepleierutdanning	138	137	82	147
Økonomisk-administrativ utdanning	310	366	371	365
Sum	3256	3491	3183	3381

Utviklinga i samla tal uteksaminerte kandidatar må sjåast i samanheng med ekstra studieplassar tildelt i revidert nasjonalbudsjett 2020 som følgje av pandemien. Størsteparten av desse studentane var ferdig utdanna i 2023, noko som gir tydeleg utslag på uteksaminerte kandidatar det året. Ser ein 2025 opp mot 2022 er det vekst i talet på uteksaminerte kandidatar.

⁸ Sjå omtale av Forsøksordning lærarkvalifisering under avsnittet Midlar tildelt over andre kapittel

⁹ Sjå omtale av Forsøksordning lærarkvalifisering under avsnittet Midlar tildelt over andre kapittel

Fram til og med 2024 var det fastsette kandidatmåltal for enkelte utdanningar i helse- og sosialfag og lærarutdanningar. I all hovudsak har HVL nådd kandidatmåltala i avtaleperioden, med nokre svingingar på enkelte program mellom åra. HVL har nasjonalt ansvar for bachelorutdanninga i teiknspråk og tolking, men har ikkje greidd å nå måla for kandidattal her. Manglande måloppnåing skuldast ein kombinasjon av rekrutteringsutfordringar og utfordringar knytt til gjennomføring. Det er gjennomført nye tiltak i 2025 for å auke rekrutteringa, mellom anna meir bruk av sosiale medium og studentambassadørar frå programmet i rekrutteringsarbeidet. Tiltaka held fram i 2026. For å auke gjennomstrøyminga er det dei siste studieåra jobba med å sjå på endringar i emne og med meir stabilitet i eit sårbart og lite fagmiljø. Resultata i studiebarometeret for 2025 viser at det er nøgde studentar på programmet som melder om bra kvalitet. Dette er første steg på vegen mot å også sikre høgare gjennomstrøyming.

Innanfor PPU har høgskulen hatt færre uteksaminerte kandidatar etter at det vart krav om master, og søkargrunnlaget dermed vart redusert. I 2025 har talet auka til 157, som er det høgste sidan 2022. For å auke rekrutteringsgrunnlaget vart det frå hausten 2025 mogleg å søke integrert master og PPU utdanning over to år, i tillegg til at søkjarar med bachelorgrad og to års arbeidserfaring frå skulen var kvalifisert for opptak på eittårig PPU. Vi ser at det er fleire søkjarar og høgare fyllingsgrad på den integrerte masteren, men endringa har så langt ikkje gitt ønska effekt på eittårig PPU. Sjølv om talet på møte studentar er noko aukande frå 2024, vart mange av tilboda i år avlyst, og spesielt på PPU allmennfag er fyllingsgraden låg.

Både sjukepleie og vernepleie har auka kandidatproduksjonen i 2025, og nedgangen som var i 2024 er dermed mest sannsynleg eit eingongstilfelle. Samtidig ser vi nedgang i kandidattala på barnehagelærar og grunnskulelærar 5-10, som har direkte samanheng med den sviktande rekrutteringa på desse utdanningane dei siste åra.

Studiepoengproduksjon

Tabell 18: Studiepoengproduksjon ved HVL 2022-2025.
Kjelde: DBH.

60-studiepoengenheter			
2022	2023	2024	2025
12 161	11 592	11 352	11 715

Frå 2023 til 2025 er det ei lita auke i samla studiepoengproduksjon. Veksten er i den eigenfinansierte porteføljen og speglar i stor grad auken i talet på registrerte studentar.

Tabell 19: Studiepoeng per student ved HVL 2022-2025.
Kjelde: DBH.

Studiepoeng per student (hele året)			
2022	2023	2024	2025
44,25	43,08	41,94	42,99

Utviklinga i studiepoeng per student er ganske stabil i avtaleperioden 2023-2025, men med ein liten vekst frå 2024 til 2025.

Oppfølging av studieplassar tildelt i tidlegare budsjett – Sjukepleiarutdanning

Høgskulen på Vestlandet (HVL) arbeider systematisk med å auke rekrutteringa og gjennomføringa i sjukepleiarutdanningane for å sikre samfunnskritiske oppgaver nasjonalt, regionalt og lokalt.

HVL når ut til ein brei søkjarmasse gjennom å tilby både heiltids- og deltidsløp innan bachelorutdanning i sjukepleie på fire campus. I tillegg har vi opptak to gongar i året i Førde. HVL tilbyr òg master i spesialsjukepleie¹⁰ og master i avansert klinisk allmennsjukepleie i både Haugesund, Bergen og Førde.

HVL hadde svikt i rekrutteringa til sjukepleieutdanning i 2022 og 2023. Dette har gjort det vanskeleg å auke studiepoengproduksjonen i tråd med krava frå KD. I åra med rekrutteringssvikt har HVL valt å auke opptaket på bachelor i vernepleie og master i sjukepleiefag. Dette har bidratt til ei auke i studiepoengproduksjonen på desse utdanningane. Men auken har ikkje kompensert fullt ut for svikten i studiepoengproduksjon på bachelor i sjukepleie.

Rekrutteringssituasjonen på bachelor i sjukepleie har betra seg. HVL har auka opptaket av studentar til sjukepleiarutdanningane i 2024, hatt ei ytterlegare auke i 2025 og lagt til rette for å vidareføre eit auka studentopptak på sjukepleie i åra framover.

I 2025 starta kring 700 studentar på bachelor i sjukepleie ved HVL¹¹. I tillegg starta kring 250 studentar på master i spesialsjukepleie, master i helsesjukepleie, master i jordmorfag, master i klinisk sjukepleie innan diabetes- eller kardiologisk sjukepleie og master i avansert klinisk allmennsjukepleie.

¹⁰ anestesi, barne-,intensiv-, og operasjonssjukepleie

¹¹ Inkludert våroptak sjukepleie Førde, 57 studentar har møtt til utdanninga med oppstart januar 2026.

HVL har iverksett fleire tiltak for å styrke læringsmiljøet og oppfølginga av sjukepleiestudentane i gjennomføringa av utdanninga. På bachelorutdanninga vert det gjennomført førsteårstiltak på alle campus. Fleispråklege studentar har tilbod om eigne kurs i sjukepleiarnorsk. Vi samarbeider tett med kommunar og helseføretak om å styrke kvalitet og utnytte kapasitet i praksisgjennomføringa. Det pågår eit forskingsprosjekt i Helse Fonna og Helse Førde knytt til modellar for langpraksis som har fokus på samhandling mellom nivåa i helsetenestene. Frå studieåret 2026/2027 skal det prøvast ut på Haukeland universitetssjukehus.

Vurdering av måloppnåing

KD forventar at HVL aukar studiepoengproduksjonen på sjukepleieutdanningane i tråd med tidlegare studieplasstildelingar, og har konkretisert eit resultatkrav for 2025 på 245 60-studiepoengseiningar samanlikna med nivået før 2020 (jf. supplerande tildelingsbrev 2025).

Store delar av studieplasstildelingane som ligg til grunn for resultatkravet på sjukepleie er ikkje lenger finansiert av KD. Styret i HVL har i budsjettet for 2026 vedteke ekstraordinære strategiske midlar til Fakultet for helse- og sosialvitskap, for å setje fakultetet i stand til å oppfylle krav frå KD om å utdanne fleire sjukepleiarar i åra framover. Rektor tilrår at desse midlane bør inngå i den ordinære ramma til fakultetet frå og med 2027. Dette gjer at HVL kan intensivere og prioritere arbeid og tiltak som bidreg til stabil rekruttering og høg gjennomføring i sjukepleieutdanningane i tråd med nasjonale behov og KD sine krav til studiepoengproduksjon i tida framover.

Auka opptak i den seinare tida har hatt positiv effekt på studiepoengproduksjonen innan bachelor og master i sjukepleiefag. Rekrutteringssvikt på bachelorutdanninga tidlegare år gjer at HVL ikkje vil innfri KD sitt krav for 2025. I tillegg er fleire studentar tatt opp på deltidsutdanning i tråd med forventningar til fleksible utdanningsløp. Dette gir ei breiare søkjarmasse tilgang på høgare utdanning, men i ein overgangsperiode kan det bidra til forsinka studiepoengproduksjon. Full effekt av auka opptak vil først vere synleg når alle kull er i ordinær drift på alle studieår i sjukepleiefag.

Studiebarometeret

Tabell 20: Utvikling HVL sine resultat Studiebarometeret 2022-2025. Kjelde: Studiebarometeret.

Indeksar	2022	2023	2024	2025
Alt i alt fornøgd	3,6	3,8	3,7	3,9
Eige engasjement	3,4	3,5	3,6	3,7
Organisering	3,3	3,3	3,4	3,5
Praksis	3,6	3,6	3,6	3,8
Fysisk læringsmiljø	*	*	4,0	4,0
Psykososialt læringsmiljø	3,6	3,6	3,7	3,8
Medverknad	*	*	3,2	3,4
Tilbakemelding og rettleiing	*	3,3	3,4	3,4
Tilknytning til arbeidslivet	3,0	3,2	3,2	3,3
Undervising	3,5	3,4	3,6	3,7
Vurdering	3,8	3,9	3,9	4,0
Svarprosentar HVL	48 %	37 %	39 %	40 %

*Indeksen var ikkje med i undersøkinga dette året.

Studiebarometeret er sett saman av fleire bolkar med faste spørsmål som danner grunnlag for ulike indeksar. Dei fleste av desse indeksane har vore med i undersøkinga over lang tid, slik at det går an å samanlikne utviklinga i resultata. Høgskulen har sidan 2022 hatt ei positiv auke i alle indeksane i Studiebarometeret, noko som er gledeleg. Samanlikna med det nasjonale snittet er òg HVL-studentane minst like godt nøgde som resten av studentmassen på dei fleste områda. Unntaket er spørsmålsområdet organisering der HVL framleis ligg litt under det nasjonale snittet. Dette er noko vi har jobba med over tid, og fleire program har tatt gode steg her. Samtidig er det skilnadar mellom studieprogramma, og vi vil her søke å rette tiltak meir direkte inn mot der utfordringane er størst.

I 2025 var det lagt til eigne spørsmål om kor ofte studentane er på campus. 89 prosent av studentane på HVL svarar at dei er på campus mellom 3-5 dagar i veka. Berre 2,5 prosent seier at dei er på campus berre nokre gonger i månaden eller sjeldnare. Dette er gledelege tal, då HVL meiner det er svært viktig, både for læring og danning, at unge menneske er ein del av eit fellesskap og eit fagleg og sosialt miljø.

Svara vi får i Studiebarometeret vert drøfta i studieprogramråda på fakulteta. Dei vert også presenterte i ulike leiarforum. I tillegg vert resultata tekne opp i studentråda på fakultet og campus. Resultata danner

grunnlag for tiltaksplanar på dei enkelte studieprogramma der ein tek tak i nokre av resultatane frå undersøkinga og lagar tiltak eller aktivitetar som har som mål å anten forbetre svake punkt eller bevare det som allereie fungerer godt. Svarprosenten har gått ned betrakteleg desse åra, sjølv om den hadde ein liten oppgang i 2025 samanlikna med 2023 og 2024. Særskilt går dette ut over ein del program som over tid har for få svarande til å få rapportar. Her er vi dermed avhengig av dei andre tilbakemeldingskanalane studentane har i kvalitetssystemet for å kunne jobbe systematisk med kvalitetsutviklinga på desse programma.

Studentinvolvering i forskning

Arbeidsgruppa StudentFORSK vart etablert i februar 2025, med mandat frå prorektor for utdanning og prorektor for forskning. Målet er å føreslå insentiv og tiltak for auka studentinvolvering i forskning. Det er gjennomført kartleggingar og lagt planar for vidare framdrift. I budsjettet for 2026 er det satt av ein million kroner til satsinga kring studentinvolvering i forskning.

Studentutveksling

Tabell 21: Studentutveksling 2022-2025.
Kjelde: Felles Studentsystem (FS).

Tal studentar på studentutveksling	2022	2023	2024	2025
Utreisande studentutveksling over to månader	299	429	400	393
Totalt utreisande studentutveksling (0-6 månader)	480	572	603	539
Innreisande studentutveksling over to månader	239	326	340	393
Totalt innreisande studentutveksling (0-6 månader)	313	387	357	570

Tala for utreisande studentutveksling har vore nedgåande sidan 2023. Det er særleg grunnskulelærerutdanningane som har hatt den største nedgangen. Det har òg vore ein viss nedgang i sjukepleiarutdanninga, der HVL tradisjonelt har hatt den største utvekslingsgruppa. Dette er framleis den største enkeltgruppa, og ein nedgang i dette programmet får konsekvensar for det samla talet. I same periode har det vore auke i talet på søkjarar frå bachelor- og masterprogramma i økonomi og administrasjon.

For innkomande utvekslingsstudentar er utviklinga litt betre, og opphald lenger enn to månader har auka kvart år frå 2022 til 2025. Det er særleg semesterprogramma HVL tilbyr som er populære. Det har lenge vore ein ubalanse i forholdet mellom inn- og utreisande studentutveksling. Med auke i innkomande og nedgang i utreisande studentar er 2025 det første året at HVL har balanse når det gjeld utveksling på over 2 månader.

Tabell 22: Tal studentar på opphald gjennom Erasmus+. Kjelde: Felles Studentsystem (FS).

Talet studentar på Erasmus+	2022	2023	2024	2025
Opphald på to månader eller meir	107	123	96	104
Kortare mobilitetsopphald (Blended Intensive Programmes – «BIP»)	30	14	57	60
Mobilitet Erasmus+ samla	137	137	153	164

Når det gjeld bruken av Erasmus+-programmet, har det òg vore ein nedgang i talet på studentar som reiser på opphald på to månader eller meir i perioden 2023-2025. Samstundes har det vorte stadig meir populært å delta i kortare mobilitetsopphald (Blended Intensive Programmes – «BIP»). Det samla talet på mobilitet innan Erasmus+ har auka i perioden.

Det skjer mykje god internasjonaliseringsaktivitet som ikkje lar seg kategorisere i to månader eller meir, eller som utreisande BIP. Mellom anna er det mykje praksisutveksling til det globale sør som ikkje kjem med i desse kategoriene. Det fullstendige talet på utreisande studentutveksling som er registrert er difor mykje høgare enn vist i tabellane over. For innkomande studentutveksling er tala ikkje så sprikande, men det er ein del kortare aktivitetar her og. Mellom anna arrangerte HVL fleire BIP i denne perioden, der den eine i 2025 hadde om lag 140 deltakarar.

Gjennom Artemis-alliansen arbeider vi med å utvikle studietilbodet saman med dei andre partnerane i alliansen. I løpet av 2025 har vi byrja å utvikle såkalla sandwichprogram, førehandsgodkjende emnepakker på minimum eitt semester, som inkluderer både teori og praksis. Gjennom sandwichprogramma vil studentane våre få moglegheit til å ta ei spesialisering vi ikkje sjølv tilbyr i tillegg til fleire praksismoglegheiter. Dei første programma vil bli tilbydde studentane i løpet av 2026.

Artemis-alliansen skal utvikle 15 mikrokurs, og to av desse skal bli tilbydde ved HVL. Eit felles rammeverk for mikrokurs vart godkjent i november 2025. Mikrokursa skal vere mellom ett og seks studiepoeng og skal støtte opp under livslang læring, «employability» og inkludering.

Alle partnarane i Artemis-alliansen har samla inn oversikter over kurstilbod og praksistilbod på engelsk som kan bli tilbydde studentar frå partnarinstitusjonane. Til saman vil vi kunne tilby over 1000 emne på engelsk. For studentane ved HVL betyr dette at dei vil få lettare tilgang til emne som passar inn i ønskja spesialisering, og fleire praksismoglegheter i utlandet. I desember 2025 signerte alle partnarane ein Erasmus+ Umbrella Agreement som dekkjer utveksling på tvers av alle fagområde og alle nivå.

HVL har ambisjonar om å auke delen studentar som reiser på utveksling, og for å få til dette må ein sjå både på organisering av administrative støttetjenester, samarbeid mellom fellesadministrasjonen og fakulteta, og den faglege forankringa og eigarskapen til dette feltet. Høgskulen arbeider med eit kunnskapsgrunnlag om status for utreisande studentutveksling, og vil nytte dette som utgangspunkt for å setje temaet på dagsordenen i 2026.

Internasjonalisering heime

Høgskulen har over fleire år hatt særskild merksemd på internasjonalisering heime og arbeid med å integrere ein internasjonal dimensjon i studieprogramma våre. Målet er å gje alle studentar internasjonal erfaring og interkulturell kompetanse, og slik førebu studentane på arbeidslivet.

I perioden 2023-2025 har HVL vidareført arbeidet med å bygge ein kultur for internasjonalisering heime gjennom å forankre det i styringsdokument og i ulike interne organ. Det har vore arrangert kurs for fagleg tilsette og studieprogramansvarlege om internasjonalisering, med mål om å styrke kompetansen på korleis implementere internasjonalisering i studieprogramma. Tiltaka har hatt ynskja effekt ved at kunnskapen og forståinga av konseptet har auka på høgskulen.


Høgskulen har sidan 2023 arbeidd med å utvikle Certificate of International Learning (CIL). Formålet med denne attesten er å synleggjere den samla internasjonale kompetansen studentane opparbeider seg gjennom studiane. CIL skal bidra til å auke medvitet blant studentar, fagmiljø og framtidige arbeidsgjevarar om samanhengen mellom internasjonal erfaring og etterspurde generiske ferdigheiter, i tillegg til å bidra til dialog og samarbeid på tvers av fakultet. I 2025 vart Team på Tvers Internasjonalisering heime etablert. Sidan oppstart har teamet blant anna bidrege med kompetanse og innspel i utviklinga av Certificate of International Learning (CIL).

I perioden 2023-2025 har det vore jamn gjennomføring av Collaborative Online International Learning (COIL) – prosjekt (i underkant av 30), men vi har ikkje oppnådd den ønska auken. For å styrke dette arbeidet var det i 2025 bestemt å tilby ei meir systematisk opplæring av COIL gjennom ein valfri modul knytt til Universitetspedagogikk.

Eksternfinansierte internasjonale samarbeidsprosjekt for auka kvalitet i utdanning

Høgskulen har i perioden 2023-2025 hatt ei positiv utvikling og befesta sin posisjon som aktiv deltakar i internasjonale prosjekt, særleg i verkemiddel knytt til Erasmus+-programmet og Panorama-strategien, men og i andre program som Norec og Nordplus.

Prosjekt innan Erasmus+ blir særleg brukt til å utvikle framtidssretta utdanning og metodikk, i tråd med vår profil og behova i regionen. Det er derfor gledeleg at HVL si deltaking i søknadar har gått frå 19 til 28, der veksten i stor grad er innafor dei store sentraliserte tiltaka som illustrert i tabellen under



Figur 3: Utvikling i talet på søknadar til Erasmus+ sentraliserte tiltak. Kjelde: HVL, interne administrative data.

I perioden 2023-2025 har vi auka vår portefølje av prosjekt innan sentraliserte tiltak med Senter for framifrå fag- og yrkesopplæring (eitt prosjekt), Europeiske lærerakademi (tre prosjekt), Europeiske Universitet (ARTEMIS) og Erasmus+ Kapasitetsbygging (eitt prosjekt).



I 2025 fekk HVL vår første Erasmus Mundus Joint Master (EMJM) i drama og anvendt teater. Dette bidreg til å synleggjere HVL internasjonalt og er eit viktig tilskot til vår veksande portefølje av sentraliserte tiltak i Erasmus. Vidare fekk vi tilslag på to prosjekt i tiltaket Erasmus+ Samarbeidspartnerskap som koordinerande institusjon, innan fagområda fysioterapi og reiselivsleiing. Vi hadde i 2025 best utteljing i Noreg innan sektoren høgare utdanning for dette tiltaket, både i talet på prosjekt og tildelte midlar. I tillegg til prosjekta nemnt over vart vi partner i fem andre Erasmus+ Samarbeidspartnerskap.

HVL deltar i to prosjekt innan Erasmus+ Senter for framifrå fag- og yrkesopplæring (CoVE), eitt i helse-sektoren (EUVECA) og eitt innanfor hydrogen (H2CoVE) som starta i perioden. Dette verkemiddelet er svært relevant for dei kunnskapspolitiske prioriteringane i EU, med kompetanseunionen (Union of Skills) og auka fokus på kompetanse for arbeidslivet. Det vil være ein prioritet å posisjonere nye fagmiljø ved HVL for å lukkast med dette tiltaket.

Innafor Panorama-strategien, har høgskulen fått solid utteljing dei siste åra. I 2024 fekk høgskulen heile seks UTFORSK-prosjekt, fem som koordinator, og i 2025 fekk vi innvilga tre INTPART-prosjekt (eit sentralt verke-middel i Panoramastrategien som bidreg til etablering, bygging og vidareutvikling av strategiske partnerskap av framifrå kvalitet gjennom kopling av høgare utdanning, forskning og innovasjon), alle som koordinator. I begge utlysingane var HVL blant dei med best utteljing i Noreg. Vi lukkast òg i ein søknad til India-Norway Cooperation Programme (INCP2). Det er positivt at vi nå ser fleire fagmiljø som lukkast i å bygge ein portefølje av prosjekt med fleire av desse verkemidla.

Meir fleksibilitet i studietilbodet

Høgskulen har i avtaleperioden prioritert å tilby utdanning til fleire enn berre heiltidsstudentane på campus, noko som har ført til ei gradvis omlegging mot fleire fleksible deltids- og nettilbod for å møte regionale og nasjonale kompetansebehov. Den kraftige veksten i talet på registrerte nettstudentar er eit eksempel på at våre tiltak har hatt god effekt og bidreg til at fleire kan ta utdanning uavhengig av bustad, arbeidstilknytning og livssituasjon.

Framover er det viktig å jobbe vidare med kvalitets-utvikling i desse programma då det er skilnad i pedagogisk tilnærming for nett- og samlingsbasert utdanning i forhold til fysisk undervisning i klasserom. Generelt sett har også fleksible utdanningar ei anna studentgruppe enn tradisjonelle campusutdanningar, med eldre studentar som både har familie og gjerne jobbar i tillegg, noko som kan gjere progresjon og gjennomstrøyming meir krevjande. Ved Handelshøgskulen HVL forskar ein på nettstudenten. Forskinga vert aktivt delt og nytta til vidare utvikling av denne type utdanning.

Tabell 23: Registrerte studentar på ulike undervisningsformer 2022–2025. Kjelder: DBH og Felles Studentsystem (FS).

Utvikling tal registrerte studentar	2022		2023		2024		2025	
	Heiltid	Deltid	Heiltid	Deltid	Heiltid	Deltid	Heiltid	Deltid
Undervisningsorganisering								
Undervisning ved institusjonen	12003	3037	11317	3087	11127	2732	11002	2774
Desentralisert undervisning		204		188		201		115
Nettbasert undervisning	168	1397	163	1728	401	2299	519	2444
Totalt	12171	4638	11480	5003	11528	5232	11521	5333

Universell utforming og tilgjengelegheit

Høgskulen har sidan 2022 arbeidd med tiltak for å forbetre det digitale læringsmiljøet, særskilt knytt til Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø og universell utforming. Arbeidet med universell utforming av IKT fokuserer på å oppfylle lovkrav, implementere brukarvenlege og tilgjengelege løysingar, og bygge kompetanse blant tilsette.

I 2024 fekk høgskulen prosjektmidlar frå HK-dir og har utvikla ein kompetansepakke om universell utforming for studentar på grunnskulelærarutdanninga. 1252 studentar hadde dette som ein del av utdanninga si våren 2025. Evaluering av kompetansepakken vert gjennomført våren 2026.

For å auke tilgjengelegheita på video i undervisninga er det integrert automatisk KI-generert teksting av høg kvalitet i videoplattforma Panopto, som er ein del av Canvas, læringsplattforma ved HVL. Det er ein jamn auke i andelen av videoane i Panopto som blir teksta med den nye løysinga i 2025 samanlikna med året før, men på grunn av manuelle løysingar er det totale talet framleis for lågt. Det er mål om å implementere automatikk i denne løysinga i løpet av våren 2026.

Kunstig intelligens i utdanning

Ved HVL er det gjort fleire undersøkingar om studentane sin bruk av generativ kunstig intelligens (KI) i læringsarbeid. Over 5000 studentar har i løpet av 2023, 2024 og 2025 svart på spørsmål knytt til bruk og haldningar til KI i undervisning og læringsarbeid. Resultata for 2025 viser at studentane brukar KI mykje i studiekvardagen. Tala viser at mesteparten av bruken av KI i læringsarbeid skjer individuelt eller i samarbeid med andre studentar, og ikkje knytt til organisert undervisning. Bruken av verktøya varierer mellom kjønn, fakultet, studieprogram og alder.

Mange studentar opplever KI som eit nyttig og tilgjengeleg verktøy som kan gi støtte, rettleiing og hjelp til å forstå fagstoff breiare og djupare, og som kan inspirere, utfordre og bidra med nye idear som gjer læringsprosessen meir tilpassa den enkelte. Fleire studentar er likevel bekymra for korleis KI vil påverke undervisning og læring i framtida (68 prosent). Nokre studentar fryktar at bruken av KI gir ein illusjon av læring, og andre fryktar at bruken av KI gjer dei mindre sjølvstendige.

I samband med studiestart hausten 2025 vart det også gitt kurs for både studentar og tilsette med introduksjon til KI og korleis nytte KI-verktøy for å støtte læring. To kompetansejevande kurs for tilsette er starta opp hausten 2025, og det er planlagt fleire fellesemne som blir tilbydt både studentar og tilsette i 2026.

Mål 3: HVL er ein samskapande høgskule med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle

Høgskulen har i avtaleperioden arbeidd målretta for å sikre at vi er ein samskapande høgskule med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle. Måloppnåinga blir vurdert som bra, sjølv om utviklinga på aktuelle styringsparameter er litt for stabil i perioden til at vi kan sei oss heilt nøgde. Utviklinga er særleg positiv i høve samskapinga med regionen og regional forankring.

Året rundt arrangerer høgskulen faste og opne møteplassar der studentar, tilsette og lokalt næringsliv møtast og synleggjer jobbmoglegheiter i nærområdet. Det blir utvikla praksisnære utdanningar i tett samarbeid med kommunar, skular og næringsliv. Delte stillingar og hospitering knyter fagmiljøa tettare til praksisfeltet. Høgskulen er aktiv i regionale klynger innan helse og maritim sektor, og held årlege vertskommunemøte for betre campusutvikling, studentbustader, transport og lokale tilbod. Det målretta arbeidet knytt til studentrekruttering også på dei mindre campusane må halde fram. Det same må arbeidet med å sikre eit arbeidsmiljø som fremjar mangfald, inkludering, trivsel, openheit og samarbeid. Sjukefråværet er stabilt og kjønnsbalansen samla er bra, men med store variasjonar mellom fagmiljøa.

Gjennomføring av tiltak for campusutvikling, og realisering av gevinstar

Det har i heile perioden blitt sett i verk tiltak for å sikre god utvikling for alle våre campus. Samordninga av det faglege arbeidet og den eksterne samhandlinga på campusane har blitt betre og høgskulen har styrka sin posisjon som regional og nasjonal møteplass i avtaleperioden. Dette igjen bidreg til regional forankring og profesjonsrelevante utdanningar, men for å lukkast må vi sikre god rekruttering til alle våre campus i åra framover.

Høgskulen har i avtaleperioden arbeidd kontinuerleg med å utnytte potensialet som ligg i at vi er til stades i heile regionen, og styrke rolla vår som ein samskapande høgskule med tett samarbeid med regionale aktørar. Vi har utstrekt samarbeid på kvar campus og på tvers av campusar. Mangfald, høgt fagleg nivå og kultur for samskaping og læring gjer oss til ein føretrakt samarbeidspartnar i dei ulike regionane. Samspelet mellom utdanning og praksisfelt står sentralt. Tiltaka bidreg til levande campusar, regional forankring og profesjonsrelevante utdanningar.

I perioden 2020-2022 vart det ved høgskulen gjennomført eit campusutviklingsprosjekt som hadde som hovudføre mål å gjere høgskulen endå meir attraktiv som studiestad, og styrke samarbeidet med arbeidslivet. Prosjektet avdekkar behov for å samordne det faglege arbeidet på campusane. Som ein konsekvens av dette har ein oppretta campusmøte på kvart campus. Campusmøta er rådgjevande organ for høgskulen si toppleiing og ein koordineringsarena for faglege aktivitetar i fakulteta og ekstern samhandling.

I Sogndal er campus-samarbeidet formalisert gjennom «Eigargruppa campus Sogndal», med vekt på infrastruktur, omdømmebygging og felles møteplassar. I tillegg er bachelor i skulefritidspedagogikk etablert ved campus Bergen, Sogndal og Stord. Planlegginga av den nasjonale nynorske litteraturfestivalen Falturiltu er òg eit døme på tiltak som bidreg til ein levande campus.

Mange arrangement blir planlagde og skjer på alle campusane. Gjennom desse får høgskulen sett viktige tema på dagsorden, vi får formidla kunnskap frå fagmiljøa våre, vi bygger opp under eksisterande samarbeid med eksterne partar og vi får aktivitet på campus. Døme på arrangement er sirkulærdagane der høgskulen saman med eksterne samarbeidspartnarar har merksemd på ein meir klimasmart og miljøvennleg kvardag, som plastbruk, naturtap og klimaangst, teknofiksing og matvinn. I Bergen var Sirkulærdagane ein del av klimafestivalen «Varmare Våtere Villere».

Samtidsdagane på campus Stord har sidan 2009 blitt arrangert som ein årleg møtestad og arena for kunnskap og refleksjon over samtida, for heile Vestlandet. I publikum er det gjerne både studentar, tilsette og samarbeidspartnarar, i tillegg til folk frå heile Sunnhordlands-regionen. Nytt av året er at noko av programmet vert tilgjengeleg for eit større publikum på kveldstid. Vi har eit godt samarbeid med Utdanningsforbundet på Stord,

Folkeakademiet Stord og Stord folkebibliotek, noko som gjer Samtidsdagane til ein arena for eit breitt publikum. I 2025 var tema æreskultur, negativ sosial kontroll, krig i Ukraina, rasisme, skjermbruk, begynnarpplæring og seksualundervisning for barn og unge.

Campus Sogndal har òg vore vertskap for nasjonale fagarrangement med brei deltaking frå UH-sektoren, skule, næringsliv og offentleg sektor, mellom anna innan kunstig intelligens i utdanning. Slike arrangement styrkjer rolla til HVL som regional og nasjonal møteplass.

I januar 2025 starta arbeidet med nybygg i Haugesund. HVL legg på denne måten til rette for utvikling og vekst i Haugesund-regionen, og signaliserer ei tung satsing på Haugesund som forskings- og studieby. Sjå omtale i kapittel 5 om større byggeprosjekt.

I 2025 vart det også bestemt at Høgskulen på Vestlandet og Helse Fonna skal etablere ein felles helsecampus. Den geografiske nærleiken mellom Høgskulen på Vestlandet i Haugesund og Haugesund sjukehus gir eit unikt utgangspunkt for å etablere eit samarbeid for å skape nye moglegheiter og styrkje utdanning, forskning og praksis. Det er stort behov for å utdanne, rekruttere og behalde helsepersonell i regionen i åra som kjem. Målet med Helsecampus Haugesund er å styrke regionen som ein attraktiv utdannings- og arbeidsstad for helsepersonell. Ei tettare samhandling vil òg kunne legge til rette for mellom anna felles fagdagar, felles læringsarenaer og simuleringslæring, felles kursrekke og ein styrka integrasjon mellom utdanning og praksis, slik at Helsecampus Haugesund skal bli eit naturleg førsteval innan utdanning, praksis og forskning for helsepersonell.

Liknande initiativ ser vi kring andre campus. Samarbeidet om Helseklynge i lag med Universitetet i Bergen, Helse Førde, næringslivet og kommunane i regionen er eit svært viktig arbeidsområde for å utvikle campus Førde.

I Artemis alliansen blir det jobba med å etablere eit felles, virtuelt campus. Vi vil få dei digitale systema til å samarbeide, etablere felles utvekslingshubbar for saumlaus utveksling, skape nettverk mellom studentorganisasjonar og samarbeide om tiltak for likestilling, mangfald og berekraft. Fleire grupper, både administrative og vitskaplege, har i 2025 byrja å møtast for å dele praksisar og diskutere samarbeid.

At vi klarar å sikre god studentrekruttering til alle våre campus er det viktigaste suksesskriteriet for å sikre levande campus. Som nemnt under mål 2 er det sett i verk ei rekke tiltak knytt til studentrekruttering. Samla sett er rekrutteringa god, men i perioden 2023-2025 er det nedgang i talet på studentar ved alle andre campus enn Bergen. Tilsette jobbar på tvers av campus, men til trass for vekst i totalt tal studentar, er totalt tal årsverk redusert i tilsvarande periode. Dette er konsekvens av iverksette tiltak som følgje av strammare økonomiske rammer.

Tabell 24: Registrerte studentar per campus 2022-2025. Kjelde: DBH.

Campus	2022	2023	2024	2025
	Studenter totalt	Studenter totalt	Studenter totalt	Studenter totalt
Bergen	10 409	10 418	10 720	11 082
Førde	929	849	773	721
Haugesund	1 726	1 905	1 877	1 776
Sogndal	2 591	2 361	2 390	2 330
Stord	1 154	950	1 000	945
Sum	16 809	16 483	16 760	16 854

Tabell 25: Årsverk tilsette per campus (formell arbeidsstad) 2022-2025. Kjelde: SAP.

Campus	2022	2023	2024	2025
	Årsverk ¹²	Årsverk ¹²	Årsverk ¹²	Årsverk ¹²
Bergen	1 151	1 173	1 118	1 099
Førde	88	87	84	90
Haugesund	179	193	176	169
Sogndal	344	348	347	324
Stord	171	167	154	149
Sum	1 933	1 967	1 879	1 831

Auka omfang av samskaping mellom fagmiljø og med regionen

Utviklinga på denne styringsparameteren er positiv i perioden. Høgskulen har eit utstrekt samarbeid med aktuelle aktørar i regionen mellom anna knytt til praksis, studentoppgåver, forskingsprosjekt, gjennom delte stillingar og hospiteringsordningar, for å møte kompetansebehov, samarbeid kring offentleg sektor-ph.d.-ar og nærings-ph.d.-ar og knytt til ei rekke ulike arrangement. Samarbeidet med Vest-Norges Brusselkontor (VNB) er styrka og HVL Alumni er sett i drift.

Samskapinga med samfunns- og arbeidslivet skjer på ei rekkje arenaer der HVL deltek med relevante fag- og studentmiljø: Innovasjonsuken OPP, som har arrangement i Bergen og Sogndal, er ein arena for aktørar i innovasjonsmiljøet på Vestlandet. Drivprisen er ein “grøn innovasjonpris” som næringsliv og offentleg sektor i Vestland samarbeider om. Marint og maritimt næringsliv er involvert i arrangementet Ocean Young, som knyter studentar innan energi- og havteknologi til

leiande bedrifter i bransjen. I 2025 gjekk høgskulen inn i Vilje helseklynge i lag med Helse Førde, Universitetet i Bergen, Sunnfjord kommune og Sunnfjord Utvikling. Med ein sterk kombinasjon av helse og teknologi som utgangspunkt, er helseklynga ei framtidsretta satsing for å styrke kompetansemiljøa og bidra til verdiskaping i Sogn og Fjordane. I Maritim uke i Haugesund er den maritime næringa i fokus. På slike arenaer blir studentar og fagmiljø kopla med relevant arbeidsliv.



Helse Fonna og Høgskulen på Vestlandet går saman om Helse-campus Haugesund. F.v.: Anders Hovland, Gunnar Yttri, Kenneth Eikset, Kjersti Tollaksen, Else Cathrine Lütcherath Rustad og Siren Eldøy Hinderaker. (Foto: Eirik Dankel, Helse Fonna)

¹² Tabellen viser årsverk knytt til formell arbeidsstad, men både vitskaplege og administrativt tilsette jobbar heilt eller delvis på tvers av campus.

Alle fakultet har delte stillingar eller ordningar med hospitering for tilsette i det arbeidslivet vi utdannar til. Desse ordningane bidreg til at studentane får utdanningar med god kvalitet og solid fotfeste i arbeidslivet, og forskinga ved høgskulen når ut til relevante fagmiljø. I perioden 2023–2025 har til dømes 44 tilsette hospitert i barnehage, skule, kultur- eller idrettsinstitusjonar. Vidare er det tildelt midlar til 22 såkornprosjekt i lærarutdanningsskular og -barnehagar for å styrkje FoU-samarbeid og varig kvalitetsutvikling i samspel mellom teori og praksis.

HVL har fleire forpliktande avtalar som sikrar studentane tilgang til relevante praksisarenaer, samtidig som dei bidreg aktivt inn i utviklinga av tenester lokalt og regionalt. Gjennom desse partnarskapa blir utdanning, forskning og praksisfelt kopla saman på ein måte som gir gjensidig gevinst. Svært mange av våre studentar skriv oppgåver for regionale verksemdar. I tillegg til samskaping bidreg desse med mykje innovasjon til verksemdene. Vi har svært mange forskingsprosjekt og samarbeid som innehar samskaping. Vi bruker også laboratoria og infrastrukturen vår til samskaping.

Ordningane med offentleg sektor-ph.d. og nærings-ph.d. fungerer òg som viktige bruer mellom høgskulen og regionale samarbeidspartnarar. Ved utgangen av 2025 hadde høgskulen totalt seks kandidatar i offentleg sektor ph.d. og to nærings ph.d.-kandidatar. Det er i stor grad kommunar i regionen og lokale eller nasjonale bedrifter som er ekstern verksemd (arbeidsgjevar) i desse prosjekta. Fleire av dei som har fullført doktorgraden, har valt å bli verande på Vestlandet, enten i UH-sektoren – ved HVL eller ved andre institusjonar – eller i relevante stillingar i regionen elles.

Samarbeidet med kommunar og praksisfeltet for å møte regionale kompetansebehov er vidareutvikla. Dette omfattar mellom anna samarbeid med seks kommunar i indre Sogn om rekruttering og organisering av barnehagelærarutdanninga (SognaBLU). I same samarbeid er prosjektet SAMSKAP utvikla, med mål om å samskape ei meir praksisnær og innovativ barnehagelærarutdanning som møter barnehagesektoren sitt behov for kvalifisert arbeidskraft.

Høgskulen deltek òg i partnarskap om kollektiv kompetanseutvikling med eit stort tal skular og barnehagar i regionen, og har ei regional koordinatorrolle for Utdanningsdirektoratet knytt til system for kompetanse- og karriereutvikling for tilsette i barnehage og skule.

Gjennom samarbeid med Vitensenteret ViteMeir i Sogn og Fjordane får studentar òg tilgang til praksis- og læringsarenaer som styrkjer samspel mellom utdanning og regional utvikling.

HVL arbeider aktivt opp mot våre Brusselkontor. I Stavangerregionens Europakontor (SrE) sit HVL som medlem i arbeidsgruppa, mens prorektor for forskning er nestleiar i styret for Vest-Norges Brusselkontor (VNB). HVL har dei siste åra styrka sitt samarbeid med Vest-Norges Brusselkontor (VNB). Vi har mellom anna delteke aktivt i arbeidet med å ferdigstille og få vedteke deira nye strategi og vi har jobba for å operasjonalisere strategien i eit 2-årig arbeidsprogram. Dette bidreg både til å styrke vår stemme inn i nettverket, og til å styrke samarbeidet mellom oss og andre regionale aktørar. I 2025 har det blitt arbeidd fram ei hospiteringsordning hjå Vest-Norges Brusselkontor som blir implementert i 2026. Alle faste tilsette kan søke, og ein medarbeidar pr. semester vil hospitere i Brussel. Målet er å auke HVL sin kompetanse og kapasitet inn mot EU.

Gjennom Artemis har HVL i 2025 arbeidd med å utvikle Levande laboratorium (LL) som arena og metodikk i studia. Målet er å auke graden av samskaping mellom studentar, forskarar og arbeidslivsaktørar, og å knyte studentane tettare til både lokale og internasjonale utfordringar. Vi etablerer to laboratorium, eitt i Sogndal og eitt i Bergen. Som del av etableringsarbeidet vart det òg kartlagt regionale utfordringar knytt til mobilitet på Vestlandet. Kartlegginga resulterte i ein rapport som vil danne grunnlag for framtidige samskapingsprosjekt i laboratoria.

Høgskulen har i avtaleperioden arbeidd med å etablere ei alumni-ordning. I 2025 gjekk HVL Alumni frå testfase til lansering og ordinær drift. Ein rettleiar for utvikling av alumninettverk og alumniarrangement vart lansert og midlar til fagmiljø som ønskte å gjennomføre slike tiltak vart lyst ut. Desse verkemidla gav rask effekt og har bidrege til ei jamn auke i aktivitet gjennom 2025 og inn i 2026. Det har vore alumniaktivitet med fagleg og sosialt innhald ved alle fakultet.

Tiltaka har medverka til aukande engasjement blant vitskapleg tilsette som ønskjer å vidareutvikle alumni-arbeidet innan eigne fagområde, og dei har skapt større deltaking og tilknytning blant alumnane som har fått tilbod om å delta. Dette styrkjer høgskulen sitt nettverk og bidreg til livslang læring, fagleg utvikling og tettare kopling mellom HVL og arbeidslivet.

Arbeidsmiljøet fremjar mangfald, inkludering, trivsel, openheit og samarbeid

Utviklinga på denne styringsparameteren er stabil i perioden. Kjønnsbalansen samla er bra, men variasjonane mellom fagmiljø er framleis stor. Sjukefråværet er også stabilt i perioden. Arbeidsmiljø- og klimaundersøkinga er følgt opp systematisk og fleire tiltak er planlagt.

Likestilling, mangfald og inkludering

Inkludering er ein av dei tre kjerneverdiane i høgskulen sin strategi 2023-2030. Høgskulen arbeider også aktivt med kartlegging og forbetring av arbeidsmiljøet (ARK-undersøkingar). Dette legg eit fundament for at alle kan føle seg velkomne og inkluderte i arbeidsmiljøet.

Høgskulen sin handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering peikar ut kursen og angir kva tiltak vi treng å sette i verk for å oppnå likestilling, mangfaldt og inkludering. Planen er revidert i 2025 og blir vedteken og implementert i 2026. Sentralt i den reviderte planen er å utvikle lokale tiltak basert på lokal kontekst.

I 2025 etablerte høgskulen Etske retningslinjer for rettleiing ved Høgskulen på Vestlandet. Retningslinjer for handtering av konflikter, trakassering, seksuell trakassering og mobbing mellom studentar ved Høgskulen på Vestlandet vart reviderte. Frå før har høgskulen også generelle retningslinjer for både tilsette og studentar knytt til handtering av uønska seksuell merksemd/trakassering.

Kjønnsbalansen har vore stabil over tid. Det er store variasjonar mellom fagmiljøa. Medan fagmiljøa knytt til helse- og sosialfag har stor overvekt av kvinner, har fagmiljøa knytt til teknologi og maritime fag stor overvekt av menn.

Tabell 26: Andel årsverk kvinner 2022-2025. Kjelde: DBH.

Årsverk kvinner (%)	2022	2023	2024	2025
Administrasjonen HVL	58,9 %	59 %	61,4 %	60,7 %
Fakultet for helse- og sosialvitenskap	83 %	82,9 %	82,6 %	82,2 %
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap	34,1 %	33,3 %		
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	67,3 %	67,1 %	66 %	66 %
Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap			37,9 %	38,4 %
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap	45,8 %	45,3 %		
Sum	60,9 %	60,8 %	60,9 %	60,8 %

Ser vi på toppkompetanse (professor, dosent og høgskule- og undervisningsdosent) er bildet mykje det same, med grei fordeling samla sett, men med variasjonar mellom fagmiljøa.

Tabell 27: Andel årsverk kvinner i professor-, dosent og høgskule- og undervisningsdosentstillinger (toppkompetanse) (ikkje inkludert bistillingar). Kjelde: DBH.

Årsverk kvinner (%) toppkompetanse	2022	2023	2024	2025
Fakultet for helse- og sosialvitenskap	64 %	65 %	67 %	62 %
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap	20 %	24 %		
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	68 %	70 %	67 %	66 %
Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap			30 %	35 %
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap	47 %	51 %		
Sum	53 %	55 %	54 %	54 %

Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS) fekk i 2024 tildelt ein million kroner frå Forskingsrådet for å betre kjønnsbalansen i faglege toppstillingar. Prosjektet «Omstilling mot balanse» (OMBAL) har gitt kunnskap om å arbeide med likestilling, kjønnsbalanse og mangfald. Denne kunnskapen har institutta teke med seg inn i arbeidet gjennom eigne handlingsplanar der innspel frå tilsette er tatt med. Dette har så vore grunnlaget for å utforme ein overordna handlingsplan ved FTMS.

Handlingsplanen ved FTMS har peikt på ei rekke tiltak for å betre kjønnsbalansen. Men desse tiltaka er avhengig av ei kulturendring, endringar i utlysingar og tilsetjingar. Det vil derfor ta noko tid før vi ser dei reelle effektane av dette prosjektet. Men det er sett på statistikk frå prosjektet starta i 2023 og fram til 2025 for å sjå tendensen i kjønnsbalansen i denne perioden. Det er viktig å påpeike at her vil små tall gje store utslag, men kvinneandelen har gått opp rundt 10% ved tre institutt og gått ned rundt 6-8% ved to institutt. Så desse tala viser ei generell positiv utvikling ved fakultetet dei siste to åra.

Prisen for likestilling, inkludering og mangfald (LIM-prisen)

LIM-prisen blir kvart år delt ut til fagmiljø, enkeltpersonar eller studentar ved Høgskulen som har gjort ein merkbar innsats for å setje i verk gode tiltak og aktivitetar som fremjar og synleggjer arbeidet med likestilling, inkludering og mangfald.

I 2025 blei prisen delt ut til professor Lise Bjørkhaug Gundersen og førsteamanuensis Trude Bukve. Gundersen arbeider ved Institutt for sikkerheit, kjemi og bioingeniørfag. Ho leier prosjektet “omstilling mot balanse” (OMBAL), som arbeider systematisk med å fremje kjønnsbalanse og endre kultur. Bukve arbeider ved Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking, og fekk prisen for sitt arbeid med studentar med minoritetsbakgrunn.



Årets vinnarar av Prisen for likestilling, inkludering og mangfald var Lise Bjørkhaug Gundersen og førsteamanuensis Trude Bukve

Sjukefråvær

Tabell 28: Sjukefråvær med feriekorrigerings 2022-2025. Kjelde: SAP.

	2022	2023	2024	2025
Sjukefråvær	5,1 %	5,6 %	5,6 %	5,4 %

Høgskulen har rutinar for førebygging, tilrettelegging og oppfølging av sjukefråvær. Sjukefråværet i 2025 var 5,4% (med feriekorrigerings), noko som er ein liten nedgang frå 2023 og 2024. Det er næraste leiar som har ansvar for oppfølging av sjukefråværet i tråd med rutineane, og det blir gitt opplæring og leiarstøtte i arbeidet.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) si oppgåve er å jobbe for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. I 2025 har AMU hatt fem møte. AMU har mellom anna handsama rapportar frå Arbeidsmiljøkartlegginga (ARK), evaluering av verneorganiseringa ved HVL, Handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering, og HMS handlingsplan. Sjukefråvær og oversikt over rapporterte avvik er faste saker på kvart møte.

Arbeidsmiljø- og klimaundersøking

Høgskulen gjennomførte si andre arbeidsmiljøundersøking (ARK) hausten 2024. På bakgrunn av resultatata frå denne undersøkinga er det utarbeidd ein oversiktsrapport med ei samla framstilling av resultatata.

Resultata som kom fram i oversiktsrapporten har saman med handlingsplanane som er utarbeidd på kvar eining, fungert som ein rettleiar i arbeidet med å finne fram til satsingar i det systematiske arbeidsmiljøarbeidet for HVL.

Rapporten viser at vi har behov for å arbeide med å styrke kompetanse og praksis i handtering av konflikthar og utfordrande situasjonar og i korleis ein skal seie ifrå. Det er òg behov for å sjå på korleis ein skal handtere fagleg ueinigheit, slik at det ikkje vert opplevd som diskriminering. Basert på dette vil HVL setje inn følgjande tiltak/utviklingsområde:

- I leiaropplæring blir det viktig å ha fokus på tidleg handtering av konflikthar og å etablere eit godt konflikt-handteringsklima. Dette inneber å ta tak i situasjonar med ein gong og direkte. Vi må gi leiarane verktøy for å handtere konflikthar både når dei observerer situasjonen sjølv, og når dei har fått informasjon om den frå andre. I denne samanhengen må det sikrast at tilsette opplever det som trygt å seie ifrå. Dette vil blant anna bli med inn i program for forskingsleiing, samt i basisopplæring av leiarane.

- Vidare må det bli gjennomført ei forventningsavklaring om kva som er akseptabel åtferd ved HVL. Dette inkluderer definisjonar av kva som blir rekna som trakassering, samt korleis vi skal handtere faglege ueinigheiter. Dette vil gjere det enklare for leiarane å følge opp uakseptabel åtferd. Dette blir med i opplæringa «Ny ved HVL», i tillegg blir E-læring om trakassering til heile organisasjonen.
- Vi må halde fram med å fokusere på tillitsbasert leiing, og vi må sikre gode personal- og medverknadsmøte. Målet er å skape eit arbeidsmiljø og ein leiingsstil som er akseptierende, anerkjennande og verdsettande. Dette vert vidareført i leiaropplæring ved HVL.
- Det vil òg vere behov for å arbeide med vidareutvikling av samarbeidet mellom leiarar og verneteneste og tillitsvalte og leiarar.
- Vi må betre informasjonen om varslingsrutinar, spesielt med tanke på stipendiatar. Det er viktig at all relevant informasjon vert gjort tilgjengeleg i «Ny ved HVL».
- I arbeidet med gode personalmøte og medverkingsarenaer vert det viktig at tilsette forstår si rolle i dette, og i det generelle arbeidet med arbeidsmiljø.

Det er første gong HVL har fått utarbeidd ein oversiktsrapport. Ved gjennomføring av ARK-undersøkinga i 2027 vil vi kunne måle effekten av tiltaka/utviklingsområda.

Rapportering på indikatorar som oppfølging av strukturreforma

Meld. St. 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet – Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren la grunnlaget for ein omfattande reform i UH-sektoren. Høgskulen på Vestlandet vart etablert i 2017, då Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane fusjonerte. I samband med strukturreforma fastsette regjeringa seks mål med tilhøyrande indikatorar.

Tabell 29: Rapportering på overordna gevinstrealiseringssplan for oppfølging av strukturreforma.
Kjelder: DBH, HVL sitt årsrekneskap og Cristin.

Mål og indikatorar	Resultat								Måltal
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2025
Utdanning og forskning av høg kvalitet									
Vitskapleg publisering: publikasjonspoeng per faglege årsverk ¹³	0,54	0,65	0,69	0,73	0,74	0,63	0,63		1,0
Tildeling frå NFR per faglege årsverk (1 000 kr)	42	44	51	60	61	69	76	64	75
Tildeling frå EU per faglege årsverk (1 000 kr)	3	6	5	4	11	15	20	28	12
Andel årsverk i førstestillingar av faglege tilsette (%)	53	56	58	58	59	63	65	69	65
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (skala 1-5)	3,98	3,93	3,91	3,8	3,64	3,81	3,72	3,93	4,2
Talet på doktorgrader	0	1	6	10	15	12	26	30	35
God tilgang til utdanning og kompetanse over heile landet									
Talet på nettbaserte og desentraliserte utdanningar	790	876	927	1724	1769	2079	2901	3078	950
Regional utvikling									
Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per faglege årsverk (1 000 kr)	94	132	138	130	126	143	185	155	130
Verdsleiarande fagmiljø									
Andel internasjonalt samforfattarskap (%) ¹⁴	46	53	60	59	56	54	55		50
Effektiv ressursbruk									
Andel administrative stillingar av totalt tal årsverk (%)	21	23	24	24	23	24	24	24	20

¹³ Resultat 2025 blir publisert i april 2026. Resultat 2024 var 0,63.

¹⁴ Tall for 2025 blir klart i april. Tall for 2024 var 46%. Gjeld artiklar med internasjonalt samforfattarskap, jf Tilstandsrapporten.

Desse måla og indikatorane er i stor grad overlappende med mål og parameter omtalt tidlegare i kapittel 3, og blir derfor ikkje utdjupa i særleg grad her.

Samla sett er høgskulen nøgd med måloppnåinga knytt til struktureforma. Måltala for 2025 vart sett like etter fusjonen i 2017, med noko varierende grunnlag for å kunne sjå så mange år fram i tid. Ser ein resultata for 2025 opp mot 2018, er det positiv utvikling på alle indikatorane bortsett frå andel administrative stillingar av totalt tal årsverk. Særleg positiv utvikling er det knytt til talet på studentar på nettbaserte og desentraliserte utdanningar og eksternfinansiert aktivitet. Aktivitetsnivået innan bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet i 2025 er redusert i høve 2024, men det skuldast delvis at tildeling til vidareutdanning for barnehage- og grunnskulelærarar er overført frå ekstern aktivitet til ordinær drift.

Med omsyn til andel internasjonalt samforfattarskap (artiklar) viser tala for 2024 at vi låg over måltalet for 2025, og høgskulen vurderer måloppnåinga som bra knytt til verdslende fagmiljø. Med omsyn til utdanning og forskning av høg kvalitet er veksten i tildeling frå EU særleg positiv. Resultatet i 2025 syner at høgskulen ligg langt over måltalet, for tildeling frå EU per faglege årsverk. Den jamne veksten av andel førstestillingar av faglege tilsette talar også for auka kvalitet. Sjølv om det er vekst i tildeling frå NFR i perioden gir det redusert måloppnåing at vi ikkje når måltalet for 2025 slik vi gjorde i 2024. Dersom ein ser resultata frå EU og NFR samla (resultat tildeling per faglege årsverk) så er resultatet (92) betre enn måltalet for 2025 (87). I høve disputasar når vi ikkje måltalet for 2025, men ein vekst frå 0 til 30 disputasar, gjer oss likevel fornøgd. Skåren på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten og publikasjonspoeng per faglege årsverk reduserer måloppnåinga, sjølv om det er positivt at skåren på studiekvaliteten har hatt ein svak vekst dei siste fem åra.

I høve administrative årsverk har fokuset etter fusjonen vore å bygge opp ein profesjonell, robust og tenleg administrasjon for å sikre effektiv drift og handtere nye lovkrav på ein god måte. Det har kravd styrking av kapasitet på fleire administrative tenesteområde. Dette har vi gjort utan å svekke forholdstalet mellom vitskaplege og administrative årsverk vesentleg. I perioden har vi hatt eit høgt og stabilt forholdstal på rundt tre vitskaplege tilsette per administrativ tilsett. I 2025 har vi det femte høgaste forholdstalet i sektoren på 2,91, medan det nasjonale snittet er 2,50.

Rapportering på samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Sjå omtale av nybygg Haugesund under Større byggeprosjekt i kapittel 5.

Rapportering på midlar tildelt over andre budsjettkapittel

Kap. 226, post 22 – Nasjonalt prosjekt for lærarrekruttering

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2025 10 mill. kr til å styrkje og vidareutvikle Nasjonalt prosjekt for lærarrekruttering ved HVL. Målet er målretta nasjonale og regionale tiltak for å få fleire lærarar i barnehage og skule i heile landet og eit større mangfald av lærarar. Arbeidet skjer i samarbeid med barnehage- og skuleeigarar, universitet og høgskular, partane i sektoren og studentar.

Det har vore stor aktivitet siste året med å bygge nettverk mellom aktørane der den viktigaste milepålen var å arrangere Seminar for lærarrekruttering i november, der målgruppa var dei som jobbar operativt med studentrekruttering og marknadsføring.

Ulike nettverksarenaer og møte med samarbeidspartar gjennom året har bidrege til erfaringsdeling og til å spreie idear mellom ulike aktørar. Fleire regionar i landet organiserer no regionale arbeidsgrupper som samarbeider lokalt om rekrutteringsarbeidet. Det blir utvikla lokale variantar som spring ut av erfaringar som er formidla gjennom rekrutteringsprosjektet. Forankring hos lokale barnehage- og skuleeigarar er viktig i dette arbeidet.

Informasjonsarbeid er ein heilt sentral del av arbeidet, og tiltak for å styrkje omdømmet til lraryrka er vektlagt. Det er prioritert tre ulike typar tiltak. For det første har det blitt produsert og publisert fleire innhaldsannonser i nasjonale nettaviser. Det andre tiltaket er kampanjevideoar på sosiale medium og som TV-reklame, mens det tredje tiltaket har vore deltaking på utdanningsmesser med profilen «bli lærer».

Ei forskargruppe er knytt til rekrutteringsprosjektet for å styrkje kunnskapsgrunnlaget. Her er fleire studium under arbeid knytt til både det å rekruttere studentar og vidare evaluering av ordninga for studentar som vart tekne opp på dispensasjon frå nivåkrava jf. Rapport knytt til kapittel 275, post 21.

Kap. 226, post 21 og 22 og kap. 231, post 21 – Vidareutdanning for lærarar

I 2025 fekk HVL midlar til å utvikle og tilby vidareutdanning for lærarar, fordelt på kap. 226, post 21 (1 755 000 kr), kap. 226, post 22 (16 607 000 kr) og kap. 231, post 21 (6 594 000 kr). Midlane inngår i innføring av nytt system for kompetanse- og karriereutvikling, og tildelinga for 2025 hadde halvårsverknad frå hausten 2025. Tilboda blir planlagde i tråd med nasjonale prioriteringar, og vidareutdanning finansiert med øyremerkte midlar blir tilbydd utan eigenbetaling.

Ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har vidareutdanningsporteføljen endra seg vesentleg dei siste åra. Mange tilbod har tidlegare vore utvikla og tilbydde på oppdrag, og porteføljen har vorte breiare med fleire fagområde – også praktiske og estetiske fag. Samstundes har finansieringsordning og målgruppe endra seg i takt med innføringa av det nye systemet, der vidareutdanning i større grad skal møte lokale kompetansebehov, rette seg mot ei brei målgruppe i barnehage og skule, og sjåast i samanheng med andre tiltak (til dømes kollektiv kompetanseutvikling). Fakultetet har òg omdisponert ledig kapasitet frå grunnutdanningar til internt finansierte vidareutdanningar, noko som har gjort porteføljen større og meir variert.

Tildelinga på kap. 226, post 22 omfattar òg midlar til vidareutdanning i grunnleggjande lese-, skrive- og matematikkopplæring for kull på semester 3 hausten 2025 (avsluttar våren 2026). HVL har vidare ansvar for vidareutdanningstilbod i norsk teiknspråk saman med NTNU og OsloMet. I 2025 har HVL arbeidd med innføring av tilbod i tråd med nytt system, med oppstart for fleire tilbod frå hausten 2025. Arbeidet har omfatta planlegging av kapasitet og tilbod i samsvar med prioriteringar og samarbeid med regionale aktørar. Løp som starta hausten 2025 blir vidareført i 2026 og utvikling av tilbod i tråd med prioriteringar og behov vil også halde fram.

Kap. 231, post 21 – Styrking av barnehage- lærarutdanninga

HVL fekk i 2025 tildelt 6,2 millionar kroner for å styrkje barnehagelærarutdanninga (BLU). Tildelinga skal bidra til at utdanninga har høg kvalitet, er godt forankra i forskning og er nært knytt til praksisfeltet, i tråd med intensjonane i BLU-reforma. Midlane er nytta til tiltak for å styrkje kvalitet, forskingsforankring og praksisnærheit i barnehagelærarutdanninga. Dette omfattar mellom anna arbeid med å styrkje samanheng i utdanninga og oppfølging av studentar, samt tiltak i samarbeid med

praksisfeltet. Tiltaka blir vidareførte og utvikla vidare i 2026 i tråd med målsettinga om høg kvalitet og tett kopling mellom teori og praksis.

Kap. 275, post 21 – Midlar til evaluering av dispensasjon frå nivåkrav

I 2025 fekk HVL 500 000 kr til å styrkje oppdraget med evalueringa av dispensasjonsordninga for opptak til lærarutdanningar. Tildelinga er sett i samanheng med tildelinga til Nasjonalt prosjekt for lærarrekuttering (kap. 226, post 22). Rapport for evalueringsoppdraget vart oversendt Kunnskapsdepartementet i august 2025, og er publisert på Kunnskap og forskning om lærerrekuttering.

Evalueringa er sett i samanheng med supplerande tildeling som lærarutdanningsinstitusjonane fekk i revidert nasjonalbudsjett 2024, kap. 260, post 50, for å styrke profesjonsnære utdanningar og i denne samanhengen tilby forsterka tiltak knytt til dispensasjon frå nivåkrava. Institusjonane rapporterte om bruken på desse midlane til Kunnskapsdepartementet, og evalueringa er basert på desse rapportane. I tillegg inngår svar på spørjeundersøking frå to mindre utval av lærarstudentar. I evalueringsrapporten blir det peika på tynt datagrunnlag ved tidspunktet for rapportering. Sjølv om rapporten for oppdraget er levert held evalueringsarbeidet fram. Forskargruppa som står bak rapporten vidarefører arbeidet ved å hente inn og systematisere DBH-data, og vil i 2026 arbeide med analyser og formidling av funn.

Kap.275, post21 og kap. 226, post 22 – Forsøksordning for lærarkvalifisering

I supplerande tildelingsbrev nr. 1 til statlege universitet og høgskular, datert 2. juli 2025, tildelte Kunnskapsdepartementet midlar til vidareføring av den nasjonale forsøksordninga for lærarkvalifisering. Tildelinga er gitt over kap. 275, post 21 og kap. 226, post 22, og har som formål å legge til rette for at personar som har påbegynt, men ikkje fullført, tidlegare lærarutdanning kan fullføre utdanninga og oppnå vitnemål innanfor ramma av forsøket. Ordninga er tidsavgrensa og gjeld fram til utgangen av 2026.

Høgskulen på Vestlandet fekk i 2025 tildelt til saman 1,8 mill. kroner, fordelt med 975 000 kroner over kap. 275, post 21 og 825 000 kroner over kap. 226, post 22. Tildelinga inngår i ei samla styrking av ordninga på landsbasis, der fire universitet og høgskular fekk midlar for å understøtte gjennomføringa.

Ved Høgskulen på Vestlandet er forsøksordninga følgt opp gjennom tilbodet Ferdigstilling av påbegynt lærarutdanning. Tilbodet gir tidlegare studentar som har påbegynt fireårig allmennlærerutdanning eller grunnskulelærerutdanning, høve til å fullføre utdanninga gjennom tilrettelagde studieløp. Studentar som blir tekne opp i ordninga, blir registrerte som ordinære studentar og kan søkje stipend og lån frå Lånekassen. Ordninga ved HVL gir deltakarane høve til å delta fram til 31.12.2026, i tråd med rammene fastsette av Kunnskapsdepartementet.

Tal frå DBH syner at det i haustsemesteret 2025 var sju registrerte studentar på dei fireårige grunnskulelærerutdanningane ved HVL. I kalenderåret 2025 vart det uteksaminert sju kandidatar frå dei same utdanningane. Tala gir eit indikativt bilete av aktiviteten knytt til dei fireårige løpa i perioden etter tildelinga sommaren 2025. Vidare utvikling og måloppnåing vil bli følgt opp i takt med at ordninga går fram til 2026 og fleire studentar får høve til å fullføre utdanninga.



Kapittel 4

Styring og kontroll i verksemda

Del 1:

Rapportering om styring og kontroll

Systematisk verksemdstyring


Høgskulestyret har vedteke eit rammeverk for styring og kontroll kalla retningslinjer for verksemdstyring. Formålet med retningslinjene er å sikre at:

- høgskulen arbeider systematisk for å sikre at vi etterlever krav til mål- og resultatstyring
- fastsette mål og krav blir nådd
- mål og forventningar i tildelingsbrevet frå KD blir realisert
- måla i verksemdsstrategien 2023-2030 blir realisert
- styringa tek omsyn til risiko
- styringa er effektiv og føreseieleg

Samanhengane mellom verksemdstyringa i høgskulen og etatsstyringa frå KD er skildra i figuren på neste side.

Dialog står sentralt i styringa på HVL, både i utarbeidinga av styringssignal og prioriteringar frå rektor til linjene (oppdragsbrev) og tilsvarande i oppfølginga (både eigne dialogmøte og i samband med risikovurderingar, oppsummeringar, evalueringar og rapportering).

I 2025 er det gjennomført eit prosjekt om medverknad og styring som skal gje bidrag til den vidare utviklinga av system, struktur og kultur for tilsettemedverknad og styring i Universitetet på Vestlandet. Det skal gje grunnlag for tiltak som kan styrke medverknad i formelle avgjersleprosessar på HVL- og fakultetsnivå, og i saker som gjeld den einskilde tilsette sin arbeidssituasjon. Rapporten frå prosjektet blir følgd opp i ulike organ våren 2026.



Figur 4: Samanhengane mellom etatsstyringa, strategi og verksamdstyring. Overordna rammer. Kjelde: HVL, interne administrative data.

Integrert risikovurdering og vurdering av dei største risikoområda

I retningslinjene blir det stilt krav om å vurdere risikoen for å ikkje nå mål (strategisk risiko), og at risikostyring skal vere integrert i all planlegging, i alle linjer, og på alle nivå. Det blir vidare stilt krav til at risikovurderingar skal vere ein del av den systematiske oppfølginga i rapportar, i dialogmøte, og i arbeidet med saker til rektor og høgskulestyret. Det sentrale er å ha medvit kring risiko og setje inn tiltak for å redusere risiko til akseptabelt nivå. Det at risiko er eit integrert tema i mykje av den systematiske styringa gir rektor og styret jamleg oversikt over risiko, avvik og oppfølgingspunkt knytt til mål, på tvers av linjene.

Det er ein etablert praksis at leiinga på høgskulen om hausten gjennomfører ein systematisk risikoverkstad for å avdekkje dei overordna, strategiske risikoområda for høgskulen for det kommande året og vidare.

Overordna strategisk risiko 2025

Ut frå risikobildet høgskulen hadde ved inngangen til 2025, har vi prioritert tiltak inn mot tre overordna område:

- Å realisere strategiske ambisjonar og mål, og særleg arbeidet for at HVL skal bli akkreditert som universitet.
- Budsjett disiplin og stram økonomistyring, der det å sikre eit langsiktig økonomisk handlingsrom for vidare satsing og utvikling har vore sentralt.
- Posisjonering i ein sektor i endring. Reduserte økonomiske rammer og aukande konkurranse i sektoren har kravd større merksemd på vidareutvikling, marknadsføring og posisjonering av HVL som ein viktig regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsaktør.

Ei overordna vurdering av dei største risiko-områda for å ikkje nå mål i 2026

Det å bli Universitetet på Vestlandet står sentralt i verksemdsstrategien 2023-2030. Det er framleis avdekka fleire risikoområde knytt til utdanning og forskning, og det er avdekt størst risiko for manglande måloppnåing på desse områda:

- Risiko for sviktande studentrekruttering. Sjølv med ei vidare positiv utvikling i 2025 er det framleis risiko knytt til både konkrete profesjonsstudium og dei minste campusane. For låg studenttilfredsheit over tid kan forsterke risikoen.
- Risiko knytt til at utdanningsporteføljen ikkje er berekraftig eller godt nok kopla til forskning og framtidig kompetansebehov.
- Risiko for at høgskulen ikkje har tilstrekkeleg økonomisk berekraft og rett prioritering. Tilstrekkeleg gjennomstrøyming er ein vesentleg, kritisk suksessfaktor.
- Risiko for at høgskulen ikkje hentar ut potensialet for ekstern inntening i forskning og utdanning. Tilstrekkeleg gjennomslag i søknadar om nasjonale og internasjonale forskingsmidlar er ein viktig suksessfaktor.
- Risiko for at forskinga har for låg kvalitet og kvantitet – at det blir publisert for lite og at høgskulen får for lite ut av ressursane.
- Risiko for at balansen mellom det digitale og det fysiske hemmar målet om å ha levande campus.

Risiko blir adressert, konkretisert og følgt opp i den systematiske verksemdstyringa.

Opplegget for styring og kontroll

Internkontroll og -revisjon

Internkontroll er eit linjeansvar og høgskulen er underlagt krav om internkontroll på ulike område. Internkontrollen er dokumentert i handbøker (til dømes HMS-, leiar- og personalhandbok), som er digitalt tilgjengelege for alle tilsette. Ein stor del av internkontrollen er knytt til faglege kvalitetssystem. I 2025 starta NOKUT opp periodisk tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved høgskulen. Arbeidet vil vere ferdig i april og høgskulen vil få tilbakemelding om kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet ved HVL er godt nok og råd til vidare utvikling.

Det er eigne styringsprosessar som følgjer opp dei ulike delane av internkontrollen, og det er ingen indikasjonar på at dette ikkje fungerer som planlagt.

Høgskulen har sidan 2012 hatt eit internrevisjons-samarbeid med Universitetet i Agder (UiA), Universitetet i Stavanger (UiS) og Nord universitet (Nord). Det blir samarbeidd om to årlege, felles revisjonar. Internrevisor legg i tillegg planar for eigne revisjonar internt i HVL. Alle revisjonsplanane er basert på risikovurderingar.

I 2025 har det vore gjennomført to revisjonar i samarbeidet med dei andre verksemdene knytt til reisepolicy, klima og miljø og ansvarleg internasjonalt kunnskaps-samarbeid. I tillegg kjem ein sjølvstendige revisjon om fråfall av studentar frå første og andre studieår på bachelor- og integrerte masterprogram. Revisjonane bidreg til det kontinuerlege forbettingsarbeidet og til å nå fastsette mål.

Samla vurdering

Ut frå rapportar frå internkontrollverksemda, internrevisjonen, eksterne tilsyn og evalueringar er den overordna vurderinga at høgskulen har god styring og kontroll kring det at fastsette mål og resultatkrav blir nådd og at lovar og reglar blir overhaldne. Høgskulen har integrert risikostyringa i styringssystema og -dialogen, og hentar no ut gevinstane av å ha tilsett ein eigen internrevisor.

Omtale av vesentlege tilhøve og eventuelle merknadar frå Riksrevisjonen

Høgskulen har ikkje nokon vesentlege tilhøve vi ønskjer å trekkje fram, og det er ingen vesentlege merknadar frå Riksrevisjonen.

Del 2:

Rapportering på andre føresetnader og krav

Rapportering på fellesføringar frå regjeringa:

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Klimarekneskapen for 2024 syner at vi hadde utslepp på om lag 18 800 tonn CO₂-ekvivalentar (Klimakostmodellen). Dei to største kjeldene til utslepp var indirekte utslepp knytt til leige av bygg og frå tenestereiser. I Handlingsplan for berekraftig utvikling ved HVL 2023 – 2026 er det sett eit mål om å redusere utsleppa med 40 % samanlikna med nivået i 2019 innan 2026 er omme. Ved utgangen av 2024 hadde vi redusert utsleppa med om lag 17 %, eit resultat vi ikkje er nøgde med.

Utslepp frå reiser gjekk ned frå 2023 til 2024, og det skuldast i stor grad at økonomiske innstrammingar reduserte reiseaktiviteten. Det vart gjennomført ei reisevaneundersøking i starten av 2025 som blir brukt som kunnskapsgrunnlag for å utarbeide ein ny reise-policy ved HVL. Utkast til policy skal vere klar i fyrste halvdel av 2026.

Høgskulen har i ei årrekke arbeidd med energiøkonomiserande tiltak og har praktisert deling av arbeidsplassar for å redusere arealbruken og ha ein meir berekraftig arealbruk. Det er også igangsett eit prosjekt knytt til resirkulering av handtørkepapir, som skal kunne redusere restavfallsprosenten vår med 20 % og eit anna prosjekt knytt til å betre kjeldesorteringa. I 2025 vart det også gjennomført skifte av vindauge, skifte til meir effektive lyskjelder, endra rutinar for å redusere varmetap og utskifting av ventilasjonsanlegg på campus Stord.

Statsbygg eig bygga våre og dei har ansvar for vedlikehald av hagar og natur knytt til campusane. Vi er kjend med Rapportar om kartlegging av biologisk mangfald på våre fem campus og vil i 2026 følge opp med Statsbygg korleis dette er ivaretatt.

I 2025 vart campus Bergen og hovudkontoret¹⁵ resertifisert som Miljøfyrtårn, og i 2026 er det campus Førde og campus Sogndal som skal gjennom resertifisering.

Det har ikkje blitt gjennomført konkrete undersøkingar for korleis klimaendringane vil påverke verksemda. Aktuelle område å sjå på er korleis fysisk klimarisiko (risiko knytt til klimaendringar lokalt) påverkar dei ulike campusane:

- Vurdere påverknad av bygningane vi leiger med tanke på alder og vedlikehald, særleg knytt til utfordringar på grunn av økt nedbør.

- Sjå på kor bygningane er lokalisert, til dømes med tanke på flaum
- Når det gjeld tilsette og studentar kan klimaendringar påverke transport til og frå arbeidsplassar/undervisningslokale med tanke på auka risiko for skred-, flaum-, tine- og fryseutsette transportstrekningar

I tillegg har vi grenseoverskridande klimarisiko (risiko knytt til klimaendringar i andre land, som indirekte rammar samfunnet i Norge) som kan påverke oss for eksempel ved auka straumprisar knytt til samanfall med lite nedbør i Norge og lite vind i Europa. Det kan også påverke import av utstyr og kjemikaliar til laboratoria og SimArena, eller andre særleg klimasensitive innsatsfaktorar. Ein annan faktor som kan påverke HVL som ein konsekvens av klimaendringar er dramatisk auke i flyprisar.

Det vart hausten 2025 sett i gong ei evaluering av Handlingsplan for berekraftig utvikling i HVL 2023 – 2026. Alle linjene i høgskulen svarte på evalueringa, og det vil i 2026 bli avgjort om vi skal halde fram med handlingsplanen, eller jobbe med å integrere berekraft på ein annan måte.

Funna frå evalueringa viser at berekraftsarbeidet har blitt styrka i perioden som planen har virka. Men det er behov for å integrere det meir i allereie eksisterande styringsdokument og jobbe meir systematisk med å integrere berekraft i heile verksemda for å sikre at det blir utdanna kandidatar med kompetanse innan berekraft, og at det blir utvikla forskingsbasert kunnskap som kan bidra til å løyse berekraftsutfordringar.

Tilsetjing av personar med funksjonsnedsetjing

Tabell 30: Utvikling søkjarar og tilsetjingar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid/utdanning eller opplæring. Kjelde: jobbnorge.no.

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tal utlysingar	375	452	441	405	226	343
Tal søkjarar	4 529	3 649	3 962	4 515	2 026	5 354
Tal søkjarar som ved søknad har opplyst å ha fråvær frå arbeid/utdanning/ opplæring (hull i CV)	87 (1,9%)	84 (2,3%)	90 (2,3)	117 (2,6%)	64 (2,5%)	117 (2,2%)
Tal tilsetjingar (fråvær frå arbeid/utdanning/ opplæring (hull i CV))	0	0	0	5	1	0
Tal søkjarar som ved søknad har opplyst å ha funksjons-nedsetjing	51 (1,1%)	44 (1,2%)	51 (1,3%)	81 (1,8%)	42 (1,6%)	91 (1,7%)
Tal tilsetjingar (funksjons-nedsetjing)	0	3	1	3	0	2

¹⁵Hovudkontor er ein sertifiseringsmodell utvikla av Miljøfyrtårn.

Det blei lyst ut 343 stillingar i 2025 mot 226 i 2024. Mellom anna den økonomiske situasjonen medførte færre utlysingar i 2024. I 2025 har vi hatt godt med søkjarar til både leiarstillingar, stipendiatstillingar og teknisk-administrative stillingar. Det var i 2025 vekst i søkjarar med påberopt fråvær frå arbeid/utdanning/opplæring og funksjonsnedsetjing, og to blei tilsett.

Høgskulen har erfaring med at tala ikkje gir heile bildet når det gjeld søkjarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Ein del søkjarar ønskjer ikkje å opplyse om dette i samband med søknadsprosessen og ein del søkjarar kryssar av vilkårleg utan å ha kjennskap til kva svaralternativa inneber. Det er iverksett informasjonsiltak i samband med dette, mellom anna ei nettside med informasjon.

Høgskulen har fokus på å overhalde intervjuplikta ovanfor desse gruppene og ser til at minst ein person frå kvar av gruppene blir kalla inn til intervju dersom dei oppfyller kvalifikasjonskrava. Når det gjeld oversikt over tilsette som opplyser å ha funksjonsnedsetjing eller hol i CV-en på annan måte før oppstart eller ved oppstart, blir ikkje dette registrert. Behov for tilrettelegging blir gjennomført i samsvar med Arbeidsmiljølova.

I «Handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering ved Høgskulen på Vestlandet» er det fastsett at målet er å «auke andel av trainee og tilsette med nedsett

funksjonsevne», vidare at det er eit mål å «utvikle og halde på mangfald» og å «inkludere alle tilsette i arbeids- og fagmiljø». Det blir vidare forventat at organisasjonen skal «ha ei aktiv tilnærming til inkluderingsdugnaden og rekruttere tilsette med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hol i CV».

I høgskulen sin «Handlingsplan for berekraftig utvikling i HVL 2023-2026» er det fastslått at *HVL skal vere ein god arbeidsplass og studiestad for personar med ulik arbeids- og funksjonsevne. Vi skal sikre at arbeidet vårt med mangfald, inkludering og likestilling tek omsyn til ulikska- par i arbeidsevne og funksjonsevne for studentar og tilsette, og auke talet på personar i arbeidspraksis, arbeidsutprøving eller tilsvarande tiltak ved HVL kvart år til minst 10 perso- nar, der studentar i praksis kjem i tillegg.*

Høgskulen har hausten 2025 vedteke å ta i bruk «Traineeprogrammet i staten» og opprettar to slike traineestillingar i administrasjonen. Desse stillingane blir lyst ut i løpet av fyrste halvår 2026.

Når det gjeld konkretisering av høgskulen sitt ambi- sjonsnivå for arbeidet med ei positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/ eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring (sitat frå rundskriv frå KD, 2025), vil dette bli tema i møte med dei tillitsvalde i løpet av våren 2026.

Konsulentbruk

Tabell 31: Kjøp av konsulenttenester 2022-2025 (alle tal i heile tusen). Kjelde: UBW.

Konto	Konto (T)	2022	2023	2024	2025
6700	Konsulenttenester innen økonomi og revisjon	297	156	125	197
6701	Konsulenttenester innen juss - juridisk bistand	837	567	1 136	790
6710	Konsulenttenester til utvikling av programvare og IKT-løsninger	10 085	3 790	7 622	5 928
6720	Konsulenttenester til utviklingsutvikling mv.	7 078	1 569	2 289	1 976
6721	Konsulenttenester til rekruttering mv.	278	551	243	178
6722	Konsulenttenester til design, visuell profil mv.	7 207	3 998	2 521	2 785
6725	Konsulenttenester fra kommunikasjonsbransjen			25	
6730	Andre konsulenttenester	2 653	3 805	2 405	4 803
Sum		28 434	14 437	16 366	16 657

Høgskulen hadde i 2025 konsulentkostnader på 16,7 millionar kroner, og ligg dermed på same kostnadsnivå som i 2024. Ein stor del av konsulentkostnadane er knytt til utvikling av programvare og IKT-løysingar. Det gjeld mellom anna 2 mill. kr til drift og utvikling av websidene, 0,8 mill. kr til prosjekt for digital institusjon, 0,3 mill. kr til applikasjon for utveksling og 0,3 mill. kr til utvikling av Kompis.2.0. I tillegg er det brukt 1,8 mill. kr til digital marknadsføring, der om lag 1,2 mill. kr er knytt til design. Dette er arbeid vi tenkjer å gjere meir av sjølv i 2026 og vi ventar difor ein reduksjon i denne kostnaden.

Andre konsulenttenester har auka frå 2,4 mill. kr i 2024 til 4,8 mill. kr i 2025. 1,4 mill. kr av dette kjem frå arrangement knytt til studiestart (artistar, lyd og lys, scene). Dei største utgiftspostane i høve arrangementa er dekkja inn att med billettinntekter. Vi har ikkje bokført kostnader knytt til konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (konto 6725) i 2025.

Rapportering på andre føresetnader og krav:

Større byggeprosjekt under utvikling

Høgskulen har for tida ingen større byggeprosjekt, med investeringskostnad på 300 millionar kroner, under utvikling. Det pågåande byggeprosjektet i Haugesund er omtalt i kapittel 5 under Større byggeprosjekt.

Oppfølging av Strategi for digital omstilling

Strategi for digital omstilling er grunnlaget for vår digitale ambisjon fram mot 2030 - "Klok digitalisering" - vedteken av rektor i 2022. Denne har med noko ulik tyngd i dei seks innsatsområda blitt følgt opp med tiltak også i 2025. Auka merksemd knytt til kunstig intelligens har medført styrka interesse for satsingar både på kompetanseutvikling og teknologibruk i alle delar av høgskulen. Det overordna ansvaret for digitalisering og KI er flytta til prorektor for nyskaping og regional utvikling og IT er reorganisert. Reorganiseringa av IT, og endring av ansvar i HVL-leiinga knytt til digitalisering og KI er begge viktige men ikkje tilstrekkelege grep for vidare risikohandtering. Høgskulen sin digitale ambisjon vil bli revidert i 2026.

Tabell 32: Avsetningar frå KD per 31.12.2025 til andre formål og investeringar (tal i heile tusen). Kjelde: DBH.

Avsetningar til andre føremål og investeringar frå Kunnskapsdepartementet	Bevilgning for 2025 (kr)	Avsetning per 31.12.2025 (kr)	Avsetning per 31.12.2025 (%)
Avsetningar til andre føremål	2 532 011	119 511	4,7 %
Avsetningar til investeringar	2 532 011	298 604	11,8 %
Sum avsetningar frå Kunnskapsdepartementet	2 532 011	418 115	16,5 %

Samarbeidet med andre institusjonar er knytt til den etablerte samstyringsmodellen for fellestenestene, kor vi deltek i to av tre porteføljestyre, samt i nokre underliggende samarbeidsforum knytt til produkt og kompetansedeling både i HK-dir og SIKT. HVL har konstruktiv dialog om både eksisterande og kommande produkt (til dømes Analyseplattformen), og deltek i nasjonalt samarbeid om koordinering av deltaking i EU-nettverk. Høgskulen har som del av sin ambisjon å vere meir aktivt deltakande nasjonalt. Sjå elles omtale under utviklingsavtalen mål 2 (meir fleksibilitet i studietilbodet).

Avsetningar

Totalt avsett av løyvingfinansiert aktivitet frå Kunnskapsdepartementet (KD) utgjør 418 millionar kroner og er delt i inntektsført løyving på 303 millionar kroner og ikkje inntektsført løyving på 116 millionar kroner. Avsett del av inntektsført løyvingfinansiert aktivitet er redusert med 8 millionar kroner.

Av dette er 299 millionar kroner avsett til investeringar og inngår i investeringsplanen for 2026-2029 og omtalt i avsnittet gjennomførte og planlagt investeringar i leiar-kommentar. 119 millionar kroner avsett til andre formål er planlagt brukt til:

- Nasjonalt prosjekt for lærarrekuttering (øyremerka føremål)
- Diverse andre mindre prosjekt til øyremerka føremål
- Strategiske innsatsområde, som for det meste er planlagt til digitalisering
- Universitetssatsinga, retta mot stipendiatar
- Partnerskap i lærarutdanninga

Bidrag frå eksterne som ikkje er nytta på balansedagen (128 millionar kroner) er spesifisert i del II av note 15.

Tabellen under (henta frå note 15) viser dei totale avsetningane frå KD per 31.12.2025 til andre formål og til investeringar.

Årsaken til avsetningane er delt. Det er øyremerka midlar frå Kunnskapsdepartementet som ikkje er gjennomført og investeringar som er planlagt, men skal gjennomførast i seinare år.

Avsetningane er høge, men blir vurdert til å vere på eit hensiktsmessig nivå og i samsvar med høgskulen sin investeringsplan og prognosane som viser redusert løyving og auke i faste driftskostnader framover.

Sikkerheit og beredskap

1. Korleis kartlegg verksemda eigne verdiar og avhengigheiter med omsyn til nasjonal sikkerheit? Om det ikkje er gjennomført kartlegging og vurdering av verdiar og avhengigheiter, kva planar har Høgskulen på Vestlandet for dette arbeidet?

For skjermingsverdige verdiar underlagt sikkerheitslova har høgskulen i dag god kontroll, og omfanget er svært lite. For verdiar underlagt eksportkontroll og sanksjonar er det gjennomført ei kartlegging mot dei mest risikoutsette institutta. På grunn av endringar i regelverket, og for å kvalitetssikre vurderingane og dokumentasjonen, er det planar om å gjennomføre ei ny og breiare kartlegging av dette i 2026. HVL har òg rutinar for internasjonal rekruttering, som sikrar at slike vurderingar blir gjort ved fagmiljø innanfor sensitive fagområde.

Avhengigheiter til nasjonal sikkerheit blir best kartlagt gjennom HVL si overordna ROS-analyse, som vurderer hendingar som ligg innanfor alle tre sikkerheitsområda, inkludert nasjonal sikkerheit.

2. Når reviderte Høgskulen på Vestlandet sist sin ROS-analyse? Kva overordna område er identifiserte som dei med høgast risiko for verksemda?

HVL reviderte sist ROS-analysen i 2025. Område som er forbunde med særleg høg risiko er hendingar som truar liv og helse, som alvorlege trafikkulukker i samband med reise, eller trusselsituasjonar. Det er òg identifisert høg risiko for cyberangrep mot IT-system og personvernbrot i samband med forskning.

3. Beskriv overordna dei viktigaste læringspunkta frå krise- og beredskapsøvingar som er gjennomført i 2025.

HVL deltok på to beredskapsøvingar i regi av Sikt i 2025, der temaet var cybersikkerheit. Eit representativt utval av kriseleiinga, IT, kommunikasjon og andre aktuelle støtteressursar deltok på øvinga. Generelt har vi fått gode tilbakemeldingar på øvingane. Det blir opplevd som relevant og nyttig for deltakarane at vi øver. Gjennom å delta på øvingane har HVL hatt ei positiv utvikling, der både beredskapsleiing og IT har oppnådd relativt god måloppnåing og suksess under øvingane, og det er òg teikn til forbetring for kvar gong. Samtidig har øvingane avdekket ei rekkje utfordringar og svakheiter.

Begge øvingane vart evaluert for å dokumentere øvinga og identifisere læringspunkt. Nokre av dei mest typiske funna er:

- Det er utfordringar med kommunikasjon både internt i dei ulike gruppene, og mellom leiing og IT. Det er mykje improvisering og lite systematikk i kommunikasjonsrutinar. Dette er eit symptom på manglande planverk, trening og opplæring innan beredskapsmetodikk, samt relativt lite erfaring med øvingar og ekte hendingar. Sjølv om hendingshandteringa ofte har vore god, ville den vore betydeleg meir effektiv med betre situasjonsforståing.
- Teknisk utføring av tiltak frå IT har ofte vore på eit godt nivå, men problem med situasjonsforståing, kommunikasjon og koordinering, gjer handteringa mindre effektiv.
- IT har utfordringar med omsyn til kapasitet til å handtere hendingane. Kapasitetsproblem ser ein både personellmessig og teknisk. Det er i dag stor avhengigheit av enkeltpersonar med spesialkompetanse, og framleis ein sårbar situasjon ved fråfall av enkeltpersonar. Både å behalde og rekruttere kompetente tilsette på IT-sikkerheit er heilt avgjerande.
- Hendingane er realistiske og HVL har sårbarheiter som gjer at slike hendingar kan inntreffe hos oss. Øvingane aktualiserer behovet for ei auka satsing på både beredskap og IKT-sikkerheit.

4. Gjer greie for verksemda sitt arbeid med sikkerheitsstyring, inkludert etablering av styringssystem for sikkerheit etter sikkerheitslova, leiarsystem for informasjonssikkerheit og internkontroll for personvern, inkludert korleis desse blir samordna med kvarandre og med verksemdsstyringa elles.

HVL har eit styringssystem for organiseringa av sikkerheit etter sikkerheitslova. Systemet skildrar organiseringa av det førebyggjande sikkerheitsarbeidet, roller, ansvar og rutinar. Det er skriven inn referansar mellom dette og HVL sitt leiarsystem for informasjonssikkerheit, slik at dei heng saman. HVL har i dag god kontroll på områda omfatta av sikkerheitslova, og har rutinar for å ivareta sikkerheitsgradert informasjon, og for autorisering av tilsette som skal ha tilgang til dette.

Informasjonssikkerheit og personvern

Det er gjennomført fleire tekniske tiltak innanfor informasjonssikkerheit det siste året. Først og fremst er dette knytt til verktøy for styring av nettverkstrafikk (brannmur og VPN). Vidare har det vore arbeidd med å utforme eit policy-regime som skal liggje til grunn for modernisering av HVL sitt ledelsessystem for informasjonssikkerheit og personvern. Mellom anna er det arbeidd med policy for personvern og policy for informasjonstryggleik i 2025. Desse vil bidra til at HVL kan definere rollar og ansvar knytt til handsaming av personopplysningar, i tillegg til at det kan bidra til å førebyggje brot på personopplysningstryggleiken samt beskytte dei registrerte sine rettar og fridomar.

I desember vart det gjennomført møte med HK-dir om informasjonssikkerheit og tekniske informasjonssikkerheitstiltak. Dette som del av HK-dir sitt årlege arbeid med å kartlegge tilstanden i sektoren. Her vart det slege fast at HVL har færre ressursar innanfor IT enn verksemdar ein kan samanlikna seg med i storleik og kompleksitet. Vi har likevel ein ryddig struktur og ei velfungerande organisering. Det vart tilrådd nokre tiltak, som vi arbeider vidare med utover i 2026.

Arbeidet med personvern og informasjonstryggleik føreset at det er sett av tilstrekkeleg med ressursar og at arbeidet er organisert på ein tenleg måte slik at vi klarer å etterleve lovkrav i GDPR. I løpet av 2025 er det tilsett ny fagansvarleg for opplæring i personvern og forskningsetikk som vil bistå administrativt og vitenskaplege tilsette. I tillegg har det blitt gjennomført regelmessig digitale møte med kontaktpersonane for personvern og informasjonstryggleik i fakulteta og fellesadministrasjonen med fokus på opplæring og erfaringsutveksling.

Eit viktig tema gjennom 2025 er diskusjon knytt til exit-strategi for å gå vekk frå amerikanske skyleverandørar. Dette er ikkje ei problemstilling som er unik for HVL, snarare eit tema som påverkar heile UH-sektoren. Det er ikkje gjort nokre konkrete vurderingar i 2025, men problemstillinga vil vere relevant også i 2026.

Leigeavtalar

Høgskulen har ikkje inngått nye leigeavtalar i 2025 som overstig 30 millionar kroner i samla forpliktingar. To leigeavtalar på campus Haugesund (Haraldsgata 75 og Karmsundsgata 72) er avvikla.

Regelverkforståing

Høgskulen har fokus på å sikre nødvendig juridisk kompetanse og forvaltningskompetanse slik at vi er i stand til å operere innanfor regelverket og forvalte den myndigheita og det handlingsrommet vi har, både ved tilsetjing og gjennom ulike kompetansehevande tiltak (informasjonsdeling, retningslinjer, webinar mm). Høgskulen har god kunnskap om aktuelt regelverk.



Kapittel 5

Vurdering av framtidsutsikter

Planar for 2026

Verksemdsstrategien til høgskulen er tufta på vår identitet og våre verdiar, og dei tre overordna ambisjonane i strategien er vegval for å løyse samfunnsoppdraget og realisere mål. Ambisjonane er konkretisert i seks strategiske mål, der tre av dei er måla i utviklingsavtalen. Høgskulen skal revidere strategien i samband med utarbeidinga av ny utviklingsavtale, men høgskulestyret har slått fast at dei overordna ambisjonane ligg fast. Måten vi realiserer ambisjonar og mål på er nedfelt i styringssystemet vårt (sjå kapittel 4).

Langsiktige ambisjonar og konkrete prioriteringar for utvikling

Høgskulen har ein profesjons- og arbeidslivsretta profil som er tett kopla til samfunns- og arbeidslivet, og med undervisnings- og forskingsaktivitet på fleire campus på Vestlandet.

Utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet

Ambisjonen handlar om å styrkje kvaliteten (jf. sek-

tormål 1) og om å vere tett på arbeidslivet (jf. sektormål 3). Det er fleire risikoområde som kan påverke ambisjonen negativt (jf. kapittel 4), og for å handtere risikoen arbeider vi systematisk med kvalitet i forskning og utdanning, tiltak for studentrekruttering og gjennomstrøyming, og styrker arbeidet med ekstern inntening. Vi utviklar system og metode kring strategiske prioriteringar i dimensjoneringa av studieporteføljen framover.

I ambisjonane er der eitt mål knytt til forskning og eitt knytt til utdanning. Begge er mål i utviklingsavtalen, og målet om forskning er sett øvst fordi der har vi størst behov for å utvikle oss.

Høgskulen har konkretisert måla i ein policy for forskning (vedteken i 2025), ei plattform og handlingsplan for internasjonalt kunnskapssamarbeid (2025-2030) og ein handlingsplan for inkluderande læringsmiljø og universell utforming (2024-2028).

Ei sterk innovasjonskraft

Ambisjonen handlar om å vere ein viktig aktør i utvikling og innovasjon i tett samarbeid med andre, og om å påverke samfunnsutviklinga, mellom anna for ei bere-

kraftig utvikling (jf. sektormål 2). For å redusere risiko (jf. kapittel 4) blir det arbeidd systematisk med evna til å nå mål og realisere gevinstar. Sentrale verkemiddel er å prioritere samhandling og samarbeid på tvers, og bruk av digitalisering og KI som verkemiddel for utvikling og effektivisering. Universitetsstatus vil gje oss moglegheiter vi må evne å gripe.

Ein ambisiøs samfunnsaktør

Ambisjonen er knytt til å ta ei regional rolle i kunnskaping, og vere til stades og samhandle på fleire campus (jf. sektormål 3). Høgskulen har her eit stort utviklingspotensiale og det er eit mål i utviklingsavtalen knytt til vår regionale rolle. Arealutvikling og strategisk utvikling av infrastruktur får høgare prioritet framover.

Risiko (jf. kapittel 4) blir mellom anna handtert med å prioritere rett balanse mellom det digitale og det fysiske som sikrar nærvær og levande campus, og å prioritere innovasjonsprosjekt der tilsette og studentar samarbeider med partnarar i samfunns- og arbeidslivet for å støtte innovasjons- og kunnskapsmiljø i regionen.

Grunnleggande prioriteringar framover

Prioriteringar for å styrkje fundamentet vi står på, uavhengig av strategiske ambisjonar og mål:

Medverknad

Høgskulen vidareutviklar system, struktur og kultur for medverknad og styring, der studentar og tilsette har eit trygt, inkluderande og stimulerande fag- og arbeidsmiljø. Vi set meir søkjelys på organisasjonskulturen vår, der demokrati og medverknad skal vere ein viktig del av identiteten og styreforma. Vi arbeider etter ein handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering.

Berekraft

Høgskulen held fram arbeidet med langsiktig økonomisk berekraft med handlingsrom for vidare satsing og utvikling. Vår handlingsplan for berekraftig utvikling i tråd med FN sin berekraftagenda blir revidert i 2026.

Intern samhandling og samarbeid

Høgskulen prioriterer å styrke eiga evne til utvikling og omstilling. Leiarutvikling og utvikling av nye arbeidsformer der kompetanse og kapasitet blir brukt på tvers av organisatoriske linjer blir prioritert.

Beredskap

Totalforsvarsåret aukar merksemda på at kvart campus skal bli betre budd på cyber- og desinformasjonsangrep. Vi aukar merksemda framover på vår rolle i den nasjonale kunnskapsberedskapen.

Vurderingar og planar for dimensjonering av utdannings-tilbodet

I 2025 vedtok styret ved høgskulen å etablere to styringsprinsipp for strategiske prioriteringar i dimensjonering av studieporteføljen. Styringsprinsipp 1 er knytt til vurderingar av basisfinansieringa i høve til den samla aktivitetsutviklinga i fakulteta, og vil bli gjort i samband med utarbeiding og evaluering av strategien og periodisk evaluering av studieporteføljen (kvart fjerde år). Styringsprinsipp 2 er primært knytt til vurderingar av tiltak med midlertidig finansiering, og vil bli gjort i dei årlege prosessane knytt til studieporteføljen og årsbudsjett.

Vurderingar knytt til styringsprinsipp 1 vil bli gjort første gang i 2026. Med bakgrunn i rammer, styringssignal og forventningar gjevne av Kunnskapsdepartementet (KD) vil kriterium som KD nyttar i dimensjoneringa bli lagt til grunn for HVL sine vurderingar kring dimensjonering av studieporteføljen. Dette er samfunns- og arbeidslivets kompetansebehov, potensiale for studentrekruttering og studiepoengproduksjon i høve til finansierte studieplassar.

Desse vurderingane vil så bli risikovurdert opp mot høgskulen sitt samfunnsmandat og dei strategiske samanhengar utdanningane står i. Dei fem vedtekne prinsippa for strategisk utvikling av studieporteføljen ved HVL, KD sine rammer, styringssignal og forventningar, forskning og innovasjon og kunnskapsberedskap/fagmiljø vil vere utgangspunkt for risikovurderingar.

Med omsyn til samfunnsbehov vil høgskulen sjå både til tildelingsbrev, utsynsmelding, profesjonsmelding, rammeverk for nye utviklingsavtalar og regionale og nasjonale framskrivingar. I tillegg er det planlagt ei periodisk evaluering av studieporteføljen våren 2026 som skal ha fokus på samfunnets kompetansebehov. Denne vil gi viktige innspel til den strategiske dimensjoneringa av studieporteføljen.

Planar for utvikling av samarbeid med nasjonale og internasjonale aktører

Utvikling av samarbeid med nasjonale aktører

Høgskulen har sidan 2023 hatt eit formelt samarbeid med tre andre fleircampusinstitusjonar, Universitetet i Sørøst-Norge, Universitetet i Innlandet og Nord Universitet (VINST-alliansen). Arbeidet med å styrke finansieringa av fleircampusinstitusjonar held fram, men det er også etablert samarbeid og kontaktpunkt på fleire andre sentrale område som vil bli vidareutvikla i 2026. Det gjeld mellom anna utvikling av utdanningsporteføljen, korleis vi kan styrke institusjonane med høg forskingsaktivitet og «public engagement» og korleis vi kan vidareutvikle det regionale arbeidet og samarbeidet med fagskulane. Det blir samarbeidd om eit rammeverk for å styrkje vår samskapande profil og regionale rolle innan forskning, innovasjon og utdanning. I tillegg vil vi ha meir erfaringsdeling knytt til kunstig intelligens, og då særleg opplæring av studentar og kompetansebygging for tilsette.

Vi samarbeider også med UH-institusjonar og institutt i regionen. Døme på dette er UH-nett Vest og Norge. I tillegg er Energiomstilling Vest også eit viktig samarbeid. HVL har eit tett samarbeid med ei rekke ulike aktører. Det gjeld til dømes kommunar, helseføretak vitensenter, næringsklynger, kunnskapsklynger, næringsforeiningar, katapultar, inkubatorar og fagskular. Desse samarbeida omfattar både praksis, forskning, utdanning, innovasjon og ulike arrangement og vil bli vidareutvikla også i åra framover. Samarbeidet med Vest-Norges Brusselkontor (VNB) vil bli utvikla ytterlegare i 2026.

Utvikling av samarbeid med internasjonale aktører

Artemis-alliansen har EU-finansiering for å utvikle samarbeidet ut 2028. Dette inneber planar for utvikling av vårt regionale samarbeid i form av levande laboratorium, støttetjenester for innovasjon, tilbod om mikrokurs og deltaking i forskningssamarbeid og eksternfinansierte prosjekt. Hovudfokusområde for samarbeidet er regional utvikling og berekraftig mobilitet. Vi vil også utvikle studietilbodet vårt saman med alliansepartnarane i form av «sandwich program», utvekslingstilbod, felles studieprogram, tilsettopplæring og felles forskarskular. Vi opprettar tre, felles forskningssenter med alliansepartnarane med mål om meir forskningssamarbeid, sampublisering og prosjektsamarbeid.

Campusutvikling og større byggeprosjekt

Campusutvikling

Det er gjennomført kartleggingar av arealbruken til arbeidsplassar og undervisningsrom med tanke på å effektivisere arealbruken på fleire campusar. I Sogndal har dette resultert i at vi har starta eit arbeid knytt til å revidere leigeavtalen med ekstern utleigar frå 2026, med mål om redusert areal. Eit liknande tiltak er gjennomført på campus Bergen som resulterte i at to husleigekontraktar med ekstern utleigar vart terminert. I sistnemnde tilfelle innebar dette ein reduksjon av 130 arbeidsplassar. Dekningsgraden på arbeidsplassar på campus Bergen er i 2025 på ca. 87 %. Dette har medført større fokus på sambruk. Det er i samarbeid med Time-Edit utvikla eit reservasjonssystem for arbeidsplassar som er i bruk i Bergen, Førde og Sogndal. For HVL som heilskap er dekningsgraden på arbeidsplassar 94 %. Kartlegging av arealbruk med påfølgande tiltak vil bli gjennomført på campus Førde, Stord og Haugesund i løpet av 2026.

På campus Førde har HVL inngått ein intensjonsavtale med Helse Førde for å utvikle campusområdet på Vie. Som ein del av avtalen blir det foreslått å etablere felles simuleringsarena i Angabygget (Helse Førde). Initiativet og samarbeidet vil styrke det helsefaglege kompetansemiljøet i Førde og samtidig frigjere areal i Vie-bygget for framtidig vekst.

Større byggeprosjekt

Høgskulen har i 2025 starta byggearbeidet med eit nybygg på campus Haugesund som etter planen skal stå ferdig til studiestart i 2026. Nybygget er på litt over 4000 kvm og skal gi plass til både arbeidsplassar, undervisningsrom og laboratorium. Statsbygg har inngått kontrakt med Backe Rogaland AS som totalentreprenør for prosjektet. Som i alle større byggeprosjekt i regi av Statsbygg følger HVL Utretningsinstruksjonen, bygge- og leigesaksinstruksjonen og retningslinjene for behandling av brukarfinansierte byggeprosjekt.

I forprosjektet er det gjort ei vurdering som viser at dagens arealbehov ikkje lar seg dekke innanfor eksisterande bygningsmasse. I tillegg gir nybygget moglegheit for å samlokalisere aktivitetar og fagmiljø, noko som har vært sterkt ønska. Nybygget vil samle SIM-arena og simulatorsenteret for Nautikk, læringsareal og areal til 43 arbeidsplassar. Som ein del av prosessen rundt ny-

bygget er to husleigekontraktar med eksterne utleigarar sagt opp. I eksisterande lokale blir noverande SIM-arena bygt om til lokale for studentorganisasjonane og sosial studentaktivitet. Byggeprosjektet blir forutsett dekkja innanfor noverande bevilgning.



Illustrasjon: HOLON arkitektur / Backe

Budsjett 2026

Dei økonomiske utsiktene til høgskulen er eit resultat av mange faktorar, der nokre er lettare å påverke enn andre. Økonomien, både i Norge og internasjonalt, har vore gjennom ein periode med høg prisvekst og store svingingar i prisar (energi). Inflasjonen, både i Norge og resten av verda, har kome ned på eit tilnærma normalnivå siste året, og rentene har blitt sett ned i takt med dette. Det er likevel framleis mykje usikkerheit knytt til krig, samarbeid/handel/toll og mindre føreseieleg politikk frå store økonomiar. Norge er ein liten og open økonomi, som i stor grad blir påverka av det som skjer i verda rundt oss. Dette påverkar også høgskulen, som er avhengig av eit samspel med samfunnet som vi er ein del av. Større usikkerheit gir mindre føreseielege vilkår og gjer det meir utfordrande å lage treffsikre prognosar og planar.

Økonomien til høgskulen er i stor grad påverka av rekrutteringa til dei utdanningane som høgskulen tilbyr. Etter to år med stor reduksjon i opptakstala på viktige utdanningar snudde trenden i 2024, og dette har halde fram i 2025. Fleire av høgskulen sine utdanningar opplever stor vekst i etterspurnad. I den urolege tida vi er inne i er det mange unge som ynskjer ein trygg jobb for framtida, og HVL har utdanningar som møter dette behovet. Både sjukepleie, økonomi og administrative fag opplever vekst. Auken i studantar vil etterkvart auke inntektene til HVL, men det tek noko tid før effekten av dette viser att i dei årlege løyvingane. Det er usikkert om veksten i opptaktstal i 2025 vil halde fram i åra framover, men Kunnskapsdepartementet forventar at HVL utdannar fleire sjukepleiarar, noko HVL har rigga seg for. Under pandemien brukte KD midlertidige studieplassar

som eit verkemiddel for å auke aktiviteten. Desse studieplassane er no i hovudsak trekt tilbake, og vi er tilbake til normalnivået før pandemien.

Reduserte inntektsrammer, som følgje av lågare resultatinntekter og bortfall av midlertidige studieplassar, gjorde det nødvendig for høgskulen å tilpasse drifta til eit lågare kostnadsnivå. Dette har høgskulen lukkast godt med. Reservar i form av avsetjingar og verksemdskapital gir høgskulen handlingsrom til å gjennomføre satsingar og prioriteringar. Delar av desse reservane vil nyttast til planlagde investeringar i inventar, infrastruktur og utstyr, særskilt i nytt bygg i Haugesund. Korleis resterande handlingsrom best skal nyttast, vil leiinga ved høgskulen legge ein plan for i første del av 2026.

For å auke handlingsrommet til høgskulen ytterlegare innan forskning, utvikling, innovasjon og utdanning er det avgjerande at vi klarar å fylle studieplassane og sikrar betre gjennomføring. I tillegg er eksterne inntekter ein viktig del av totalbiletet, og høgskulen har mål om å auke desse. Eit viktig område for å nå målet om høgare eksterne inntekter er å utvikle tilbodet innan etter- og vidareutdanning.

Høgskulen si tildeling for 2026 over kap. 260 post 50 er 2,539 mrd. kr. Dette er ein realnedgang på 1,8% frå 2025.

Høgskulen sin rammefordelingsmodell ligg til grunn for fordelinga mellom einingane. Det vart innført ny fordelingsmodell frå 2025. Den største skilnaden mellom denne og tidlegare fordelingsmodell er at fleire av einingane blir resultatutsett i ny modell.

I 2025 vart fakulteta skjerma frå realnedgangen som følgje av forventingar om lågare driftskostnader på fleire store kostnadsområde. Vi kan ikkje forvente ytterlegare innsparingar på drift i 2026, noko som betyr at reduserte resultatinntekter og basisfinansiering frå studieplassar slår direkte ut på rammene til fakulteta. Reduserte resultatinntekter rammar i særleg grad Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett som hadde redusert studiepoengproduksjon frå 2023 til 2024. Utfasing av korona-studieplassar reduserer basisløyvinga for Fakultet for helse og sosialvitenskap og Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap. Resultatutsette fellestenester og institusjonsmidlar blir i ny rammefordelingsmodell påverka av endringar i KD-løyving, og vil difor ta noko av reduksjonen. Institusjonsmidlar omfattar husleige, straum og infrastruktur som gjeld heile høgskulen.

Budsjetttrammene skal nyttast i tråd med tildelingsbrevet frå KD, HVL sin strategi 2023 – 2030, utviklingsavtalen med KD, rektor sitt oppdragsbrev til fakultet og einingar og fakulteta sine årsplanar. Her peikar vi særleg på studentrekruttering, gjennomstrøyming, tiltak for å styrkje oss med tanke på å bli og vere eit universitet, regional utvikling og etter- og vidareutdanning. I tillegg er det løyvd strategiske midlar som skal styrke HVL innan forskning.

Tabell 33: Budsjett 2025 og 2026. Kjelde: HVL, styresak, november 2025.

Endring budsjett 2025 til 2026			
Eining	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Endring
Fakultet for helse- og sosialvitenskap	360 059 221	370 363 045	10 303 824
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	456 538 151	449 872 578	-6 665 573
Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap	435 415 865	440 614 705	5 198 840
Fakultetsadministrasjon	84 642 594	86 866 412	2 223 818
Strategisk handlingsrom	15 000 000	12 000 000	-3 000 000
Rekrutteringsstillingar	84 658 000	87 705 688	3 047 688
Fellestenester	285 975 433	305 714 116	19 738 682
Institusjonsmidlar	747 838 763	782 245 030	34 406 267
Reserve	17 645 975	3 878 426	-13 767 549
Sum	2 487 774 000	2 539 260 000	51 485 997



Kapittel 6

Årsrekneskap

Leiarkommentar til rekneskapen 2025

Stadfesting på at rekneskapen er avlagt i samsvar med reglane

Rekneskapen er avlagt i samsvar med reglement for økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og statlege rekneskapsstandardar som gjeld for statleg periodisert rekneskap. Dette er presentert i samsvar med standard oppgjerspakke frå Kunnskapsdepartementet (KD).

Regnskapet gir, etter rektor sin meining, eit rett bilete av resultatet og den økonomiske situasjonen per 31.12.2025.

Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap, og vurdering av økonomisk drift i perioden

Resultatet i 2025 er 6 millionar kroner sjølv om avsetningane i note 15 har auka med 97 millionar kroner. Dette skuldast reduksjon i inntektene frå løyving, fordi avsetningar til framtidige investeringar først blir inntektsført når investeringane blir gjennomført. I budsjettet var det

lagt til grunn at mesteparten av løyvinga for 2025 skulle nyttast til aktivitet i 2025, og då aktiviteten blei utsett, medførte det at tilsvarande del av løyvinga ikkje blei inntektsført. Dermed blei inntekt frå løyvinga lågare enn budsjettert.

Høgskulen sitt totale resultat på 6 millionar kroner er fordelt slik:

- meirforbruk på 13 millionar kroner på ordinær drift.
- periodens resultat på 19 millionar kroner består av resultat frå oppdragsverksemd og er ført mot verksemdskapitalen.

Aktivitetsnivået innan BOA i 2025 er redusert i høve 2024 og skuldast delvis at tildeling til vidareutdanning barnehage- og grunnskulelærarar er overført frå ekstern aktivitet til ordinær drift. Det er og ein reduksjon i inntekter frå NFR. Nedgangen i aktivitet var budsjettert, men faktiske inntekter blei høgare enn budsjettert.

Løn og andre driftskostnader er om lag som for 2024. Ein liten reduksjon i lønskostnader som er forklart i budsjettavviket og auke i andre driftskostnader knytt til leige programvarer (lisensar) og elles generell prisauke.

Avviket i resultat på 59 millionar kroner mellom budsjettert og rekneskap skuldast redusert inntektsført løyving, reduserte løns- og driftskostnader enn budsjettert, og er blant anna relatert til:

- 1 % lågare inntekter enn budsjett. Dette skuldast utsett inntektsføring til Kunnskapsdepartementet på grunn av lågare investeringar knytt til tiltak i investeringsplanen, vesentleg knytt til ombygging og innreiking av lokale. Det er derimot auka inntekter til BOA i høve budsjett.
- Lønnskostnader har eit mindreforbruk. Avviket skuldast reduserte pensjonskostnader og refusjonar frå NAV.
- Reduserte kostnader, hovudsakleg mindreforbruk i høve strategisk handlingsrom og noko på husleige- og reisekostnader.

Den økonomiske situasjonen blir vurdert som tilfredsstillande.

Utvikling i avsett løyvingsfinansiert aktivitet

Høgskulen sine avsetningar for løyvingsfinansiert aktivitet (note 15 del I og III) har auka med 97 millionar kroner fra 31.12.2024 til 31.12.2025, og utgjer 418 millionar kroner. Av dette er 120 millionar kroner avsett til andre driftsføremål og 299 millionar kroner avsett til framtidige investeringar i investeringsplan.

299 millionar kroner avsett til investeringar inngår i investeringsplan for 2026-2029 og omtalt i avsnittet om gjennomførte og planlagt investeringar. 120 millionar kroner avsett til andre formål er planlagt brukt til:

- Nasjonalt prosjekt for lærarrekuttering (øyremerka føremål)
- Diverse andre mindre prosjekt til øyremerka føremål
- Strategiske innsatsområde, som for det meste er planlagt til digitalisering.
- Universitetssatsinga.
- Partnerskap i lærarutdanninga.

Løyvingar og tilskot som er forutsett nytta i seinare periodar, er klassifisert i del III av note 15. Det er presentert som ikkje inntektsført løyving på balansesida i rekneskapen og utgjer 8 millionar kroner til driftsoppgåver og 108 millionar kroner til investeringsformål, totalt 116 millionar kroner.

Bidrag frå eksterne som ikkje er nytta på balansedagen, 128 millionar kroner, er spesifisert i del II av note 15 .

Tabellen under viser dei totale avsetningane per 31.12.2025 og 31.12.2024 splitta i note 15 del I og del III sum inntektsførte løyving og ikkje inntektsført løyving.

	31.12.2025	31.12.2024	Endring
Inntektsførte avsetjingar (note 15 del 1)			
KD - Driftsoppgåver	109 380	112 439	- 3 059
KD - Investeringsprosjekt	190 722	197 114	- 6 392
KD - Andre formål	2 464	1 023	1 441
Andre departement	-	4 706	- 4 706
Sum inntektsførte bevilgningar	302 566	315 282	- 12 717
Ikkje inntektsførte bevilgningar (note 15 del 3)			
KD - Øyremerka midlar til driftsoppgåver	7 667	5 500	2 167
KD - Investeringsprosjekt	107 882	-	107 882
Sum ikkje inntektsførte bevilgningar	115 549	5 500	110 049
Sum note 15 bevilgningsfinansiert aktivitet	418 115	320 782	97 333

Tal i heite tusen

Denne tabellen viser avsetninger til andre formål og investeringar i prosent av total løyving frå Kunnskapsdepartementet.

Avsetninger til andre formål og investeringar fra Kunnskapsdepartementet	Bevilgning for 2025	Avsetning pr. 31.12.2025 i kr.	Avsetning pr. 31.12.2025 i pst.
Avsetningar til andre føremål	2 532 011	119 511	4,7 %
Avsetningar til investeringar	2 532 011	298 604	11,8 %
Sum avsetninger fra Kunnskapsdepartementet	2 532 011	418 115	16,5 %

Tal i heite tusen

Avsetningane er høge, men blir vurdert til å vere på eit hensiktsmessig nivå og i samsvar med høgskulen sin investeringsplan og prognosane som viser redusert løyving og auke i faste driftskostnader framover. HVL har som mål å bli universitet og det er nødvendig med eit økonomisk handlingsrom for å realisere framtidige planar.

Investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

Høgskulestyret vedtek ny investeringsplan for perioden 2026-2029 når rekneskapa blir handsama. Investeringsplan er på 356 millionar kroner og blir vesentleg finansiert av avsetningar i balansen med 299 millionar kroner.

Planlagde investeringar er i hovudsak knytt til ombygging og ny innreiting av lokal, IT-/AV-utstyr, og i tillegg til laboratorie-, forskings- og undervisningsutstyr.

Investeringsplan for brukarutstyr til nytt bygg i Hauge-sund er budsjetttert med 63 millionar kroner og vil i all hovudsak blir gjennomført i 2026. Planen er at nytt bygg skal stå klart til studiestart i august 2026 og ombygd eksisterande areal skal vere klart til studiestart i 2027.

Investeringar for 2025 var budsjetttert med 87 millionar kroner, medan gjennomførte investeringar er på 57 millionar kroner. Differanse mellom budsjettterte og gjennomførte investeringar skuldast at ombygging av leigde lokalar er påbegynt, men forskyvd i tid. Investeringar til IT/AV-utstyr og undervisning-/forskningsutstyr er delvis gjennomført.

Revisjon

Riksrevisjonen er revisor for Høgskulen på Vestlandet

Bergen 12.03.2026

Gunnar Yttri
Gunnar Yttri, rektor

Dato: 12.03.2026

Arvid Hallén
Arvid Hallén, styreleiar

Gunnar Yttri
Gunnar Yttri, rektor

Wenche Kjelås
Wenche Kjelås

Kristine Kopperud Timberlid
Kristine Kopperud Timberlid

Solveig Råheim Grønsdal
Solveig Råheim Grønsdal

Erik Kyrkjebø
Erik Kyrkjebø

Tom Are Trippstad
Tom Are Trippstad

Sissel Rosland
Sissel Rosland

Hege Myklebust
Hege Myklebust

Andrea Grutle
Andrea Grutle

Sander Skogøy Håland
Sander Skogøy Håland

Prinsippnote – SRS

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS).

Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer

Inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres etter prinsippet om motsatt sammenstilling. Dette innebærer at inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres i takt med at aktivitetene som finansieres av disse inntektene utføres, det vil si samme periode som kostnadene påløper (motsatt sammenstilling).

Bevilgning gitt i tildelingsbrev er inntektsført på balansedagen dersom aktiviteten bevilgningen var ment å finansiere er gjennomført selv om det gir et positivt resultat. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver og investeringer som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskapslinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver.

Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskapslinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultateffekt.

Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når den er opptjent. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt.

Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført og ressursene er forbrukt.

Pensjoner

SRS 25 Ytelser til ansatte legger til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming til pensjoner. Statlige virksomheter skal ikke balanseføre netto pensjonsforpliktelse for ordninger til Statens pensjonskasse (SPK).

Vi har resultatført arbeidsgiverandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordningen i SPK var basert på en innskuddsplan.

Fra 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlige virksomheter. Fra 1. januar 2022 betaler virksomheten en virksomhetsspesifikk hendelsesbasert arbeidsgiverandel som del av pensjonspremien. At premien er virksomhetsspesifikk, betyr at den beregnes ut fra den enkelte virksomhets forhold, ikke for grupper av virksomheter samlet. At den er hendelsesbasert, betyr at den tar hensyn til de faktiske hendelser i medlemsbestanden i virksomheten, slik at premiereserven er ajour i forhold til medlemmets opptjening. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendret.

Leieavtaler

Vi har valgt å benytte forenklet metode i SRS 13 om leieavtaler og klassifiserer alle leieavtaler som operasjonelle leieavtaler.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler er varige og betydelige eiendeler som disponeres av virksomheten. Med varige eiendeler menes eiendeler med utnyttbar levetid på 3 år eller mer. Med betydelige eiendeler forstås eiendeler med anskaffelseskost på kr 50 000 eller mer. Anleggsmidler er balanseført til anskaffelseskost fratrukket avskrivninger.

Kontorinventar og datamaskiner og annet IKT-utstyr med utnyttbar levetid på 3 år eller mer er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved endret anvendelse eller utnyttelse, dersom virkelig verdi er lavere enn balanseført verdi.

Egenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av egne ansatte til utvikling av programvare er kostnadsført.

Investeringer i aksjer og andeler

Investeringer i aksjer og andeler er balanseført til kostpris på anskaffelsestidspunktet. Investeringer i aksjer og andeler er vurdert til laveste verdi av balanseført verdi og virkelig verdi. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt.

Aksjer og andeler som er anskaffet med dekning i bevilgning over 90-post og aksjer anskaffet før 1. januar 2003 og som ble overført fra gruppe 1 til gruppe 2 fra 1. januar 2009, har motpost i Innskutt virksomhetskapital avsnitt CI Virksomhetskapital i balanseoppstillingen. Aksjer og andeler som er finansiert av overskudd av eksternt finansiert oppdragsaktivitet, har motpost i Opptjent virksomhetskapital. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmidler/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Beholdning av varer og driftsmateriell

Beholdninger omfatter varer for salg og driftsmateriell som benyttes i eller utgjør en integrert del av virksomhetens offentlige tjenesteyting. Innkjøpte varer er verdsett til anskaffelseskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Beholdninger av varer er verdsatt til det laveste av anskaffelseskost og netto realisasjonsverdi. Beholdninger av driftsmateriell er verdsatt til anskaffelseskost.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Valuta

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert til kursen ved regnskapsårets slutt. Her er Norges Banks spotkurs per 31.12 lagt til grunn.

Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av virksomhetens eiendeler og gjeld. Statens kapital består av virksomhetskapital, avregninger og utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte). Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskapital innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen.

Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler

Avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler viser inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som er benyttet til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Kontantstrøm

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metode tilpasset statlige virksomheter.

Statlige rammebetingelser

Selvassurandørprinsipp

Staten opererer som selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

Statens konsernkontoordning

Statlige virksomheter omfattes av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle innbetalinger og utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens oppgjørskontoer i Norges Bank.

Virksomheten tilføres likvider løpende gjennom året i henhold til utbetalingsplan fra overordnet departement og disponerer en egen oppgjørskonto i konsernkontoordningen i Norges Bank. Denne renteberegnes ikke. Nettobudsjetterte virksomheter beholder likviditeten ved årets slutt.

Resultatregnskap

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	2 442 709	2 506 082
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	213 658	234 798
Inntekt fra gebyrer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	111 746	144 548
Andre driftsinntekter	1	8 909	7 522
Sum driftsinntekter		2 777 022	2 892 950
Driftskostnader			
Varekostnader		0	0
Lønnskostnader	2	1 798 259	1 816 234
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	83 166	95 637
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	0	0
Andre driftskostnader	3	892 099	865 653
Sum driftskostnader		2 773 524	2 777 524
Driftsresultat		3 498	115 426
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	2 465	1 226
Finanskostnader	6	147	28
Sum finansinntekter og finanskostnader		2 318	1 198
Resultat av periodens aktiviteter		5 817	116 624
Avregninger og disponeringer			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	12 716	-87 093
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapital)	8	-18 533	-29 531
Sum avregninger og disponeringer		-5 817	-116 624
Innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Avgifter og gebyrer direkte til statskassen	9	0	0
Avregning med statskassen innkrevningsvirksomhet	9	0	0
Sum innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Tilskudd til andre	10	0	0
Avregning med statskassen tilskuddsforvaltning		0	0
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		0	0

Balance

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2025	31.12.2024
EIENDELER			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Programvare og lignende rettigheter	4	8 870	13 792
Immaterielle eiendeler under utførelse	4	0	0
Sum immaterielle eiendeler		8 870	13 792
II Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	43 618	46 590
Maskiner og transportmidler	5	49 231	56 522
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	144 577	155 006
Anlegg under utførelse	5	0	0
Infrastruktureiendeler	5	0	0
Sum varige driftsmidler		237 426	258 118
III Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	11	992	1 132
Obligasjoner		0	0
Andre fordringer	11A	0	0
Sum finansielle anleggsmidler		992	1 132
Sum anleggsmidler		247 288	273 042
B. Omløpsmidler			
I Beholdninger av varer og driftsmateriell			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	12	0	0
Sum beholdning av varer og driftsmateriell		0	0
II Fordringer			
Kundefordringer	13	28 237	29 287
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	16	5 048	1 281
Andre fordringer	14	43 268	44 856
Sum fordringer		76 554	75 424

	Note	31.12.2025	31.12.2024
III Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	1 101 423	1 069 622
Bankinnskudd for gaver og gaveforsterkninger	17	0	0
Andre bankinnskudd	17	95 776	17 271
Kontanter og lignende	17	0	0
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		1 197 199	1 086 893
Sum omløpsmidler		1 273 753	1 162 317
Sum eiendeler drift		1 521 041	1 435 359
IV Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer			
Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten	9	0	0
Sum fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Sum eiendeler		1 521 041	1 435 359
STATENS KAPITAL OG GJELD			
C. Statens kapital			
I Virksomhetskapi tal			
Innskutt virksomhetskapi tal	8	0	0
Opptjent virksomhetskapi tal	8	203 599	185 066
Sum virksomhetskapi tal		203 599	185 066
II Avregninger			
Avregnet bevilgningsfinansiert virksomhet (nettobudsjetterte)	15 I	302 566	315 282
Sum avregninger		302 566	315 282
III Utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)			
Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	4, 5	246 296	271 910
Ikke inntektsført bevilgning	15 III	115 549	5 500
Sum utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)		361 845	277 410
Sum statens kapital		868 011	777 759

	Note	31.12.2025	31.12.2024
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelser			
Avsetninger langsiktige forpliktelser	19	0	0
Sum avsetning for langsiktige forpliktelser		0	0
II Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld		0	0
Sum annen langsiktig gjeld		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		131 455	130 461
Skyldig skattetrekk og andre trekk		68 857	57 470
Skyldige offentlige avgifter		63 381	61 672
Avsatte feriepenger		161 243	153 336
Ikke inntektsført tilskudd og overføringer (nettobudsjetterte)	15 II	127 594	121 788
Mottatt forskuddsbetaling	16	25 829	32 768
Annen kortsiktig gjeld	18	74 671	100 104
Sum kortsiktig gjeld		653 030	657 600
Sum gjeld		653 030	657 600
Sum statens kapital og gjeld drift		1 521 041	1 435 359
IV Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer			
Ikke utbetalt bevilgning mottatt til tilskuddsforvaltning (nettobudsjetterte)	10B	0	0
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Sum gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer		0	0
Sum statens kapital og gjeld		1 521 041	1 435 359

Kontantstrømoppstilling for nettobudsjetterte virksomheter (direkte modell)

Beløp i 1000 kroner

Kontantstrømmer fra driftsaktiviteter	31.12.2025	31.12.2024	Budsjett 2026
Innbetalinger			
innbetalinger av bevilgning fra fagdepartementet (nettobudsjetterte)	2 532 011	2 473 015	2 529 697
innbetalinger av bevilgninger fra andre departementer (nettobudsjetterte)	0	4 480	0
innbetalinger fra salg av varer og tjenester	104 417	144 817	97 211
innbetalinger av avgifter, gebyrer og lisenser	0	0	0
innbetalinger av tilskudd og overføringer	146 801	160 114	140 630
innbetaling av refusjoner	0	0	0
innbetalinger knyttet til konsortie-/samarbeidsavtaler	0	0	0
andre innbetalinger	149 758	87 118	43 396
Sum innbetalinger	2 932 987	2 869 544	2 810 934
Utbetalinger			
utbetalinger av lønn og sosiale kostnader	1 804 393	1 871 421	1 853 792
utbetalinger for kjøp av varer og tjenester	881 595	833 410	918 746
utbetalinger av skatter og offentlige avgifter	503	188	0
utbetalinger og overføringer til andre statsetater	0	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter	0	0	0
andre utbetalinger	81 109	53 226	23 350
Sum utbetalinger	2 767 600	2 758 245	2 795 888
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter*	165 387	111 299	15 046
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter			
innbetalinger ved salg av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (+)	14	200	0
utbetalinger ved kjøp av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (-)	-57 553	-60 325	-88 613
innbetalinger ved salg av aksjer og andeler (+)	0	0	0
utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler (-)	0	0	0
innbetalinger ved salg av obligasjoner og andre fordringer (+)	0	0	0
utbetalinger ved kjøp av obligasjoner og andre fordringer (-)	0	0	0
innbetalinger av utbytte (+)	0	0	0
innbetalinger av renter (+)	2 465	1 226	0
utbetalinger av renter (-)	-7	-28	-2
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-55 080	-58 928	-88 615

Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter	31.12.2025	31.12.2024	Budsjett 2026
innbetalinger av virksomhetskapital (+)	0	0	0
tilbakebetalinger av virksomhetskapital (-)	0	0	0
utbetalinger av utbytte til statskassen (-)	0	0	0
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	0	0	0
Kontantstrømmer knyttet til overføringer			
innbetalinger fra fagdepartementet til tilskudd til andre (+)	0	0	0
innbetalinger fra andre departement til tilskudd til andre (+)	0	0	0
innbetalinger fra andre virksomheter til tilskudd til andre (+)	0	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter (-)	0	0	0
skatter, avgifter og gebyrer direkte til statskassen (+)	0	0	0
avregning med statskassen vedrørende innkreivingsvirksomhet (-)	0	0	0
Netto kontantstrøm knyttet til overføringer	0	0	0
Effekt av valutakursendringer på kontanter og kontantekvivalenter (+/-)	0	0	0
Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter (+/-)	110 307	52 371	-73 570
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens begynnelse	1 086 893	1 034 521	1 197 199
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens slutt	1 197 199	1 086 892	1 123 630

* Avstemming	31.12.2025	31.12.2024	
avregning av bevilgningsfinansiert aktivitet	-12 716	87 093	
disponering av periodens resultat (til virksomhetskapital)	18 533	29 531	
bokført verdi avhendede anleggsmidler	0	125	
ordinære avskrivninger	83 166	95 637	
nedskrivning av anleggsmidler	0		
avsetning utsatte inntekter (tilgang anleggsmidler)	-57 553	-60 450	
endring i statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	-25 614	-35 436	
endring i ikke inntektsført bevilgning		0	
endring i beholdninger av varer og annet driftsmateriell	0		
endring i kundefordringer	1 050	-482	
endring i leverandørgjeld	994	4 171	
endring i ikke inntektsført tilskudd og overføringer	115 856	-31 462	
effekt av valutakursendringer	0		
poster klassifisert som investerings- og finansieringsaktiviteter	55 221	59 053	
poster klassifisert som kontantstrømmer knyttet til overføringer	0		
endring i andre tidsavgrensningsposter	-13 549	-36 481	
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter*	165 387	111 298	

Prinsipp for bevilgningsoppstilling

Årsregnskapet for statlige forvaltningsorganer med særskilte fullmakter til bruttoføring utenfor statsbudsjettet (nettobudsjetterte virksomheter) er utarbeidet og avlagt etter nærmere retningslinjer i bestemmelser om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsregnskapet er i henhold til krav i bestemmelsene punkt 3.4.1, nærmere bestemmelser i Finansdepartementets rundskriv R-115 og tilleggskrav fastsatt av Kunnskapsdepartementet.

